



Prosjekt prehospitalte tenester Fase I Høyringsutkast rapport



Innleiing

Omgrepet prehospital betyr «før sjukehus». Det handlar då om ambulanse (bil og båt), AMK-sentral, legevakt og luftambulanse/redningshelikopter.

Prosjekt «Prehospitale tenester» skal lage og implementere ein overordna plan for heile det prehospitale området til Helse Førde. Mandatet seier to ting om føremålet:

- 1) *Sikre innbyggjarane gode tenester*
- 2) *Leggje til rette for godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane*

Du sit no med høyringsutkastet til rapport for fase 1 av prosjekt «Prehospitale tenester» på skjermen din eller i handa. Høyringsutkastet inneholder ei oppsummering av arbeidet prosjektet har gjort gjennom haust og vinter 2017/2018. Styret i Helse Førde godkjende høyringsutkastet for utsending 23.03.18.

I dei ulike kapitla vil du mellom anna finne stoff om:

- Kva lover, forskrifter og føringar som gjeld
- Korleis Helse Førde driv tenestene i dag (ambulanse, AMK, luftambulanse, legevakt)
- Kva som er bra og kva som kan bli betre
- Diskusjon om økonomiske realitetar
- Nye mogelegheiter

Prosjektleiar vil på vegner av Helse Førde få seie **TUSEN TAKK** til alle for god innsats, opne diskusjonar og heile vegen godt samarbeid. Det gjeld:

- Prosjektgruppa
- Referansegruppa
- Tilsette i ambulansetenesta, tillitsvalde og verneteneste
- Brukarrepresentantar
- Støttespelarar i Helse Førde-systemet
- Prosjektstøttene frå PWC

Førde 15.03.18

Trine Hunskår Vingsnes

prosjektleiar

Høyringsutkast sluttrapport prosjekt prehospitale tenester

Innleiing	2
1. Formål og bakgrunn for prosjektet	12
1.1 Historikk og styrevedtak.....	12
1.2 Samanheng med andre prosjekt og planar	13
1.3 Mandatarbeid.....	13
1.4 Mål for prosjektet	16
1.4.1 Hovudmål (for alle dei tre fasane i prosjektet)	16
1.4.2 Delmål for alle fasane	16
1.4.3 Delmål for fase 1 av prosjektet (denne rapporten)	17
1.5 Prosjektrisiko	18
2. Interessentanalyse og kommunikasjonsarbeid.....	19
2.1 Føreseieleg prosess og prosjektarbeid	19
2.2 Korleis vi har kommunisert og involvert	19
2.2.1 Dialog med eigar, tilsynsmyndighet og direktorat	19
2.2.2 Brukarmedverknad.....	19
2.2.3 Involvering av interessentar og tillitsvalde.....	20
2.2.4 Kommunikasjonslogg	20
2.2.5 Bruk av inter-/intranett.....	20
3. Særskilt om kommunikasjon og samhandling med kommunane	21
3.1 Deltaking i ulike samhandlingsforsa	21
3.2 Akuttmedisinsk konferanse januar 2018	22
4. Reglar og krav til den prehospitale tenesta	23
4.1 Lovverk	23
4.2 Forskrifter	23
4.3 Delavtalar	24
4.4 Sentrale føringer	24
4.5 Praktisk grensegang mellom helseføretak og kommunar	24
5. Om krav til bemanning, arbeidstidsordningar, stasjonstilhøve og kompetanse i ambulansetenesta.....	26
5.1. Arbeidstidsordningar og vaktplanar	26
5.1.1. Vaktmodellar	26
5.1.1.1. Heimevakt	27
5.1.1.2. Kasernert vakt (tilstadevakt)	27
5.1.2. Krav til avtalar med arbeidstakarorganisasjonane	28
5.1.3. Status for vaktordningar i ambulansetenesta	28
5.1.4. Aktiv versus passiv vakt	29
5.1.5. Signal frå Helse Vest.....	29

5.1.6. Nye mogelegheiter og pågåande prøveprosjekt i bemanning	30
5.1.6.1. Kalenderplan	30
5.1.6.2. Standby-crew	30
5.1.6.3. Vikarpool	31
5.1.6.4. AMK-personale som følgjepersonell på dagbil Førde vekedagar	31
5.2. Stasjonstilhøve	31
5.3. Kompetanse	32
5.3.1. Forskriftskrava for kompetanse	32
5.3.2. Status for kompetanse i ambulansetenesta Helse Førde	32
5.3.3. Ambulanseoppdrag per tilsett i 2017	34
5.4. Rekruttering og stabilitet.....	35
5.5. Oppsummering og tilrådingar.....	36
6. Skildring av dagens prehospitalie teneste i Helse Førde.....	38
6.1. Bilambulanse	38
6.1.1 Stasjonar, døgnambulansar og dagambulansar	38
6.1.2. Aktivitetsstatistikk.....	39
6.1.2.1. Utvikling 2000-2018	39
6.1.2.2. Aktivitet ved ulike ambulansestasjonar	40
6.1.2.3. Fordeling av ambulanseoppdrag over vekedagar, over døgnet og gjennom året.	41
6.1.2.4. Særskilt om sesongvariasjon for ambulanseoppdrag i turistkommunar	43
6.1.3. Tid på oppdrag versus tid i beredskap for bilambulansane	43
6.1.4. Oppsummering bilambulanse	46
6.2. Båtambulanse	46
6.2.1. Aktivitetsdata	46
6.2.2. Oppsummering og tilråding i høve båt.....	48
6.3. Luftambulanse og redningshelikopter	49
6.3.1. Operatørar og bemanning	49
6.3.2. Retningslinjer for bruk av luftambulanse	50
6.3.3. Omkringliggende helikopterressursar	51
6.3.4. Aktivitetstal.....	52
6.3.5. Del avviste og avbrotna oppdrag, årsaker	54
6.3.6. Faktisk tilgjengeleight.....	56
6.3.7. Kva skjer når luftambulansen ikkje kan kome?	57
6.3.8. Oppsummering og tilrådingar i høve luftambulanse/ redningshelikopter.....	58
6.4. AMK Førde (akuttmedisinsk kommunikasjonssentral)	58
6.4.1. Opgåver	59
6.4.2. Aktivitetstal.....	59
6.4.3. Pågående utvikling i høve AMK-funksjonar.....	60
7. Dagens prehospitalie tenester i kommunane	61

7.1. Krav til kommunane i lov og forskrift	61
7.2. Organisering av legevakt og legevakttelefonsentralar	62
7.2.1. Kvitfor kommunane har oppretta større interkommunale legevakter	64
7.3. Spørjeundersøking til kommunane	65
7.3.1. Organisering av daglegevakt.....	65
7.3.2. Organisering av legevakt på kveld/natt/helg	66
7.3.3. Utstyr	67
7.3.4. Andre kommunale helsetenester.....	67
7.3.5. Vegen vidare.....	67
7.4. Legevakt - utrykking ved akuttoppdrag	68
7.4.1 Utrykking på dagsid.....	69
7.4.2. Utrykking på kveld, natt og helg	69
7.4.3. Betraktnigar omkring validitet.....	72
7.5. Avstand til legevakt i Sogn og Fjordane	72
7.6. Førstehjelp, utplasserte hjartestartarar og akutthjelparordningar i Sogn og Fjordane	73
7.6.1. Nasjonal førstehjelpsdugnad: Saman reddar vi liv.....	73
7.6.2. Status for utplasserte hjartestartarar i Sogn og Fjordane	74
7.6.3. Fagleg bakgrunn for akutthjelparordningar	75
7.6.4. Føringar og avtalar i høve akutthjelparordningar	75
7.6.5. Status for akutthjelparordningar i Sogn og Fjordane	76
7.6.6. Akutthjelparordninga i Luster kommune.....	76
7.7. Oppsummering og tilrådingar.....	77
8. Datainnhenting og analysar i prosjektet	79
8.1. Nasjonale kvalitetsindikatorar som gjeld prehospitale tenester	79
8.1.1. Tid frå 113 oppringing til ambulanse er på plassen (responstid)	79
8.1.1.1. Fagleg bakgrunn	79
8.1.1.2. Lovkrav/forskriftskrav/føringar og vedtak som gjeld responstid.....	80
8.1.1.3. Nasjonal kvalitetsindikator: Prosentvis oppfylling av rettleiande responstid.....	81
8.1.1.4. Helse Førde sitt samla resultat for responstid i 2016	81
8.1.1.5 Responstid for ulike kommunar i Sogn og Fjordane i 2016.....	84
8.1.1.6. Tal oppdrag i ulike kommunar der bilambulanse ikkje nådde fram innan rettleiande responstid i 2016.....	87
8.1.1.7. Luftambulanse og redningshelikopter sin del av akuttoppdraga	89
8.1.1.8 Oppsummering og tilråding i høve responstid	89
8.1.1.9 Mogelege kompenserande tiltak når responstida ikkje er ideell	90
8.1.2. Vellukka gjenoppliving etter hjartestans	91
8.1.2.1. Hovudfunn nasjonalt	91
8.1.2.2. Resultat for Helse Førde	92
8.1.2.3. Oppsummering og tilråding	93
8.1.3. HLR starta før ambulansen kjem fram ved hjartestans	94

8.1.3.1. Hovedfunn nasjonalt	94
8.1.3.2. Resultat for Sogn og Fjordane	94
8.1.3.3. Prosjektet si oppsummering og tilrådingar:	95
8.1.4. Tid til besvart anrop 113 i AMK-sentralen	96
8.1.4.1. Resultat nasjonalt og for AMK Førde	96
8.2. Datainnhenting og analysar gjort i prosjektet	97
8.2.1. Responstid luftambulanse og redningshelikopter	97
8.2.2. Brukarundersøking	99
8.2.2.1 Metode.....	99
8.2.2.2 Respondentane	100
8.2.2.3 Funn	100
8.2.2.4 Svake og sterke sider.....	101
8.2.3 Medarbeidarane si vurdering av utfordringsbilete og framtidige prioriteringar	101
8.2.3.1 Metode for å hente inn informasjon	102
8.2.3.2 Oppsummering	102
8.2.3.3.Resultat frå spørjeundersøkinga	105
8.2.3.4. Resultat frå gruppeøvingar	108
8.2.4 Uønska hendingar i dei prehospital tenestene.....	110
8.2.4.1. Bakgrunn.....	110
8.2.4.2. Meldekultur	111
8.2.4.3.Uønska hendingar	111
8.2.5. Samanliknbare helseføretak	114
8.2.5.1 Metode, styrkar og svakheiter	114
8.2.5.2. Nøkkeltal	115
8.2.5.3.Ressursbruk samanlikna med andre føretak	123
8.2.5.4.Responstider for samanliknbare helseføretak – oppsummering	124
8.2.5.4. Hovudfunn og vurderingar	125
8.2.6. Spørjeundersøking i befolkninga om legevakt og ambulansetenesta	125
8.2.6.1 Metode.....	125
8.2.6.2 Funn	125
8.2.6.3 Oppsummering	130
8.2.7. Demografiske utviklingstrekk.....	131
8.2.7.1. Utvikling i folketal samla og per kommune dei siste tiåra	131
8.2.7.2. Framskrivningar	134
8.2.7.4. Oppsummering og tilrådingar demografi:	136
9. Dei prehospital tenestene som del av Helse Førde	137
9.1. Pasientovergangar mellom prehospital og hospital teneste	137
9.1.1. Tidsbruk ved levering av pasientar.....	138
9.2. Grensesnittet mellom Pasientreiser og ambulansetenesta.....	139

9.2.1. Offentleg transport, drosje eller ambulanse?.....	139
9.2.2. Kostnader ved bruk av ambulanse versus drosje eller offentleg transport	140
9.2.3. Helseekspress eller kvite bilar	141
9.3. Organisering	142
9.4. Oppsummering og tilrådingar.....	144
10. Prehospital samhandling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta	145
10.1. Krav og føringer i høve samhandling	145
10.2. Delavtalar om samarbeid	145
10.3. Beredskapsarbeid, status i Sogn og Fjordane	146
10.4. Kva seier forskninga om betydninga av legevakt	147
10.5. Samhandling i kvardagen - styrkar og utfordringar	147
10.6. Oppsummering og vurdering	148
11. Nye mogelegheiter og gode idéar	149
11.1 Ny akuttbil løftar helsetilbodet på Røros.....	149
11.2 Kvite ambulansar/bilar	149
11.3 Akuthjelparar i Skien	150
11.4 Drosjekutt ved Sykehuset Innlandet HF	150
11.5 Bakvakt i legevaktsordninga for Kvam kommune.....	151
11.6. Nye mogelegheiter innan bemanning i ambulansetenesta	151
11.7. Mogeleg legevaktpilot i Sogn og Fjordane	152
12. Økonomi.....	153
12.1. Innleiing	153
12.2. Tenesta i dag	153
12.3. Tilnærming til fastsettjing av økonomisk ramme.....	154
12.4. Kostnadsdrivande faktorar framover	155
12.5. Særskilt om rettleiande responstid.....	155
12.5.1. Mogelegheit for å nå 90 prosent – SINTEF-rapporten.....	156
12.5.2. Styresignal om tilnærming til responstider	156
12.6. Avvikling av heimevakt.....	157
12.7. Kostnadsreduserande faktorar framover	157
12.8. Nokre økonomiske storleikar	158
12.9. Inntektsmodellen.....	158
12.10. Prioritering mellom det hospitale og det prehospitale	159
12.11. Mogelege scenario	159
12.12. Oppsummering og vurdering	160
13. Samla vurdering av status for dei prehospitale tenestene	161
13.1 Gapanalyse	161
13.1.1. Lov og forskriftskrav.....	162
13.1.2.. Delavtaler	163

13.1.3 Nasjonale føringer	163
13.1.4. Samla vurdering	163
14. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved ulike økonomiske scenarier for ambulansetenesta	165
14.1. ROS-analyse	165
14.2 Oppsummering.....	170
15. Vegen vidare	171

Samandrag

Kapittel 1-3 i denne rapporten omhandlar bakgrunnen for prosjektet og særskilt fase 1, korleis mandatet vart utforma og korleis interessentanalyse og kommunikasjonsarbeid har vore gjennomført. Sentrale dokument (mandat, interessentanalyse og risikovurdering) ligg som vedlegg.

Kapittel 4 summerer opp gjeldande krav og føringar for prehospitalte tenester både for helseføretak og kommunar. Her er lover, forskriftskrav, delavtalar og andre føringar. Referanseliste/lekkjer til dei sentrale dokumenta er å finne til slutt i rapporten. Kapittelet er kort, men viktig. Vidare utover i rapporten vil lesaren sjå at vi heile vegen kjem tilbake til kva lover, forskriftskrav eller føringar som gjeld. Dette i skildringa av nosituasjonen for ulike delar av tenestene i kap. 6, 7 og 8, men også til slutt i kapittel 13 der ein finn ei samla vurdering av kvar vi står i dag og i kva grad vi greier å fylle ulike krav.

Kapittel 5 omhandlar bemanning av ambulansetenesta og ulike arbeidstidsordningar. Særleg går det eit skilje mellom heimevakt og tilstadevakt på ambulansestasjon. Rapporten skildrar utfordringane som ligg i å drive ambulansetenester med heimevaksatsordning, men også at det vil vere monaleg kostnadsdrivande å avvikle dette.

Dei tilsette i ambulansetenesta har eit godt kompetansenivå. Mengdetrening målt som tal akuttoppdrag per tilsett kvart år varierer noko mellom stasjonane, men ligg jamt over lågt.

Stasjonstilhøve har mykje å seie for medarbeidarane, og tenesta har fortsatt ein veg å gå for å stette gjeldande krav ved alle stasjonar.

Kapittel 6 inneholder fakta om dagens prehospitalte tenester i spesialisthelsetenesta. Her oppsummerer vi plassering og storleik av stasjonar, dessutan aktivitetsstatistikk for bilar, båtar og helikopter. Samla sett er ambulansetenesta mykje av tida i beredskap. Vel 20 prosent av tida er nytta til oppdrag. Aktiviteten varierer mykje mellom stasjonane imellom.

Forbruket av båtoppdrag har gått kraftig tilbake dei siste 20 åra, og aktiviteten er låg. Prosjektet tilrår ei eiga saksutgreiing i høve organisering av båtambulanse i område nord – Flora, Bremanger og Vågsøy.

Forbruket av luftambulansetenester i høve folketal er høgt her i fylket samanlikna med andre delar av landet, og tilgangen er svært god. Ein liten del av oppdraga må avbrytast pga. værtihøva.

Kapittel 7 inneholder fakta om kommunane sine prehospitalte tenester samt plassering av legekontor og legevakter i fylket. Aktivitetsstatistikken viser at det er svært varierande i kva grad det førekjem utrykking av legevaktslegar ved akuttoppdrag slik forskrifta krev. I nokre kommunar rykker legane ikkje ut, i andre skjer dette som

regel. Fleire kommunar manglar utstyr (bil, akuttutstyr osb.) for utrykking. I varierande grad finn ein utplasserte hjartestartarar i kommunane, men alle har. Få kommunar har etablert akutthjelparordningar, men i einskilde kommunar fungerer det godt.

Kapittel 8 gjer opp status for mange relevante kvalitetsmål for tenestene. Nokre hovudfunn:

- I høve responstid ligg ambulansetenesta i Helse Førde samla sett på landsgjennomsnittet, men når ikkje den nasjonale målsetjinga i fleire av kommunane. For mange av kommunane tek luftambulansane unna mange oppdrag årleg, men dette viser ikkje att i statistikken. Prosjektet vurderer resultata for responstid som forsvarlege og gode.
- I høve resultata for vellukka gjenoppliving ved hjartestans og oppstart av HLR (hjarte-lungeredning) før ambulansen kjem til, finn prosjektet forbetringspotensiale og tilrår tiltak.
- AMK-sentralen har gode resultat.
- Responstid for luftambulanse og redningshelikopter er gode, og det er få situasjonar der helikopteret ikkje kan rykke ut.
- Oppsummering over uønska hendingar viser ulike utfordringar i høve mengdetrenings, samhandling med kommunane m.m.
- Brukarundersøkinga viste at pasientane stort sett er nøgde med ambulansetenestene dei hadde fått.
- I spørjeundersøkinga til publikum framkom at folk gjennomgåande føler seg trygge på å få hjelp frå ambulanse og legevakt, men det er noko variasjon.
- Ei omfattande medarbeidarundersøking fekk fram mange synspunkt på arbeidsmiljø, satsingsområde, utfordringsbilete m.m.
- I samanlikning med ambulansetenestene til andre føretak, finn prosjektet at Helse Førde brukar meir ressursar enn dei andre i høve tal innbyggjarar og tal oppdrag.

Kapittel 9 omhandlar samspelet mellom dei prehospitalte tenestene og sjukehusa, særleg overgangen ambulanse-akuttmottak/sjukehusavdeling. Rapporten omtalar også mogelegheitene for betre samarbeid og tettare organisering mellom ambulansetenesta og Pasientreiser.

Kapittel 10 handlar om samhandlinga mellom Helse Førde og kommunane. Prosjektet finn at mykje fungerer godt, men at her også er fleire utfordringar å ta tak i.

Kapittel 11 presenterer mogelegheiter for nye og smartare måtar å drifta tenesta på. Idéane er henta frå andre stader i landet.

Økonomiske realitetar og ulike vurderingar omkring prioriteringar framover er presenterte i kapittel 12. Dei prehospitalte tenestene er finansierte via rammeoverføring frå Helse Vest. Helse Førde har hatt monaleg kostnadsvekst innanfor det prehospitalte området over fleire år, og i budsjett 2018 brukar Helse

Førde nær 20 millionar meir til drifta enn denne ramma. Ulike økonomiske scenario framover ligg til grunn for risikoanalysane i kapittel 14.

Kapittel 15 peikar framover, og prosjektet peikar her på aktuelle tema for vidare arbeid i fase 2. Start for neste fase er planlagt til hausten 2018.

1. Formål og bakgrunn for prosjektet

1.1 Historikk og styrevedtak

Styret i Helse Førde HF bad i 2013 administrasjonen utarbeide ein samla plan for dei prehospitale tenestene i Sogn og Fjordane. Ei prosjektgruppe la i oktober 2014 fram rapporten «Målbilete og modell for ambulansetenesta i Helse Førde 2015-2025», men saka vart den gong trekt før styrebehandling, mellom anna fordi NOU «Først og fremst» (9) samt ny akuttmedisinforskrift (7) var venta i 2015.

Våren 2016 initierte styret i Helse Førde HF eit nytt arbeid knytt til dei prehospitale tenestene, då avgrensa til kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund (HAFS). I dette arbeidet vurderte ein både bil- og båtambulansetenesta i området. Prosessen vart gjennomført med deltaking frå kommunar, brukarar og interne ressursar.

Styret gjorde følgande vedtak i styremøte 18. november 2016 (styresak 065/2016) (1):

- 1. Bilambulansetenesta for kommunane Askvoll og Fjaler vert stasjonert i Dale.*
- 2. Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.*
- 3. Styret ber adm. direktør legge fram ei sak med framlegg til prosess for heile det prehospitale området i Helse Førde, tilpassa den økonomiske ramma.*

I styremøte 06.06.2017 handsama styret oppfølgingssaka til punkt 3 frå vedtaket i november 2016 (styresak 046/2017)(2). I styrets konklusjon heiter det:

“Helse Førde set i verk prosess for å avklare det prehospitalte tenesteområdet. Prosessen krev utstrakt deltaking frå eksterne interesser og klare økonomiske rammer. Mandat for arbeidet skal leggast fram i neste styremøte.”

Styret i Helse Førde HF vedtok i styresak 068/2017 (3) mandatet for fase 1 av prosjektet «Prehospitalte tenester» 12. september 2017 (vedlegg 1).

1.2 Samanheng med andre prosjekt og planar

Prosjektet «Prehospitalte tenester» er ein del av utviklingsprogrammet «Pasientens helseteneste» i Helse Førde HF. Føretaket skal etablere «Pasientens helseteneste» som er samordna og tilpassa pasientens behov, og der pasienten har så stor medverknad som mogeleg. Pasienten skal oppleve å vere likeverdig i møtet med helsetenestene, og få trygge, samordna og effektive tenester av høg kvalitet.

«Verksemndsmessig utviklingsplan 2015-2030» for Helse Førde HF omtalar det prehospitalte området som fagleg og økonomisk krevjande. I somatikken sitt vedlegg til utviklingsplanen er det skildra tiltak for planperioden knytt til dei prehospitalte tenestene. Når det no blir laga ein samla plan for det prehospitalte området, får prosjektet mynde til å vurdere desse tiltaka og føreslå nye tiltak for å oppnå måla. Verksemndsmessig utviklingsplan skal rullerast i 2018, og arbeidet med prehospital plan inngår i dette arbeidet.

Planen for det prehospitalte området i Helse Førde HF må vidare sjåast i samanheng med plan for dei prehospitalte tenestene i Helse Vest RHF.

1.3 Mandatarbeid

Styret i Helse Førde HF gav i styresak 068/2017 (3) tilslutnad til at prosessen med å utvikle og implementere ein plan for heile det prehospitalte området skal gjennomførast i tre fasar:

1. Hausten 2017: Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt fem månader: Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår.

2. Vår 2018: Fem månader: Detaljering av modellar.

3. Haust 2018 – 2019 12- 36 månader: Implementering av vald modell.

Ei breitt samansett arbeidsgruppe (sjå tabell 1.1. nedanfor) utarbeidde i august/september 2017 eit utkast til mandat for fase 1 av prosjektet.

Tabell 1.1: Mandatarbeidsgruppa til prosjekt Prehospital plan fase 1

Trine Hunskår Vingsnes	Direktør kir. klinikk, prosjektleiar
Robert Brennersted	Avdelingssjef AAM
Stian Sægrov	Ambulansesjef
Vidar Vie	Spesialrådgjevar
Olav Hesjedal	Direktør medisinsk klinikk
Elisabeth Andersen	Foretakstillitsvalgt Delta
Leif Johnny Fjellro	Tillitsvalgt Fagforbundet
Hans Jacob Westbye	Foretakstillitsvalgt DnLF (OVLF)
Arthur Norevik	Klinikktillitsvalgt NSF
Berit Hornnes	foretaksverneombod
Solfrid Fossberg	brukarrepresentant
Audun Norevik	brukarrepresentant
Stein Helle	Kommunalsjef Askvoll kommune
Vivian Kvam	Leiar Sogn lokalmedisinske senter

Kommunikasjonsavdelinga i Helse Førde HF bidrog i arbeidet med interessentanalyse (vedlegg 2) og kommunikasjonsstrategi. Kommunikasjonsarbeidet er omtala i kapittel 2. Arbeidsgruppa hadde også ekstern bistand av konsulentar frå PWC for å kvalitetssikre arbeidet.

Mandatet vart godkjent av styret i Helse Førde 12. september 2017 (styresak 068/2017)(3) og i programstyret til programmet «Pasientens helseteneste» 10. oktober 2017.

Mandatet i sin heilskap finst i vedlegg 1.

Prosjektgruppe og referansegruppe vart sett saman i dialog med dei viktigaste samarbeidspartane og interessentane. Tabell 1.2. og 1.3. nedanfor viser samansetjinga av gruppene:

Tabell 1.2.: Projektgruppe Prehospital plan fase 1

Trine Hunskår Vingsnes	Direktør kir. klinikk, prosjektleiar
Robert Brennersted	Avdelingssjef Avd. for akuttmedisin (AAM)
Stian Sægrov	Ambulansesjef
Ove Johan Haugerøy	Koordinerande verneombod ambulansenesta
Leif Johnny Fjellro	Tillitsvald Fag forbundet
Audun Nedrebø	Brukarrepresentant, leiar brukarutvalet
Daniel Søvde	Tillitsvald Delta
Ronny Cassels	Fastlege/legevaktslege Flora kommune
Kjell Idar Dvergsdal	Kommunalsjef Gaula, KS-repr. Sunnfjord
Jeanette Jensen	Kommunalsjef Vågsøy, KS-repr. Nordfjord
Stein Helle	Kommunalsjef Askvoll kommune, KS-repr. HAFS
Vivian Kvam	Leiar Sogn lokalmedisinske senter, KS-repr. Sogn
Tom Ole Dyrstad	Seksjonsleiar akutmottak FSS
Terje Olav Øen	Beredskapssjef
Stig Igland	Samhandlingssjef
Vidar Øvrebø	Avd.sjef Pasientreiser
Vidar Vie	Spesialrådgjevar

Tabell 1.3: Referansegruppe Prehospital plan fase 1

Trine Vingsnes, dir. kir. klinikk	Prosjektleiar Helse Førde
Linda Svori, ass. Fylkeslege	Fylkesmannen i S&Fj
Arild Østergaard, spesialrådgjevar	Prehospital klinikk Oslo Universitetssykehus
Steinar Olsen, avd.dir. avd. med. nødmeldetjeneste	Helsedirektoratet
Terje Brandsøy, dagleg leiar	Alarmsentralen i Sogn og Fjordane
Håvard Stensvand, fylkesberedskapssjef	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Ingvill Skogseth, seniorrådgjevar	Helse Vest

Hanne Klausen, klinikkdirktør	Helse Bergen
Anne Stubdal, fastlege	PKO (praksiskonsulent) i Helse Førde

1.4 Mål for prosjektet

1.4.1 Hovudmål (for alle dei tre fasane i prosjektet)

Prosjektet «Prehospitale tenester» har som mål å lage og implementere ein overordna plan for heile det prehospitale tenesteområdet innanfor grensene til Helse Førde, i tråd med føremålet.

1. Tiltrå og implementere ei løysing for dei prehospitale tenestene til Helse Førde HF, knytt opp mot dei faglege føringane og gjeldande regelverk som ligg til grunn for det prehospitale tenesteområdet, samt dei økonomiske rammene som gjeld for helseføretaket. Prosjektet skal vidare avklare kva driftsform som best oppfyller mål og føremål. Dette arbeidet inkluderer ei vurdering av lokalisering, flåtestyring, utstyr, bemanning og kompetanse.
2. Gjennomgå, konkretisere, tilrå og operasjonalisere framtidig ansvar, samarbeid, organisering og samhandling mellom Helse Førde HF og kommunane i den akuttmedisinske kjeda, i tråd med akuttmedisinforskrifta (2015).
3. Gjennomgå, konkretisere, tilrå og operasjonalisere det framtidige pasientforløpet mellom helseføretaket sine prehospitale tenester og kliniske avdelingar i Helse Førde HF.

Kvar av desse tre fasane har sine delmål som til saman vil byggje opp om hovudmålet. Mandatet som styret godkjente 12. september 2017, omhandla fase 1 av prosjektet. Alt prosjektarbeid og denne rapporten fokuserer difor på fase 1 med sine delmål. Detaljert mandat med delmål for fase 2 og 3 vil bli utarbeidd på eit seinare tidspunkt.

1.4.2 Delmål for alle fasane

1. Etablere eit prosjekt som har ei tydeleg leiing, som i starten av prosjektet avklarar forventingar til prosjektdeltakarane, og som har klare reglar for korleis usemje i prosjektgruppa skal handterast.

2. Sikre ei god plattform for open og tillitsfull dialog med kommunane i fylket, slik at Helse Førde HF og kommunane kan einast om primære ansvarsområde i den akuttmedisinske kjeda.
3. Sikre ein jann og god kommunikasjon i prosjektet "Prehospitalenester" til tilsette, kommunar, eigar og befolkninga i fylket elles.
4. Sikre involvering frå brukarar og innspel frå innbyggjarar elles.

1.4.3 Delmål for fase 1 av prosjektet (denne rapporten)

5. Gje ei kort skildring av dagens prehospitalenestertilbod; kvalitativt og kvantitativt.
6. Avklare premissar og rammevilkår for det prehospitalenestertilboden.
7. Gjennomgå bemanningsmodell ved ambulansestasjonane som tek omsyn til kompetansekrav, arbeidsturnus, rekruttering, tilstrekkeleg mengdetrening og mogelegheit for auka stadleg leiing, då vurdert opp mot nasjonale faglege føringer.
8. Saman med leiinga i Helse Førde HF definere korleis ulike kriterium for val av framtidig basestruktur skal vektast (eksempelvis økonomiske rammer, risiko for samtidskonfliktar, faglege normer, regionale føringer, gjeldande regelverk, lokalt nærvær m.m.).
9. Identifisere minst to sjukehudsdistrikt det er relevant å samanlikne seg med, for å kunne samanlikne eksisterande ressursbruk og kvalitettparameter i desse distrikta med tilsvarande data frå dei prehospitalenestene i Helse Førde HF. Særskilt vurdere korleis ny teknologi eventuelt kan bidra til å vidareutvikle dei prehospitalenestene.
10. Gjennomgå og konkretisere ansvar, samarbeid, organisering og samhandling mellom Helse Førde HF og kommunane i den akuttmedisinske kjeda, i tråd med akuttmedisinforskrifta (2015).

11. Identifisere eventuelle flaskehalsar i det akuttmedisinske pasientforløpet, med spesielt fokus på grensesnittet mellom dei prehospitalen tenestene og den hospitalen tenesta.
12. Gjennom kartlegging, analysar og dialog med dei viktigaste aktørane både i og utanfor Helse Førde skissere mogelege framtidige driftsformer/samarbeidsmodellar.

I mandatet for fase 1 ligg ein detaljert oversikt over kva som skal gjerast, og korleis det skal gjerast for kvart delmål. Denne prosjektrapporten svarer ut disse delmåla.

1.5 Prosjektrisiko

For alle komplekse prosjekt er det ein ibuande risiko for at framdrifta ikkje vert som planlagd. Risikoene kan reduserast dersom ein ved oppstart av prosjektet er klar over dei største risikomomenta, og om mogeleg set i verk risikoreduserande tiltak.

Prosjektgruppa nytta ei enkel risikomatrise for å synleggjere prosjektrisiko, samt planlegge risikoreduserande tiltak. Risikoanalyse er gjort av prosjektleiar og presentert for prosjektgruppa og prosjekteigar ved to høve. Første analyse vart gjort 05.10.17 og denne vart revidert 26.11.17 (vedlegg 3).

2. Interessentanalyse og kommunikasjonsarbeid

2.1 Føreseieleg prosess og prosjektarbeid

Å utvikle ein plan for det prehospitalte området i Helse Førde HF er ein omfattande prosess. Helse Førde HF har lagt dei regionale helseføretaka sin «Veileder for arbeid med utviklingsplanar» til grunn i denne prosessen (vedlegg 4). For å sikre at rettleiinga vert nytta korrekt har prosjektgruppa i tillegg nytta «Revisjonstabell for kvalitetssikring av utviklingsplanar» (vedlegg 5). Også denne er utvikla i ei interregional arbeidsgruppe for dei regionale helseføretaka. Desse grunnlagsdokumenta er nytta for å sikre brukarinvolvering og ein open og føreseieleg prosess.

2.2 Korleis vi har kommunisert og involvert

2.2.1 Dialog med eigar, tilsynsmyndighet og direktorat

Vår eigar Helse Vest RHF har vore representert i referansegruppa ved spesialrådgjevar Ingvill Skogseth. I tillegg har eigar, gjennom sine eigaroppnemnde styrerepresentantar, fått jamlege oppdateringar på prosjektet gjennom løypemeldingar til styret i Helse Førde HF ved fleire styremøte hausten 2017.

Helse Førde har veklagd at både Helsedirektoratet, Helse Vest RHF, Fylkesmannen og leiar for prehospitalte tenester i Helse Bergen HF har vore representert i referansegruppa. Dette for å bidra til å kvalitetssikre datainnhentinga i prosjektet, at prosjektet sine tolkingar av lov, forskrift og andre føringar er adekvate og dessutan bidra til å kvalitetssikre analysar og forsvarleg tolking av ulike funn.

2.2.2 Brukarmedverknad

Både arbeidsgruppa for mandatutarbeiding og prosjektgruppa har hatt brukarrepresentantar med i prosjektperioden, sjå tabell 1.1 og 1.2. Det har vidare vore gjennomført ei spørjeundersøking blant brukarar som har nytta ambulanstenesta (desember 2017), sjå punkt 8.2. Endeleg har det også vore gjennomført ei telefonundersøking i fylket, utført av tredjepart, for å få kartlagt befolkninga sitt syn på og kunnskap om dei prehospitalte tenestene, sjå punkt 8.2.

2.2.3 Involvering av interessentar og tillitsvalde

Kommunikasjonsavdelinga i Helse Førde har før prosjektstart, og i samarbeid med mandatgruppa, utarbeidd ein eigen interessentanalyse, sjå vedlegg 2. Viktige interessantar vart inviterte inn i prosjektgruppe og referansegruppe, sjå tabell 1.2. og 1.3. Kapittel 3 skildrar særskilt involveringa av kommunane. Ein har i tillegg sokt å innhente eksterne interessantar sine synspunkt mellom anna gjennom ei spørjeundersøking til kommunane.

Tillitsvalde frå Fagforbundet og Delta, har vore involverte gjennom deltaking i prosjektgruppa, og tilsette elles har vore involverte via medarbeidarundersøking og møte for informasjon og diskusjon.

2.2.4 Kommunikasjonslogg

Kommunikasjonsavdelinga i Helse Førde HF har jamleg oppdatert eigen kommunikasjonslogg over kva fora og kva kanalar Helse Førde HF har informert om prosjektet og invitert til innspel. Tabell 3.1. viser logg for ekstern kommunikasjon per 15.03.18. Prosjektet har i tillegg ein logg for interne kommunikasjonsaktivitetar.

2.2.5 Bruk av inter-/intranett

Helse Førde HF har oppretta ei eiga side på intranett i helseføretaket der saksdokument og anna relevant informasjon om prosjektet har vore lagt ut etter kvart. Tilsette i Helse Førde kan sjå dokument her: <http://innsida.helse-forde.no/forbetningsprogrammet/5/prehospitalenester/Sider/default.aspx>

I tillegg har føretaket jamleg lagt ut informasjon om prosjektet på ekstern internettseite under eiga overskrift «Prehospital plan», sjå: <https://helse-forde.no/om-oss/prehospital-plan-helse-forde>

3. Særskilt om kommunikasjon og samhandling med kommunane

3.1 Deltaking i ulike samhandlingsfora

I prosjekt som gjeld endringar i akuttfunksjonar, er det særstakt viktig å planleggje og gjennomføre prosessane saman med kommunane. Både kommunane og helseføretaket har tydeleg ansvar for sine delar av den akuttmedisinske kjeda, og ein er avhengig av kvarandre for saman å kunne levere forsvarlege helsetenester.

Det har difor vore viktig for Helse Førde at både fastleggar med legevakterfaring og kommunalsjefar for helse og omsorg (utnemnde etter invitasjon til KS) har delteke aktivt i prosjektgruppa.

Helse Førde har allereie ei lang rekke faste samhandlingsfora med kommunane:

- Fagråd (leiatarar og fagfolk i HF og kommunane)
- Koordineringsråd (leiing HF, leiing kommunar/KS, Fylkesmannen)
- Dialogmøte (styret HF, politisk leiing kommunane)
- Akuttmedisinsk samhandlingsforum (AMK, legevaktssentralane, ambulansetenesta)

Prosjektet har vore diskutert og presentert følgjande stader og tider hausten 2017, sjå tabell 3.1.

Tabell 3.1. Ekstern kommunikasjonslogg for prosjekt Prehospital plan fase 1, status per 15.03.18. Grøn = gjennomført, gul= utsett, raud=ikkje gjennomført.

1	Utsending styresaker	Alle	Nettsider, media	05.09.17	Tvedt/Ulvedal	
2	KS rådmannsutvalet	Kommunar	Møte	06.09.17	Vingsnes/Ulvedal	
3	Styremøte Helse Førde	Alle	Møte, nettsider, media	12.09.17	Landstad/Ulvedal	
4	Orientere om prosess/få innspel	Sogn regionråd	Møte	15.09.17	Vingsnes/Ulvedal	
5	Orientere om prosess/få innspel	Fagrådet	Møte	21.09.17	Vingsnes/Igland	
6	Orientere om prosess/få innspel	Koordineringsrådet	Møte	25.09.17	Vingsnes/Igland	
7	Orientere om prosess/politikardag	Fylkestinget	Møte	25.09.17	Ulvedal	
8	Mediekontakt	NRK Sogn og Fjordane	Møte	27.09.17	Kleiven/Ulvedal	
9	Pressemelding om mandat m.m.	Alle	Nettsider, media	??	Ulvedal	
10	Orientere om prosess/få innspel	Bremanger kommune	Møte	05.10.17	Vingsnes/Ulvedal	
11	Mediekontakt	Nordfjordavisene	Møte	Oktober	Kleiven (?)Ulvedal	raud
12	Orientere om prosess/få innspel	Fylkesmannen/fylkeslegen	Møte	Okt./nov.	Vingsnes/Ulvedal	
13	Orientere om prosess/få innspel	Nordfjordrådet	Møte	30.10.17	Vingsnes/Ulvedal	
14	Orientere om prosess/få innspel	Samarbeidsforum i Sunnfjord	Møte	17.11.17	Vingsnes/Ulvedal	
15	Orientere om prosess/dialogmøte	Ordførarane i fylket/KS	Dialogmøtet	24.11.17	Landstad/Igland/Ulvedal	
16	Orientere om prosess/få innspel	HAFS regionråd	Møte	Nov./des.	Vingsnes/ulvedal	raud
17	Akuttmedisinsk seminar	Fagnivå i kommunane/politikarar	Seminar/konferanse	09.01.18	Vingsnes	
18	Orientere om framdrift	Styret i Helse Førde, alle	Møte	26.01.2018	Vingsnes	
19	Pressemelding om framdrift	Alle	Eigne nettsider, media	29.01.2018	Ulvedal	
20	Orientering om høyringsutkast	Styret i Helse Førde, alle	Møte	01.03.2018	Vingsnes	
21	Utsending høyringsutkast fase 1	Høyringspartar (kommunar m. fl.)	Epost, brev	01.03.2018	Vingsnes	gul
22	Pressemelding høyringsutkast	Eigne nettsider, media	Artiklar, epost	01.03.2018	Ulvedal	
23	Orientering om høyring/få innspel	SiS/HAFS	Møte	02.03.18	Sægrov/Ulvedal	
24	Orientering om høyring/få innspel	Nordfjordrådet	Møte	05.03.18	Vingsnes/Holvik/Ulvedal	
25	Orientering om høyring/få innspel	Sogn regionråd	Møte	09.03.18	Vingsnes/Thue/Ulvedal	
26	Orientering om høyring/få innspel	Fylkesmannen/fylkeskommunen sitt møte om ev. legevaktspilot	Møte	02.03.18	Vingsnes m.fl.	
27	Orientering om høyring/få innspel	Bremanger kommune	Bremanger kommune	Mars/april	Vingsnes/Ulvedal	gul
28	Orientering om høyring/få innspel	Fagnivå i kommunane	Møte	Mars/april	Vingsnes/Ulvedal	gul

Presentasjonane har vore utforma som invitasjon til dialog med reelle mogelegheiter for innspel.

3.2 Akuttmedisinsk konferanse januar 2018

9. januar 2018 arrangerte Helse Førde HF ein akuttmedisinsk konferanse på Scandic Sunnfjord Hotel der kommunane i fylket var invitert. Konferansen var også annonseret via ulike nettsider for samhandling og på internetsida til Helse Førde, og samla 110 deltakarar. Målet var å informere om planarbeidet og fokusere på styrkar og utfordringar innan prehospitale tenester med eksterne foredragsholdarar frå mellom andre Helsedirektoratet, Fylkesmannen, Helse Vest RHF og Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin. Det vart og gjennomført ein paneldebatt der deltakarane kunne stille spørsmål og utfordre føredragsholdarar og leiarar i Helse Førde på ulike tema.

Program for konferansen ligg i vedlegg 6.

Presentasjonane frå konferansen ligg ute på Helse Førde si internettseite:
<https://helse-forde.no/nyhende/samla-den-akuttmedisinske-kjeda>

4. Reglar og krav til den prehospitale tenesta

Ei lang rekke lover og forskrifter regulerer helsetenesta og dermed også dei prehospitale tenestene. Prosjektgruppa har i fase 1 lagt til grunn at kommunar og helseføretak har system og tenester som fyller lovkrava om forsvarlegheit (helse- og omsorgstenestelova §4 (4) og spesialisthelsetenestelova §2-2 (5)) samt forskriftskrava om internkontroll i helsetenesta («Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta»)(6). Vi har i prosjektet dermed ikkje gått inn på å vurdere status i høve desse heilt overordna lov- og forskriftskrava.

Prosjektgruppa har derimot lagt vekt på dei detaljerte og heilt konkrete krav og føringar som gjeld for prehospitale tenester, og som aktørane må forhalde seg til. Det er desse som vert lagt til grunn for gap-analysen seinare i rapporten (kap. 13), der ulike ansvarsområde er knytt til korrekt lovheimel. Prosjektet har innhenta data, gjennomgått desse og vurdert i kva grad tenestene i dag stettar gjeldande krav og føringar.

4.1 Lovverk

Plikt til å yte øyeblikkeleg hjelp ved behov er eit sentralt lovkrav for både spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta.

Kommunane har plikt til å yte nødvendig strakshjelp til personar som oppheld seg i kommunen. Helseføretaka har plikt til å ta imot pasientar som treng hjelp omgåande, drifta ambulansetenester og nytte desse til akuttmedisinsk utrykking. Kommunane har vidare plikt til å få helsepersonell fram til dei pasientane som ikkje sjølv kan kome seg til felles behandlingsstad som t.d. legevakta.

4.2 Forskrifter

I prehospital samanheng er det særleg akuttmedisinforskrifta (7) som detaljerer krava til tenestene.

Etablering og drift både av legevaktstasjon (der pasientane møter legen) og legevaksentral (som mottek telefonførespurnader frå pasientane) er kommunane sitt ansvar. Drift av AMK (Akuttmedisinsk kommunikasjonssentral) er helseføretaket sitt ansvar.

Kommunane har ved si legevaktteneste plikt til å rykkje ut staks det er nødvendig ved ulukker og andre akutte situasjoner, dessutan sørge for rett kompetanse i legevakttenesta. Helseføretaket har plikt til å sørge for rett kompetanse i ambulansetenesta. Begge partar har plikt til å øve saman, det vil seie å arrangere felles øvingar jamleg.

4.3 Delavtalar

Det føreligg ei rekkje delavtalar mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF som skal tydeleggjere samarbeids- og ansvarsforholda mellom primær- og spesialisthelsetenesta, sjå vedlegg 7. Delavtalane er like mellom Helse Førde og dei 26 kommunane i fylket. Avtalane seier mellom anna at kommunane skal greie ut trong for og høve til lokale akuthjelparordningar.

4.4 Sentrale føringer

Det er særleg to dokument som står sentralt kva gjeld faglege tilrådingar og føringer i dei prehospitalenestene:

- St. melding nr. 43 (1999-2000) «Om akuttmedisinsk beredskap» (8) gjorde framlegg om ei rettleiande responstid for ambulansetenesta ved akutte hendingar i grisgrendte strok til å nå 90 prosent innan 25 minutt. I tettbygde strok seier rettleiinga at ambulansetenesta skal nå 90 prosent innan 12 minutt. Etter definisjonen i meldinga er heile Sogn og Fjordane å rekne som grisgrendt strok. Denne rettleiande føringen er ikkje forskriftsfesta, men føringen har vore med som del av målsetjingane sett av både styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Førde HF. Då i form av styrevedtak der ein legg føring om å kome så nær det nasjonale målet for responstid som råd.
- NOU 2015: 17 «Først og fremst» (9) føreslo eit tilsvarande rettleiande reisetidskrav der 90 prosent av folkesetnaden i legevaktdistriktet skal ha maksimalt 40 minutt reisetid til nærmeste legevaktstasjon. Vidare tilrår meldinga at 95 prosent av befolkninga maksimalt skal ha 60 minutt reisetid til nærmeste legevaktstasjon. Heller ikkje desse nasjonale måla er forskriftsfesta.

4.5 Praktisk grensegang mellom helseføretak og kommunar

I eit fylke som Sogn og Fjordane vil rettleiande responstidskrav og reisetidskrav vere vanskelege eller urealistiske å oppfylle fullt ut, både for kommunar og helseføretak. Samstundes har både kommunane og helseføretaka lov- og forskriftfesta plikt til å rykkje ut ved akutte hendingar, kommunane med legevakttenesta og helseføretaka med ambulanse. Denne prosjektrapporten tek sikte på å få fakta på bordet og peike på både utfordringar og styrkar. Målet for fase 1 i prosjekt

prehospital plan er slik å leggje grunnlag for at kommunane og Helse Førde HF i fellesskap kan løyse det ingen av partane åleine er i stand til.

5. Om krav til bemanning, arbeidstidsordningar, stasjonstilhøve og kompetanse i ambulansetenesta

Dette kapittelet omhandlar arbeidstidsordningar og vaktmodellar, og presenterer ei oversikt over dei arbeidstidsordningane som føreligg i ambulansetenesta Helse Førde i dag.

Deretter ser vi på kva kompetansekrav som gjeld i tenesta og status på dette punktet.

5.1. Arbeidstidsordningar og vaktplanar

Arbeidstidsordningane i ambulansetenesta skil seg frå vaktordningar elles i helsevesenet. Helse Førde har døgnvakter på døgnbilar og dagvakter på dagbilar. Ofte arbeider dei tilsette to til tre samanhengande døgnvakter med tilsvarande kompenserande fridagar i arbeidsplanane sine.

Det er forskriftsfesta krav til to personar per ambulanseressurs, så dette er minimumsbemanning for ein ambulanse. Andre faktorar er med å bestemme kor mange årsverk som er nødvendig for å driftet ein ambulansestasjon:

- Tal ambulansar på døgn- og dagbasis ved stasjonen
- Vaktoppsettet med innslag av aktiv og passiv tid for kvar ambulanse (avheng særleg av aktiviteten ved stasjonen)
- Oppdekking av planlagd fråvær ved feriar, kurs og anna opplæring slik at vaktplanen ikkje har vakans (udekka hol i turnusen)
- Vaktmodell (heimevakt eller kasernert vakt)

5.1.1. Vaktmodellar

Arbeidstidsordningane i ambulansetenesta er delt i to hovudtypar: *heimevakt* og *kasernert vakt* (tilstadevakt).

5.1.1.1. Heimevakt

Akuttmedisinforskrifta § 11 (7) seier følgande:

«Ambulansebiler som utfører oppgaver etter denne forskriften skal være bemannet med tilstatedevakt. Unntak kan gjøres der det er et lavt antall akuttoppdrag per år og ambulansen kan være bemannet innen forsvarlig tid etter varsling».

På heimevakt kan personellet ferdast fritt innanfor definert oppmøtetid som er maksimalt ti minutt ved akuttoppdrag. Personell oppheld seg heime på kveld, natt og helg og får betalt for kvar fjerde time (1:4). Utrykking ved heimevakt blir godtgjort som overtid. På dagtid i vekedagar og nokre timer på helg, har personellet aktiv teneste på stasjonen.

Summen av timer aktiv vakt og omrekna heimevakt gjev timetalet i arbeidsplanen. Dei tilsette har 35,5 t/arbeidsveke.

Ein døgnambulanse med heimevaktordning krev ei bemanning på minimum 4-5,5 årsverk, i tillegg vikarar for ferie og anna fråvær. Tilsette jobbar oftast annakvar helg.

Det er fleire utfordringar med heimevakt:

- Få tilsette ved stasjonen, og dermed også få med lokal bustadadresse. Dette gjer det lite attraktivt å ta ekstravakter.
- Heimevakt inneber brot på arbeidsmiljølova (AML) då ordninga planlegg med overtidsbruk ved oppdrag på kveld, natt og helg.
- Døgnvakter krev avtalar med arbeidstakarorganisasjonane om å gå utanom arbeidsmiljølova (AML).
- Vanskelegare å rekruttere stabilt over tid.

5.1.1.2. Kasernert vakt (tilstadevakt)

Kasernert vakt er den vanlegaste vaktordninga i ambulansetenesta i Helse Førde, og er også ut frå forskrifta den vaktmodellen som i hovudsak skal nyttast. Vaktpersonellet er då på stasjonen heile vaktperioden. Eit typisk vaktdøgn er om lag 17 timer. Vakta har aktiv tid kl. 08.00-21.00 og passiv vakt kl. 21.00-08.00. Kasernevakt gjev kortare aktiveringstid og dermed kortare utrykkingstid gjennom døgnet. Utrykking på passiv tid gjev utrykkingstillegg som tilsvarer kostnaden til 50 prosent overtid. Likevel tel ikkje utrykkingstillegg som overtid etter arbeidstidsreglane, og ein unngår AML-brot. Dei tilsette har 33,6 timars arbeidsveke.

Ein døgnambulanse med kasernevakt krev ei bemanning på sju årsverk, i tillegg vikarar i ferie og anna fråvær. Tilsette jobbar tredje kvar helg, og arbeider i snitt åtte døgn i månaden i heil stilling.

5.1.2. Krav til avtalar med arbeidstakarorganisasjonane

Arbeidsmiljølova regulerer arbeidstid og arbeidsplanar. AML §10-12, fjerde ledd, krev avtale med arbeidstakarorganisasjonane dersom ein skal planlegge drifta utanom ordinære arbeidstidsreglar. Drift med døgnvakter (både som tilstadevakt på stasjon og heimevakt) krev slike avtalar med arbeidstakarorganisasjonane.

For arbeidsgjevar gjev slike avtalar ein fleksibilitet som passar betre i drifta og organiseringa av ambulansetenesta, men gjev også arbeidstakarorganisasjonane stort rom for å kunne påverke prosessen. Merk at arbeidsgjevar og vernetenesta har verneregler som trår i kraft ved høg arbeidsbelastning i ein vaktperiode. Desse gjeld også ved avtale om døgnvakter.

Alternativet til avtalar om døgnvakter er arbeidstidsordningar etter ordinære reglar i AML. Dette er krevjande å praktisere for arbeidsgjevar, og inneber ugunstige arbeidsplanar for tilsette med aktive vakter, tre skift i døgnet og vesentleg hyppigare oppmøte.

Om ambulansetenesta rekna all arbeidstid som aktiv tid heile døgnet (tilsvarende ein sengepost som delar døgnet i dag-, sein- og nattevakt), ville det krevje elleve årsverk å ha to tilsette på ein døgnambulanse 24/7. I større byar gjer dei dette, då anten med åtte timars vakter eller tolv timars vakter. Men her er oppdragsmengda langt større, og dei tilsette kan vere på oppdrag utan avbrot frå dei kjem på vakt til dei går av. I Helse Førde har vi ingen stasjonar med slik vaktordning.

5.1.3. Status for vaktordningar i ambulansetenesta

Helse Førde HF tok over drifta av ambulansetenesta i 2005, og har hatt kontinuerleg auke i årsverk fram til 2018. Ei årsak er mange nye årsverk på grunn av overgang frå heimevakt til kasernert vakt ved mange stasjonar. Tabell 5.1. viser vaktordningane ved dei ulike ambulansestasjonane i Helse Førde per mars 2018.

Vaktmodell	Ambulansestasjonar
Døgnbilar med kasernevakt	Vågsøy, Eid, Stryn, Høyanger, Sogndal, Luster, Fjaler, Førde, Florø, Svelgen, Vik
Døgnbil med kasernevakt i veka og heimevakt i helg	Gloppen, Årdal og Lærdal
Heimevakt alle dagar	Selje, Ytre Bremanger, Lavik
Dagbil med innslag av heimevakt	Vågsøy, Eid
Dagbil med innslag av vakt på vaktrom	Vågsøy, Høyanger

Tabell 5.1: Vaktmodellar ved dei ulike ambulansestasjonane i Helse Førde.

Dersom tenesta skal oppretthalde dagens struktur med omsyn til tal stasjonar og dagbilar/døgnbilar, og avvikle resterande heimevaktsordning, vil det samla krevje om lag 15 årsverk til.

5.1.4. Aktiv versus passiv vakt

Beredskapsnivået i tenesta avheng av kor mange bemanna døgnambulansar og dagambulansar føretaket kan stille. Summen av aktive versus passive timar avgjer kor mange årsverk føretaket treng for å bemanne kvar ambulanse, og avgjer dermed også kostnadsbiletet.

5.1.5. Signal frå Helse Vest

Helse Vest RHF har i regional plan frå 2008 gjev desse føringane for vaktmodellar og konsekvensar for responstid:

- Ambulansar med tilstadevakt kan ha eit større dekningsområde innanfor same responstid samanlikna med ressursar med heimevakt.

- Helseføretaket skal organisere og drive ambulansetenesta slik at ein best mogeleg sikrar ambulanseressursane eit aktivitetsnivå som gjev grunnlag for tilstadesvakt.
- Det må dokumenterast korleis ulike bemanningsmodellar påverkar responstida.
- Om eit helseføretak vurderer heimevakt, må dette vurderast opp mot unntaka for tilstadevakt.

5.1.6. Nye mogelegheiter og pågåande prøveprosjekt i bemanning

5.1.6.1. Kalenderplan

Feire stasjonar har gått over til kalenderplan, og erfaringane er gode både sett frå arbeidsgjevarsida og tilsettesida. Med bemanningsplan over 52 veker og høgare grunnbemanning (fleire faste stillingar og større stillingsbrøkar) får tenesta betre rom for å planlegge fråvær som feriar, permisjonar, kurs, øvingar, osb. Vi kan då redusere overtid og ekstravakter, og tilby vikarar større grad av langsiktigkeit. Erfaringan er også at det er lettare å sikre ei bemanning som stettar gjeldande kompetansekrav.

5.1.6.2. Standby-crew

På kort varsel er det vanskeleg å skaffe vikar utan bruk av overtid. Sjukefråvær blir ofte meldt same morgen som ein tilsett skulle gått på døgnvakt. Ambulansetenesta ynskjer å redusere kostnader til overtid og ekstravakter. I samband med fase 1 i prosjektet prøver difor ambulansetenesta ut ei ordning der ein kvar dag har ein (1) tilsett som går på toppen av ordinær bemanning, eit såkalla «standby-crew». Denne personen skal dekke opp for uføresett fråvær på ein ambulanse med akutt bemanningsbehov. Målet er å redusere samla lønskostnader og AML-brot.

Vi har gjennomført kartlegging av sjukefråværet og vurdert korleis redusere overtid. Tiltaket framstår som eit potensielt innsparingstiltak. Ein tilsett går på toppen av 14 ambulansar og 28 personar. Det er då pårekneleg med uføresett fråvær nær kvart døgn. Personellet får oppmøtestad i Førde og skal dekke ledige vakter i Førde, Florø, Svelgen, Fjaler, Høyanger, Lavik, Sogndal og Gloppen.

5.1.6.3. Vikarpool

Ambulansetenesta prøver no ut sitt eige vikarsenter med autoriserte ambulansarbeidarar. Alle vikarar blir organiserte i ein felles vikarpool i prøveperioden. Dei ulike ambulanseområda skal få nytte vikarressursane fleksibel og på tvers ved å melde inn behova til vikarsenteret. Målet er å kunne engasjere vikarar på lengre kontrakter, nytte vikartilgangen godt og motivere vikarar til å ta ledige vakter på fleire stasjonar ved å sy saman greie «pakkar» av vakter.

5.1.6.4. AMK-personale som følgjepersonell på dagbil Førde vekedagar

Eitt av kirurgisk klinikk og avdeling for akuttmedisin sine kostnadsreduserande tiltak i 2018 er å nytte AMK-personale til å avhjelpe hol i turnus på dagambulanse tilhøyrande Førde. Gjennom ein prøveperiode i 2018 bidreg personale i AMK (ambulansearbeidarar og sjukepleiarar) som nr. 2 på ein dagambulanse som typisk blit brukt til å transportere pasientar mellom sjukehusa. Vi skal evaluere ordninga mot slutten av prøveperioden.

5.2. Stasjonstilhøve

Krava til stasjonsfasilitetar har endra seg vesentleg sidan Helse Førde tok over ambulansetenesta. I 2011 gjennomførte Arbeidstilsynet eit nasjonalt tilsyn med ambulansetenestene, mellom anna med fokus på stasjonsfasilitetar.

I etterkant av tilsynskampanjen har Helse Førde gjort tiltak ved ei rekke av stasjonane. Det står framleis att stasjonar som ikkje oppfyller krav frå Arbeidstilsynet eller driv på dispensasjonar. For nokre pågår det no byggjeprosessar. For andre er det ikkje starta, både pga. investeringskostnadene, men også fordi vi avventar endeleg avklaring i høve framtidig struktur i etterkant av fase 2 av dette prosjektet. Sjå vedlegg 9 for statusrapport stasjonstilhøve.

5.3. Kompetanse

5.3.1. Forskriftskrava for kompetanse

Akuttmedisinforskrifta §11 (7) seier følgande om kompetansekrav for ambulansetenesta:

«Ambulansebiler som yter ambulansejenester skal være bemannet med minst to personer, hvorav minst én skal ha autorisasjon som ambulansearbeider. Der det er bare én ambulansearbeider, må den andre personen ha autorisasjon eller lisens som helsepersonell og nødvendig ambulansefaglig kompetanse. Begge personene skal ha førerkort for kjøretøyklassen og kompetansebevis for førere av utrykningskjøretøy.


For vikariater av inntil to måneders varighet kan det gjøres unntak fra kravet i første ledd om at begge personene på ambulansebilen må ha førerkort for kjøretøyklassen og kompetansebevis for førere av utrykningskjøretøy, dersom det ikke er mulig å skaffe personell som oppfyller disse kravene».

Akuttmedisinforskrifta frå 2015 innebar ei skjerping i høve kompetansekrav for ambulansetenesta, men gav også ei overgangsordning slik at helsetenesta skulle få nødvendig tid til å løfte kompetansenivået. Overgangsordninga var i første omgang gjeldande i tre år, dvs. fram til våren 2018. Nyleg har ein motteke signal (frå Helsedirektoratet) om at ordninga kjem til å bli forlenga med ytterlegare tre år, dvs. til 2021.

5.3.2. Status for kompetanse i ambulansetenesta Helse Førde

Dei tilsette i ambulansetenesta i Helse Førde har jamt over eit godt kompetansenivå, der fast tilsette med få unntak stettar kompetansekrava i akuttmedisinforskrifta.

I tenesta arbeider autoriserte ambulansearbeidarar, sjukepleiarar, ulike typar lærlingar og paramedics (ambulansearbeidarar og sjukepleiarar med tilleggsutdanning). Sjukepleiarstudentar og legestudentar kan no, ut frå den sannsynleg forlenga overgangsperioden, også vere korttidsvikarar (etter kursing) til dømes i sommarferieavviklinga nokre år til.



Figur 5.1: Status kompetanse i ambulansetenesta per 01.03.18. Formalkompetanse per stasjon øverst. Fast tilsette med vidareutdanning som anten sjukepleiar eller paramedic nederst. Data fra ambulansetenesta.

Ambulansetenesta i Helse Førde har to sertifiseringsnivå for operativt personell, trinn 1 og trinn 2. Formelle kvalifikasjoner med autorisasjon som ambulansearbeidar eller sjukepleiar dannar grunnlaget for det store fleirtalet, men i tillegg køyrer tenesta kvalitetssikring og utsjekk på desse to nivåa. Trinn 1 skal sikre at tilsette stettar minstekrava i forskrift, og trinn 2 skal sikre at autoriserte ambulansearbeidrar og sjukepleiarar mellom anna kan handtere medisinar og avanserte behandlingstiltak etter definerte behandlingsprotokollar.

Tenesta har eigen kompetanseplan. Noverande plan gjeld for 2018-2021 og inneholder oppsett for intern utdanning og regelmessige utsjekkar. Her framgår gjeldande krav om kursrevisjonar for fast tilsett ambulansepersonell, men også krav til læreløpet og vikarkompetanse. Planen skisserer vidare tiltak og oppfølging ved teikn på kompetansemanglar for tilsette.

Kompetanse	Amb.arb	Amb.ass	Fagutviklar	Lærling	Instruktør	Administrasjon
Aut. amb.arbeidar	Skal		Bør		Bør	
Aut. helsepersonell	Skal	Bør	Skal		Skal	
C1	Skal	Skal	Bør		Skal	Bør
K160	Skal	Skal	Bør		Skal	Bør
AMLS	Skal		Skal	Bør	Skal	
PHTLS	Skal		Skal	Bør	Skal	
Nødnett	Skal	Skal	Skal	Skal	Skal	Skal
Leder ambulanse	Skal		Skal			Bør
Trinn 1	Skal	Skal	Skal	Skal		
Trinn 2	Skal		Skal		Skal	
Leiarkompetanse						Skal
Spesialkurs /e-læring	Skal	Skal	Skal	Skal	Skal	Bør
Rettleiingskompetanse					Skal	

Tabell 5.2: Oversikt over kurs og sertifiseringspakkar som tilsette får i sine kompetanseplanar.

Tenesta har god oversikt over kompetansen til dei tilsette. Status for kompetanse, eigentrening og sertifisering vert dokumentert ved hjelp av elektroniske system.

5.3.3. Ambulanseoppdrag per tilsett i 2017

Eit spørsmål som hyppig kjem opp til diskusjon, er i kva grad dei tilsette får tilstrekkeleg mengdetrening og variasjon.

Uttrekk av aktiviteten per stasjon for 2017 viser eit gjennomsnitt av ambulanseoppdrag per tilsett fordelt på hastegrader. Oversynet viser at tilsette ved ulike stasjonar har ulikt oppdragsvolum. Med dagens vaktordningar kjem tilsette ved heimevaktstasjonar godt ut i høve oppdragsvolum. Grovt rekna vil tilsette vere sjåfør i ein halvdel, og ta seg av pasient under transport i den andre halvdelen av oppdraga.


Stasjon	Akutt	Haster	Vanlig	Alle oppdrag
	Tal	Tal	Tal	Tal
Stasjon Eid	34	82	88	204
Stasjon Fjaler	25	57	40	122
Stasjon Florø	35	67	38	140
Stasjon Førde	39	76	67	183
Stasjon Gloppen	35	78	32	145
Stasjon Høyanger	24	44	43	111
Stasjon Lavik	23	57	44	124
Stasjon Luster	21	57	49	128
Stasjon Lærdal	33	58	55	146
Stasjon Selje	41	102	52	195
Stasjon Sogndal	37	77	40	154
Stasjon Stryn	38	76	49	163
Stasjon Vik	36	73	48	157
Stasjon Vågsøy	30	67	47	144
Stasjon Ytre Bremanger	33	76	45	154
Vikarpool ambulanse	24	45	36	104
Samla for tenesta	31	63	47	141

Tabell 5.3.: Gjennomsnittleg tal ambulanseoppdrag per tilsett per hastegrad og samla. Data fra ambulansenestenesta i 2017.

5.4. Rekruttering og stabilitet

Vi har fokus på rekruttering og stabilitet i tenesta. Tenesta treng kvalifisert personell som stettar myndigheitskrav og som kan bemanne ambulanseressursane. Skjerpa krav frå styremaktene krev både helseautorisasjon og førarkortkompetanse klasse B, C1 og utrykkingsføfarbevis (K160).

Det er no flest kvinner som skaffar seg kvalifikasjonar tilsvarende forskriftskrava. Frå å ha vore eit tradisjonelt mannsdominert yrke, er situasjonen snudd, sjå figur 5.2. Flest jenter tek VG 2 ambulansefag, og det er dette som kvalifiserer til lære plass. Tilsvarande er det også flest kvinner som kjem inn i tenesta via sjukepleiefaget. Ambulansenestenesta ønskjer balansert kjønnsamansetjing, både med tanke på gode arbeidsmiljø, men også fordi vi trur dette er fornuftig ved gjennomføring av ambulanseoppdrag. Vi vil framover satse på rekruttering ved å oppsøkje skulane og motivere både unge kvinner, men ikkje minst unge menn, til å velje ei helseretta utdanning.



Figur 5.2.: Oversikt over alder og kjønnsfordeling i tenesta i 2017. Data frå ambulansenesta.

5.5. Oppsummering og tilrådingar

Heimevakt: Utviklinga i Helse Førde har vore at stadig fleire ambulansestasjonar får tilstadevakt. Og også elles i landet blir heimevaktordningar fasa ut.

Både tilsetteorganisasjonar og ambulanseleiringa ønskjer ei utvikling mot tilstadevakt, fordi arbeidstidsordningane er meir attraktive, det er lettare å rekruttere stabilt og fordi responstida ved akuttoppdrag jamt over er betre.

Utfordringa er at tilstadevakt krev auka bemanning, og kostnadene stig monaleg for kvar stasjon der ordninga blir innført. Auka bemanning medfører færre oppdrag per tilsett. Dersom Helse Førde prioriterer å avvikle heimevaktordningar også på dei ambulansestasjonane med lågast aktivitet, må budsjettdekning anten takast frå andre delar av spesialisthelsetenesta (ved reduksjonar i sjukehusavdelingane sine budsjett), eller så må ambulansenesta sjølv finne budsjettmidlar ved andre kostnadskutt. Dei økonomiske realitetane kjem ein attende til i kapittel 12.

Bemanningsplanar: Prosjektet tilrår at arbeidsplanar blir utarbeidde på grunnlag av aktivitet og belastning ved den aktuelle stasjonen. I dette ligg også å vurdere om beredskapen skal planleggast ut frå sesongvariasjonar eller differensierast på anna vis.

Evalueringar av pågåande prosjekt (standby-crew, vikarpool med meir) må med vidare i planlegging og drift av tenesta, både med omsyn til medarbeidartilfredsheit, men også med tanke på å redusere kostnader.

Kompetansenivå: Kompetansenivået i ambulansenesta er godt.

Mengdetrening: Mengdetreninga for tilsette er jamt over låg i ambulansetenesta. Jobbrotasjon mellom stasjonar med høvesvis høg og låg aktivitet kan nyttast av omsyn til rekruttering, men ikkje minst for at ambulansetilsette ved stasjonar med låg aktivitet skal få tilstrekkeleg erfaringsgrunnlag.

Rekruttering: For å rekruttere og stabilisere medarbeidrarar framover, må tenesta vere ein attraktiv arbeidsplass. I dette legg prosjektgruppa mellom anna:

- Attraktive arbeidstidsordningar – vaktlengde m.m.
- Fagleg attraktivt og med tilstrekkeleg oppdragsmengde.
- Utviklingsmogelegeheter i form av etterutdanning, vidareutdanning.
- Godt fysisk arbeidsmiljø med bra stasjonsfasilitetar og ambulansebilpark i god stand. Når det gjeld stasjonstilhøve har tenesta fortsatt ein veg å gå.

6. Skildring av dagens prehospitalte teneste i Helse Førde


Dei prehospitalte tenestene i Helse Førde omfattar bilambulansar, båtambulansar, AMK-sentral, luftambulanse og redningshelikopter. Dette kapittelet skildrar lokalisering og dimensjonering av tenestene, og nokre av endringane som er gjort dei seinare åra. Her skildrar vi også aktivitetstal for dei ulike delane av tenesta.

6.1. Bilambulanse

6.1.1 Stasjonar, døgnambulansar og dagambulansar

Ambulansetenesta i Helse Førde har 18 stasjonar, der 17 har døgnberedskap.

- **Nordfjord:** Vågsøy, Selje, Eid, Stryn og Gloppen
- **Sunnfjord:** Førde, Florø, Svelgen og Ytre Bremanger, Solund - båt
- **Sogn:** Årdal, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik
- **Ytre Sunnfjord:** Høyanger, Lavik, Fjaler



Figur 6.1.: Kart over ambulanseressursane i Helse Førde. Døgnbilar er gule, og dagbilar er rauda. Luftambulanse er teikna inn i Førde og redningshelikopter i Florø. Ambulansebåtar er lokalisiert i Solund, Askvoll og Flora. Skei i Jølster har dagbil måndag-fredag, ein ressurs som reiser ut frå Førde ambulansestasjon.


Ved sju stasjonar er det dagbilar: Stryn, Vågsøy, Eid, Førde, Høyanger, Lærdal og Skei. Desse er i drift mandag – fredag, med unntak av Eid og Stryn som også har dagbil i helg. Dagbilane ved sjukehusa (Lærdal, Eid og Førde) er to-bårebilar, som kan transportere to bårepasientar samstundes.

AMK-sentralen koordinerer ambulanseressursane og fordeler oppdraga ut frå vurdering etter hastegrad, leveringsstad, tilgjengelege ressursar osb. Den totale kapasiteten er litt mindre enkelte dagar i året, til dømes ved ferie, fridagar og kurs.

6.1.2. Aktivitetsstatistikk

6.1.2.1. Utvikling 2000-2018

Bilambulansetenesta har gradvis hatt auka aktivitet, sjå figur 6.2. Større sprang i veksten har si årsak i endra funksjonsfordeling mellom sjukehusa i Helse Førde, og etablering av interkommunale legevakter. Innføring av tobårebilar har verka motsett veg. I 2016 og 2017 har nedgangen samanheng med at Gulen ambulansestasjon vart overført til Helse Bergen.




Figur 6.2. Utviklinga frå 2000-2017 i høve tal køyrde kilometer i ambulansetenesta i Helse Førde. Data frå ambulansetenesta.

Ambulansetenesta si verksemdrapportering kan hente ut aktivitetstal for tenesta samla, stasjonvis og ned på den enkelte ambulanseressurs. Oppdraga blir registrerte med oppdragstype, start- og stopptidspunkt, hente- og leveringsstad for pasienten, tal kilometer og type oppdrag (raude, gule og grøne ambulanseoppdrag samt bestilte transportar).

6.1.2.2. Aktivitet ved ulike ambulansestasjonar

Aktiviteten kan svinge noko frå periode til periode, men mange stasjonar har jamn aktivitet frå år til år, sjå figur 6.3 nedanfor. Viktigaste faktor for ambulanseoppdrag per stasjon er folketal og alderssamsetnad, men også andre faktorar som forbruk av ulike helsetenester, i kva grad ein nyttar ambulanse vs. anna pasienttransport (som t.d. drosjer), avstand til sjukehus og legevakt. Stasjonane lokalisert ved sjukehus har mykje sekundæroppdrag. Til ein viss grad gjeld dette og for stasjonar som ligg på transportaksar mellom sjukehus.




Figur 6.3: Stasjonsvis oversikt over oppdrag i perioden 2015-2017. Data frå ambulansestenesta. Fjaler og Askvoll vart slegne saman i 2017. Tala i 2015 og 2016 syner begge stasjonane.

Eit gjennomsnittleg ambulanseoppdrag i Helse Førde er på 100 km og tek 2,9 timer å gjennomføre. Tal køynde oppdrag speglar ikkje alltid tal køynde kilometer. Stasjonane ved sjukehusa har mange overflyttingstransportar mellom sjukehus, og køyrer difor høvesvis mange kilometer. Det same gjeld stasjonar med lang veg til sjukehus og/eller legevakt som Ytre Bremanger, Luster og Vik ambulansestasjon. Dei tre har alle oppdrag som i snitt er på over 130 km og tek 3,3 -3,7 timer å gjennomføre.


6.1.2.3. Fordeling av ambulanseoppdrag over vekedagar, over døgnet og gjennom året.

Ambulansetenesta har høgst aktivitet på vekedagar, jamfør figur 6.4. Då føregår dei fleste transportoppdraga; planlagde transportar til og frå poliklinikkar, legekontor, transportar ut frå sjukehus og mellom sjukehus.




Figur 6.4.: Ambulanseoppdrag delt etter hastegrad i åra 2015-2017 per vekedag. Akuttoppdrag (raude) og hasteoppdrag (gule) er nokolunde likt fordelt, men ein har langt fleire bestilte turar i vekedagane. Ambulansetenesta har eit stabilt mønster med høgst aktivitet fredagar og lågast aktivitet laurdag og søndag.

Dei grøne turane startar nesten berre på dagtid. Også hasteoppdrag førekjem oftare på dag og kveld, truleg relatert til at fleire pasientar då tek kontakt med legekontor og legevakt. Akuttoppdrag fordeler seg meir jamt gjennom døgnet.



Figur 6.5.: Tal ambulanseoppdrag fordelt etter hastegrad og plassert på det tidspunktet på døgnet som oppdraga starta. Gjeld perioden 2017. Data frå ambulansetenesta.


Aktiviteten gjennom året er litt ulik månad for månad, og varierer også for same månad fra år til år, som vist i figur 6.6. Dei siste tre åra er det lågaste tal oppdrag i ein månad 1211 (oktober 2017) og det høgaste 1644 (januar 2016).



Figur 6.6.: Sesongvariasjon for ambulansetenesta samla dei tre siste åra. Oppdragsaktivitet fordelt etter måned viser noko variasjon, men i snitt høgst aktivitet i januar og juli. Data frå ambulansetenesta.

6.1.2.4. Særskilt om sesongvariasjon for ambulanseoppdrag i turistkommunar

Eit relevant spørsmål i vårt fylke er i kva grad behovet for ambulansetenester aukar i dei periodane av året vi har mest turistar. Prosjektet har teke ut tal for turistkommunane Aurland og Stryn for å vurdere dette. Figur 6.7 syner at det er litt fleire oppdrag om sommaren i dei to kommunane.



Figur 6.7.: Tal ambulanseoppdrag i Stryn og Aurland kommunar i snitt per veke dei tre siste åra (2015-2017). Data frå ambulansetenesta.

Tala for 2017 åleine viser at Aurland hadde flest oppdrag i veke 26 (juni) med 11 oppdrag, som utgjer 1,57 oppdrag/døgn. Stryn hadde flest oppdrag i veke 19 og 20 (mai) og 37 (september) med 26, 26 og 27 oppdrag. Dette gjev om lag 1,86 oppdrag/ressurs/døgn.

Generelt ser vi at sjølv om befolkninga i nokre turistkommunar aukar mykje i turistsesongen, så aukar ikkje tal ambulanseoppdrag i same grad. Det kan ha samanheng med at turistane ikkje har behov for planlagde turar til og frå dei offentlege helsetenetene. Turistar treng ambulansetenester når det skjer meir uventa sjukdom og skadar.

6.1.3. Tid på oppdrag versus tid i beredskap for bilambulansane

Figur 6.8 viser belastning på kvar enkelt av ambulansebilane til Helse Førde. Kvart pågåande oppdrag over 365 dagar i 2017, er registrert på den timen/dei timane

oppdraget var. Dersom ein ambulansebil var ute på oppdrag alle dagar i året i ein aktuell time, så ville det stå 365 i tabellen.

Klokkeitime	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23
711 Sølund	0	0	1	0	0	0	0	6	13	15	14	17	18	19	18	16	15	10	4	3	5	5	1	
712 Fjaler	8	21	20	15	17	15	12	18	49	74	89	112	126	139	135	123	99	89	73	68	54	40	22	
713 Fjaler	10	15	19	22	19	15	18	22	36	72	104	125	150	156	148	141	117	90	77	66	58	39	27	13
714 Larvik	10	16	18	19	15	14	12	19	21	46	73	103	129	147	141	126	128	109	90	85	65	54	34	17
715 Høyanger	19	18	19	20	18	16	13	17	12	30	32	46	53	64	71	76	85	68	74	64	52	43	33	15
716 Høyanger	0	0	0	0	0	0	0	2	75	111	147	163	170	173	157	131	97	59	27	10	3	1	1	0
721 Vik	4	9	16	17	16	19	14	17	29	36	62	72	81	85	80	72	72	53	45	43	40	37	30	18
722 Lærdal	10	18	20	27	23	21	19	16	35	54	75	88	103	108	109	117	113	107	91	63	60	55	37	18
723 Lærdal	0	0	0	0	0	0	0	7	127	160	192	209	210	206	184	131	92	41	18	3	2	1	0	0
724 Årdal	15	23	33	31	31	28	27	28	46	68	97	117	127	119	115	113	102	92	85	80	80	74	62	38
731 Luster	13	12	20	24	29	32	30	29	47	47	64	79	85	108	113	120	114	90	77	66	51	38	23	18
732 Luster	0	0	0	0	0	0	1	1	10	80	96	107	111	97	79	47	22	6	3	0	0	0	0	0
733 Sogndal	20	26	42	38	41	38	33	36	52	79	102	128	136	149	148	144	130	110	102	84	79	62	36	22
734 Sogndal	12	27	32	33	33	35	28	23	59	84	106	117	145	153	148	146	131	113	108	85	82	72	48	24
741 Førde	37	29	37	36	37	46	43	44	83	97	139	151	174	189	180	163	133	115	105	104	103	75	76	54
742 Førde	35	44	46	42	40	28	32	32	71	107	112	135	145	160	156	136	133	117	102	87	86	71	61	47
743 Førde	2	3	3	2	2	2	2	8	238	270	307	350	337	319	315	264	148	42	8	2	0	0	0	0
751 Flora	25	23	22	29	34	32	31	26	78	92	131	157	169	155	123	113	95	88	83	87	91	91	64	36
752 Flora	25	37	41	36	31	28	28	39	51	76	108	131	144	141	145	131	121	96	77	65	70	74	66	37
753 Flora	12	20	19	21	21	21	18	15	33	56	75	93	105	104	93	81	67	60	58	64	59	48	28	13
754 Ytre Bremanger	2	7	7	11	9	10	8	16	30	56	71	92	107	107	104	82	70	63	53	43	37	24	15	6
761 Gløppen	23	36	45	50	49	31	29	47	54	75	86	115	130	128	129	123	115	109	103	99	86	73	43	26
762 Stryn	23	27	36	26	29	37	31	31	34	49	67	79	95	110	119	118	112	108	109	101	89	87	64	32
763 Stryn	2	2	2	2	2	2	2	7	53	84	114	133	158	158	132	106	59	34	23	14	8	2	0	0
764 Eid	17	29	40	44	26	30	35	39	50	63	95	119	133	154	156	160	153	147	120	121	111	89	53	21
765 Eid	1	3	2	2	1	2	7	104	169	209	220	235	230	204	171	136	98	74	46	28	9	5	1	1
766 Vågsøy	14	26	29	29	27	19	24	24	39	43	65	88	96	106	101	107	98	79	74	64	73	68	45	26
767 Vågsøy	0	1	1	1	1	1	2	5	73	106	123	133	132	124	100	71	40	23	12	3	1	1	1	1
768 Selje	13	17	20	16	18	16	16	19	33	42	58	70	88	97	95	79	79	69	64	46	56	47	39	24


Figur 6.8.: Aktivitetsoversikt for 2017 for dei ulike ambulansane (døgn- og dagbilar). Tabellen viser aktivitet for kvar time på døgnet langs x-aksen, og kvar ambulanse har si linje. Sjå teksten for forklaring . Data fra ambulansenesta.

Høgaste talet i tabellen er 350 mellom klokka 11-12 for «743 Førde», dagambulansen i Førde. Det betyr at denne ambulanseressursen var i oppdrag 350 av 365 mogelege gongar mellom 11-12 gjennom 2017. Raudast farge er høgst aktivitet, grønast farge er lågast aktivitet. Tobårebilane som har kapasitet for to bårepasientar vil i situasjonar med to pasientar i bilen, telje to timer per klokkeime. Tilsvarande gjeld for dagbil i Lærdal og Eid.

Dagambulansane i Lærdal og Eid har også mykje oppdrag på dagsid. For dei øvrige stasjonane med dagbil, vert denne ressursen ofte nytta som første ressurs ut føremiddag og dagtid. Dette for å avlaste personellet som skal ha døgnvakt.

Dagambulansar som anten er i oppdrag eller på stasjonen på dagsid, er ikkje i beredskap på kveld, og natt og då skal aktiviteten på nattetid vere null eller nær null. Årsaka til at talet ikkje alltid er null, er at vi nyttar ambulansen på kvelds- og nattetid ein gong i blant, til dømes på reservebil-oppdrag, ved utvida beredskap i situasjonar med uvêr eller større arrangement der beredskapen er utvida.


Prosjektet har også sett på andel tid i beredskap i høve tid på oppdrag, sjå figur 6.9:



Figur 6.9: Søylediagram med aktiv tid vs beredskapstid ved ulike stasjonar i Helse Førde. Samla tal vakttimar langs y-aksen. Periode 2017. Kvit del av søylene er tid i beredskap, raud/gul og grøn del av søylene er tidsforbruk på hhv. akutte-, haste- og vanlege oppdrag. Data frå ambulansetenesta.

Det framgår av figur 6.9 at ambulansearbeidarar er mykje i beredskap. Dette gjeld ved alle stasjonar. Andelen er likevel ulik, då det er ved dei minste stasjonane med lågast aktivitet at prosentvis tid i beredskap er størst.

Sjølv om det i snitt er mange ambulansar i beredskap i fylket, så er det også tidspunkt der ein stor del av ambulanseressursane kjem i bruk samstundes, sjå figur 6.10 nedanfor. Figuren syner alle bilane i fylket på eit gitt tidspunkt. Pilene viser at alle saman var i oppdrag av ulike kategoriar.



Figur 6.10: Døme på augneblinkaugneblinksbilete frå AMK-sentralen i Førde på eitt av dei travlare tidspunkta i 2017. Pilene representerer ambulanseressursar i oppdrag, og fargen representerer type oppdrag. Ambulansar på tur utanom fylket framgår ikkje av denne oversikta.

6.1.4. Oppsummering bilambulanse

- Bilambulansetenesta har hatt gradvis auka aktivitet over mange år.
- Det er ulik aktivitet og belastning på ambulanseressursane i fylket. Ved mange stasjonar er det mykje beredskap i høve aktiv tid på oppdrag.
- Raude akuttoppdrag er relativt jamt fordelt over døgnet og året. Grøne og gule turar dominerer på dagtid, så også bestilte transportar.
- Sjølv om befolkninga i nokre turistkommunar aukar mykje i turistsesongen, så aukar ikkje tal ambulanseoppdrag i vesentleg grad.

6.2. Båtambulanse

Tidlegare var det opptil sju båtar med driftsavtale som ambulansebåt langs kysten av Sogn og Fjordane. Forbruket av båtoppdrag i fylket har dei siste 20 åra hatt ein kraftig tilbakegang. Struktur og beredskap er gradvis forsøkt tilpassa dei største endringane, som skuldast endra infrastruktur der øyar har fått veg- og brusamband, ev. utvida ferjetilbod. I tillegg har folketalet på øyane gått jamt tilbake. Redusert bruk- og oppdragsmønster har ført til færre båtar i drift. Interkommunal legevaktordning har og resultert i færre legebesøk med ambulansebåt.

I dag er det tre utøvarar av båttenester i Helse Førde. Desse ligg i Solund, Askvoll og Florø. Reiarlaga stiller med båt og kompetent maritimt personell, medan Helse Førde stiller helsefagleg personell. Styret i Helse Førde avgjorde i styremøte 18. november 2016 korleis båtambulansetilbodet i område sør skal vere. Området skal på sikt driftast med ein ambulansebåt frå Solund, med ein båtberedskap for innbyggjarane på Atløy.

6.2.1. Aktivitetsdata

Aktivitetsdata for båtambulanse er basert på rapportering frå utøvarane. Det er nokre feilmarginer i høve fordeling på hastegrad og type oppdrag. Føretaket manglar tal frå Flora frå tidlegare år.

	Oppdrag 1997	Oppdrag 2005	Oppdrag 2012	Oppdrag 2017
Gulen	539	155		
Solund	490	284	186	227
Askvoll	480	253	109	99
Florø				93
Samla	1509	692	295	419

Tabell 6.1: Ambulansebåtar, utvikling i oppdragsmengde fra 1997 – 2017. Data fra ambulansetenesta.

	Helsepersonell				Pasienttransport			
	2003	2005	2012	2017	2003	2005	2012	2017
Solund	155	52	17	25	196	145	83	37
Askvoll	197	101	0	0	102	99	33	13
Florø	117		1	0	145		21	48
Samla	469	153	18	25	443	244	137	98

Tabell 6.2: Ambulansebåtar: Oppdrag pasienttransport og transport av helsepersonell 2003-2017. Data fra ambulansetenesta.

Bruken viser nedgang på alle båtar i område sør. Kommunane sin bruk av båt til å transportere helsepersonell har størst tilbakegang. Pasientreisers bruk av båt til sjuketransport har også stor tilbakegang. Ambulanseoppdrag har derimot vore meir stabilt i perioden. Båtambulansen i Solund har hatt vekst i tal ambulanseoppdrag etter at det i 2015 kom ambulansefagarbeidar som del av mannskapet.

	2012				2017			
	Totalt	Akutt	Hastar	Vanleg	Totalt	Akutt	Hastar	Vanleg
Solund	92	10	40	38	168	22	86	60
Vågsøy	12	2	8	2	3	2	1	0
Askvoll	75	31	42	2	90	31	51	6
Florø	121	37	77	7	45	11	32	2
Totalt	298	83	168	47	306	66	170	68

Tabell 6.3: Ambulanseoppdrag totalt og delt på hastegrad i 2012 og 2017.

Helse Førde kjøper i dag båttenester i Vågsøy med Redningsselskapet som eit «supplerande kjøp av akuttmedisinsk beredskap». Vågsøy skil seg ut med særleg få oppdrag. Av desse oppdraga er nokre knytt til pasientar som kryssar Nordfjorden frå Bremanger. Gjennomgang av utførte oppdrag viser også hyppig bruk av luftambulanse på akuttoppdrag til øyane i Vågsøy.

Dagens avtale i Florø varer til 1. mai 2020, eventuelt til 2022 medrekna mogelege opsjonar. Forbruket av båttenester dei siste åra har reelt hatt nedgang. Dette var venta i og med at Bremanger 2-sambandet var under bygging i førre anbodskonkurranse.

I helgane og sommartid er folketalet ofte høgare enn tala oppgitt i befolkningsgrunnlaget. Tilsvarende må vi rekne med at folketalet kan vere lågare i vekene med vekependling av yrkesaktive og skulelevar.

6.2.2. Oppsummering og tilråding i høve båt

Forbruket av båtoppdrag har gått kraftig tilbake dei siste 20 åra, og aktiviteten er låg for fleire av båtambulansane.

Prosjektgruppa ser at det har vore nødvendig å samle tenestene og sikre større aktivitet både av omsyn til medisinsk og maritim kompetanse.

Båtambulansetenesta må levere trygge tenester for innbyggjarane langs kysten og i øyane. Nedgang i aktivitet og folketal, saman med skjerpa krav til organisering og drift, gjer at ytterlegare endringar må vurderast framover.

Prosjektet tilrår ei eiga saksutgreiing i høve organisering av båtambulanse i område nord – Florø, Bremanger og Vågsøy – i fase 2 av prosjektet.

Prosjektgruppa er opptatt av å sikre ei medisinsk organisering og følgjeordning som er organisert opp mot ambulansetenesta på fastlandet. Med unntak av i Solund, er det naturleg at medisinsk følgjepersonell kjem frå ordinære ambulansebilar.

6.3. Luftambulanse og redningshelikopter

Luftambulanse og redningshelikopter utgjer ein viktig del av dei prehospitale teneste i Helse Førde.

Ambulansehelikopter vert nytta når kritisk dårlege pasientar har behov for tiltak både før og under transport til Førde sentralsjukehus. Vi nyttar også helikopter når det er trond for rask transport til sjukehus og avstanden er lang.

Ved nokre akuttoppdrag er det høgast prioritert å få transportert pasienten direkte til avansert sjukehusbehandling utanfor fylket. Dette gjeld t.d. traumepasientar med alvorlege skadar i hovud eller mage/brystregionen etter trafikkulukker. Behandlinga av desse er centralisert til større traumesenter på regionsjukhus med kapasitet innan nevrokirurgi, thoraxkirurgi (hjarte/lunge) og intensivavdeling på høgaste nivå. Det same gjeld pasientar med akutt hjartearfarkt og behov for øyeblankeleg hjel-utblokking av hjartet sine kransårer. Begge pasientgrupper er døme på akuttoppdrag der ein fortrinnsvis transporterer direkte til Haukeland universitetssjukehus med helikopter.

Prosjekt prehospital plan har ikkje i sitt mandat å skulle vurdere strukturen for luftambulanse og redningshelikopter. Rapporten tek likevel med ei skildring av aktiviteten for luftambulanse- og redningshelikoptertenestene. Dette av di informasjonen utgjer ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget når status for den samla prehospitale tenesta i Helse Førde skal vurderast, og når ein i seinare prosjektfase skal modellere framtidas bil- og båtambulansenesteneste.

Heilt kort oppsummert har luftambulanse og redningshelikopter kvar sine primære ansvarsområde, men dei overlappar likevel kvarandre i stor grad. Redningshelikopteret tek flest søk- og redningsoppdrag og går til havs, og har storleik og særskilt utrusting for dette. Det er Hovudredningssentralen på Sola som styrer ressursen. Luftambulansen tek primært akuttmedisinske oppdrag, men også redningsoppdrag ved behov. Helikopteret er mindre og har noko anna utstyr. Luftambulansen mottek sine alarmar frå AMK Førde.

6.3.1. Operatørar og bemanning

Luftambulansen har base i Førde, redningshelikopteret i Florø. Både luftambulansen og redningshelikopteret er bemanna med anestesilege 24/7 frå avdeling for akuttmedisin (AAM) i Helse Førde. Øvrig personell på luftambulansen (pilot og redningsmann) er tilsett i operatørselskapet Norsk Luftambulanse AS. Operatør for redningshelikopteret i Florø har frå september 2017 vore CHC Helikopter Service. Tidlegare har det vore

Forsvaret sin 330 skvadron som har vore operatør, og Forsvaret planlegg å kome inn att når nye redningshelikopter er på plass om nokre år.

6.3.2. Retningslinjer for bruk av luftambulanse

Nasjonale retningslinjer for bruk av luftambulanse er frå 2009. Desse er oppsummerte i figur 6.10 nedanfor.

Retningslinjer for bruk av luftambulanse:

- I. Luftambulanse kan brukes når det foreligger sykdom eller skade som krever rask og/eller spesialisert overvåkning, akuttmedisinsk behandling og transport. Bruk av luftambulanse skal alltid vurderes opp mot bruk av ambulansebil eller ambulansebåt og skal gi en forventet økt helsegevinst i forhold til bruk av andre ressurser.
- II. Luftambulanse kan også brukes i situasjoner hvor tidsfaktoren ikke er avgjørende, men hvor bruk av ambulansebil eller ambulansebåt vurderes å representere en uakseptabel fysisk eller psykisk belastning for pasienten, for eksempel ved spesielt lang transportavstand/tid eller ved åstedder som er vanskelig tilgjengelig for landbaserte ressurser.
- III. Ambulansefly og unntaksvis ambulansehelikopter kan også benyttes til tilbakeføringer av pasienter der luftransport er nødvendig ut fra en medisinsk vurdering. Dette gjelder også der sykehusene må frigjøre kapasitet for å sikre tilfredsstillende beredskap for mottak av nye pasienter. Beredskapshensyn skal prioriteres foran tilbakeføringsoppdrag, og primært bør retur til egen base utnyttes til slike oppdrag.
- IV. I spesielle situasjoner, når det anses tvingende nødvendig på grunn av tidsaspektet, kan luftambulanse benyttes til transport av for eksempel medisinsk utstyr, medikamenter, organer, blod og helsepersonell.
- V. Luftambulanse kan benyttes til enkle søker- og redningsoppdrag (SAR).
- VI. Luftambulanse skal ikke benyttes til andre politioppdrag enn SAR*. Etter nøye vurdering kan imidlertid politi følge med for å sikre en trygg gjennomføring av akuttmedisinske oppdrag.
- VII. Redningshelikopter kan benyttes til ambulanseoppdrag etter godkjenning fra HRS.


Når det vurderes mer hensiktsmessig, kan luftambulansetjenestens personell rykke ut med legebil i stedet for luftambulanse. Legebil benyttes etter de samme kriteriene som luftambulanse og skal ikke erstatte varsling og bruk av kommunal legevakt.

*I ettertid er det tilkommet en merknad om at luftambulanse kan transportere politi i situasjoner der livstruende vold pågår (PLIVO)

Figur 6.10: Nasjonale retningslinjer for bruk av luftambulanse.

6.3.3. Omkringliggjande helikopterressursar

Helikopter stasjonert i Sogn og Fjordane er del av ein nasjonal helikopterflåte. Helikopter frå andre basar bistår i vårt fylke og vice versa, til dømes når lokale vêrtilhøve hindrar eit helikopter frå å lette, når ein er ute på anna oppdrag eller når eit helikopter er ute av drift pga. tekniske problem. Sjå figur 6.11 nedanfor.



Figur 6.11: Basestrukturkartet viser områda som teoretisk blir dekka innan ca. 30 minutt flytid i Sør-Norge. NB: Dei inntegna ringane gjevd for nye ambulansehelikopter og redningshelikopter som fasast inn frå 2018-2020. Kjelde: Prosjekt Gjennomgang basestruktur for luftambulansehelikopter, 2017(Helse Sør Øst).

Figur 6.11 illustrerer at Sogn og Fjordane har tilgang på helikoptertenester frå fleire basar: Førde, Florø, Bergen, Ål, Ålesund og Dombås.

6.3.4. Aktivitetstal

Prosjektet har to hovudkjelder til aktivitetsdata. Det pågår i 2017/2018 eit nasjonalt prosjekt med gjennomgang av basestrukturen for luftambulansar. Prosjektet ser mellom anna på aktivitetstal ved ulike basar i landet. Figurane nedanfor der Førde og Florø-basane er samanlikna med andre basar kjem frå dette prosjektet, og talmaterialet er frå treårsperioden 2014-2016. Vidare er luftambulansen sine eigne data presenterte i høve aktivitetstal i vårt fylke for 2016. Ulike oppdragstypar framgår i figur 6.12.

Primæroppdrag: oppdrag der pasienten befinner seg utenfor sykehus.

Sekundæroppdrag: Oppdrag der pasienten transportereres fra et sykehus til et annet sykehus på høyere nivå, pga. akutt sykdom eller skade som trenger høyspesialisert behandling.

Tilbakeføring: oppdrag hvor pasienten overføres fra et sykehus til et annet for å redusere omsorgsnivået, tilbake til den institusjonen som pasienten sokner til, eller til hjemmet.


SAR: Søk og redningsoppdrag

Kilde: Helsedirektoratet, Definisjonskatalog for den akuttmedisinske kjede, 2. utgave (2012)

Figur 6.12.: Inndeling av oppdragstypar. Kjelde: Helsedirektoratet.

I 2014-2016 hadde Sogn og Fjordane nest flest førespurnader om luftambulanse/redningshelikopter/ambulansefly til primæroppdrag sett i høve folketalet. Sogn og Fjordane hadde flest førespurnader om luftambulanse. I Nord-Norge, og då særleg i Finnmark, brukar dei mykje ambulansefly, og det gjer at dei vart kontakta flest gonger samla sett.


Totalt antall henvendelser* fra AMK om primæroppdrag, pr 10 000 innbygger og hendelsessted, 2014-2016



Figur 6.13: Tal førespurnader frå AMK om primæroppdrag per 10.000 innbyggjarar 2014-2016. Kjelde: Luftambulansetjenesten HF.


Dei to neste figurane viser absolutte aktivitetstal i perioden 2014-2016 for dei ulike basane, i figur 6.14 for luftambulanse og i figur 6.15 for redningshelikopter. Her er ikkje storleiken på befolkninga teke omsyn til:

Totalt antall gjennomførte* oppdrag med ambulansehelikopter og legebil pr base, 2014-2016



Figur 6.14: Totalt antal gjennomførte oppdrag per luftambulansebase 2014-2016. Redningsoppdrag er rekna med. Kjelde: Luftambulansetjenesten HF.

Totalt antall gjennomførte* oppdrag med redningshelikopter og legebil pr base, 2014-2016



Figur 6.15: OBS søker- og redningsoppdrag ikke rekna med. Kjelde: Luftambulansetjenesten HF.


Aktivitetstala viser at vi i Sogn og Fjordane sett i høve storleiken i befolkninga brukar meir ambulansehelikopter enn andre. Dei geografiske tilhøva med lange avstandar, fjordar og fjell samt ei kystlinje med øysamfunn spelar inn her. Med fleire helikopter i området har ein også god tilgang på helikopterressursar. Legevaktlegar rykkjer i liten grad ut på akuttoppdrag på vakttid, og dette kan mogeleg også innebere hyppigare bruk av ambulansehelikopter. Treng pasienten lege på staden, er det i praksis berre helikopterlege som kan kome til i desse delane av fylket.

Det er akuttoppdraga som dominerer for ambulansehelikoptera, og dette er slik det skal vere, jf. retningslinjene. For Førde som for dei fleste andre ambulansehelikopterbaser i landet, ligg delen av akuttoppdrag mellom 70 og 80 prosent av totalen.

6.3.5. Del avviste og avbrotna oppdrag, årsaker

Figur 6.16 viser del oppdrag som i perioden 2014-2016 vart avvist av luftambulansen ved ulike basar. Her ser vi at luftambulansen i Førde avviste 31 prosent av førespurnadene.


Antall gjennomførte, avviste og avbrutte oppdrag med ambulansehelikopter, 2014-2016



Figur 6.16: Avviste oppdrag for ulike luftambulansehelikopter 2014-2016. Luftambulansen i Førde avviste 31 prosent av oppdraaga. Kjelde: Luftambulansetjenesten HF.

Figur 6.17 nedanfor går meir i detalj på årsakene til avviste oppdrag i perioden. Hyppigaste årsak i Førde var «ikkje behov» (62 prosent), dinest kom vêrtihøve med 15 prosent og samtidskonflikt (opptatt med anna oppdrag) i 12 prosent. Det kjem ikkje fram i denne statistikken om anna helikopter kjem til frå andre basar.

Årsaker til avviste oppdrag med ambulansehelikopter, 2014-2016



Figur 6.17: Årsakar til avviste oppdrag med luftambulansehelikopter ved ulike basar, 2014-2016. Kjelde: Luftambulansetjenesten HF.

Dette samsvar godt med det anestesilegane i Førde og Florø har lagt inn i datasystemet som årsak til avslatte eller avbrotna oppdrag gjennom dei siste tre åra (2015-2017) for helikoptera. I perioden avslo eller avbraut luftambulansen og

redningshelikopteret oppdrag totalt 369 gongar, og vanlegaste årsak var manglande indikasjon (ikkje behov).

Tal for 2017 åleine viser avslag eller avbrot 107 gongar pga. ikkje behov, ni gongar pga. mors (pasient død), 9 gongar pga. samtidskonflikt og 18 gongar pga. vertilhøva. Ved tre og fire tilfelle var årsaka tilhøve omkring koordinering eller «anna».

6.3.6. Faktisk tilgjengeleghet

Samanlikna med andre basar, har luftambulansen i Førde høg grad av tilgjenge og låg del av tida utmeld pga. kviletsreglar, sjå figur 6.18:

Faktisk tilgjengelighet og andel utmeldt pga. hviletsbestemmelser for ambulansehelikoptre, 2014-2016

Tid på beredskap (tilgjengelighet*) pr base

Base	2014	2015	2016
Arendal	97,5 %	98,1 %	97,5 %
Bergen	97,9 %	98,6 %	98,7 %
Brønnøysund	96,9 %	96,5 %	98,0 %
Dombås	98,6 %	98,6 %	98,1 %
Evenes		98,6 %	98,0 %
Førde	98,9 %	99,3 %	99,4 %
Lørenskog 1	96,6 %	94,6 %	95,2 %
Lørenskog 2	96,8 %	96,2 %	96,8 %
Stavanger	98,6 %	99,0 %	97,8 %
Tromsø	93,9 %	96,4 %	97,6 %
Trondheim	97,0 %	96,9 %	96,1 %
Ål	99,1 %	98,6 %	97,8 %
Alesund	96,0 %	95,2 %	93,6 %

Andel utmeldt pga. hviletsbestemmelser (duty)

Base	2014	2015	2016
Arendal	2,0 %	1,6 %	1,8 %
Bergen	1,7 %	1,2 %	0,8 %
Brønnøysund	1,5 %	1,2 %	0,8 %
Dombås	1,1 %	0,9 %	1,5 %
Evenes		0,3 %	0,9 %
Førde	0,5 %	0,6 %	0,3 %
Lørenskog 1	3,2 %	5,1 %	4,4 %
Lørenskog 2	2,9 %	3,3 %	2,8 %
Stavanger	1,0 %	0,3 %	1,7 %
Tromsø	1,1 %	0,4 %	1,1 %
Trondheim	2,6 %	2,9 %	3,8 %
Ål	0,7 %	0,8 %	1,6 %
Alesund	1,3 %	2,5 %	1,9 %

Kommentarer

- Tabellen viser faktisk tilgjengelighet pr base i perioden 2014-2016
- Tallene inkluderer planlagt og ikke planlagt vedlikehold, dutytid, personell og annet
- NB! Værmessige forhold er ikke innberegnet

Kommentarer

- Tabellen viser andelen av mulig produksjonstid der basene er utmeldt på grunn av hviletsbestemmelser, 2014-2016


* Faktisk tilgjengelighet, der både fartøy og personell er klare for oppdrag

26

Figur 6.18: Andel av tida luftambulansane er tilgjengelege på base for oppdrag og andel av tida utmeldt pga. kvileregler 2014-2016. Kjelde: Luftambulansetjenesten HF.

Det framgår av desse tala at både luftambulansen i Førde og redningshelikopteret i Florø har høg grad av tilgjenge. Dette passar med at samtidskonfliktar er sjeldne for ambulansehelikoptera i vårt fylke.

ÅRLEG BELASTNINGSRAPPORT FOR LUFTAMBULANSE PER KLOKKETIME



Figur 6.19: Total belastningsrapport for luftambulanse per klokkeime i 2016 (alle oppdrag).
Gjeld høvesvis biloppdrag Florø, helikopteroppdrag Florø, biloppdrag Førde, helikopteroppdrag Førde. Data frå luftambulansenesta.

6.3.7. Kva skjer når luftambulansen ikkje kan kome?

Det pågår forskning på kva som skjer når luftambulanse aviser oppdrag. Figur 6.17 viser at hyppigaste årsaka til avslag er at luftambulanselegen ikkje finn medisinsk indikasjon. Då kan, og skal, bilambulanse ta oppdraget. Noko anna er det når luftambulanselegen finn medisinsk grunnlag for å ta oppdraget, men må avslå til dømes pga. vêrtihøva. I slike situasjonar må oppdraga løysast med bil- og båtambulanse, legevakt og eventuell møtekøyring ved luftambulanselege i Førde. Desse situasjonene har vore mykje diskutert i vårt fylke.

Eit p.t. upublisert forskningsprosjekt i høve temaet vart i desember 2017 presentert av forskar Dag Ståle Nystøyl ved den nasjonale konferansen for prehospitalte tenester i Oslo. Forskninga er spesielt interessant fordi materialet er henta frå Sogn og Fjordane. Materialet tek for seg avviste oppdrag i perioden 2012-2015, og ein har gått gjennom heile pasientforløpa der luftambulanseoppdrag vart avvist. Prosjektgruppa inviterte forskaren til å presentere sine funn for oss i februar 2018. Resultata er ikkje publiserte, så vi kan ikkje gje att detaljar. Likevel kan vi referere nokre hovudtrekk:

- Ein del av dei avviste oppdraga blei løyste ved bruk av andre helikopter frå andre basar, og ein annan del oppdrag vart nedgraderte då ein ikkje lenger fann indikasjon for luftambulanse.

- Forskaren har så gått i djupna på dei gjenståande avviste akuttoppdraga både i høve korleis dei vart løyste, om legevakta i desse situasjonene valde å følgje med pasienten til sjukehus eller ikkje, og også korleis det gjekk med pasientane:
 - Transport med bilambulanse var hovudalternativ når oppdrag ble avvist av luftambulansen.
 - Fleirtalet av pasientane vart lagt inn på sjukehus.
 - Ein del av pasientane vart undersøkt av legevakslege, og det var i fleire tilfelle også legevakta som rekvirerte luftambulanse.
 - I berre liten grad følgde legevaktlege med pasienten under ambulansetransporten til sjukehus, også i dei tilfella kor legen primært hadde vurdert det nødvendig med luftambulanse.

6.3.8. Oppsummering og tilrådingar i høve luftambulanse/redningshelikopter

I vårt fylke er luftambulanse og redningshelikopter viktige supplement til bil- og båtambulansane.

Pasientane har god tilgang på helsetenester og transport levert av helikopterressursar i Sogn og Fjordane, særleg frå dei to basane som ligg i fylket, men også frå kringliggjande basar.

Vi brukar mykje luftambulanseressursar i Helse Førde i høve folketalet. Årsakene er god tilgang, avstandar og øvrige geografiske tilhøve.

Høg bruk av luftambulanse ved akuttoppdrag supplerer bil- og båtambulansane i å levere tenestene til pasientar i fylket vårt. Luftambulansen utgjer i praksis eit viktig kompenserande tiltak i dei delane av fylket der responstida for bilambulansar ligg over den nasjonale målsetjinga om å nå 90 prosent av befolkninga innan 25 minutt i grisgrendte strok. Sjå kap. 8 for meir om responstid for bilambulanse.

6.4. AMK Førde (akuttmedisinsk kommunikasjonsentral)

Medisinsk nødmeldeteneste er eit nettverk av AMK-sentralar som samla utgjer svarteneste på medisinsk nødhjelpsnummer 113. AMK-sentralane arbeider tett

saman innan regionane, men samhandlar også med andre AMK-sentralar nasjonalt. For å få dette til har det vore eit stort nasjonalt prosjekt knytt til felles datasystem for medisinsk nødmeldeteneste. Dette arbeidet vert no vidareført i regi av Helse Vest, og vil truleg ende med innføring av nytt elektronisk støttesystem hausten 2019.

6.4.1. Oppgåver

AMK Førde er «navet i hjulet» for dei prehospitalare tenestene.

AMK-sentralen svarar på medisinske nødmeldingar, gjev nødvendige råd og rettleiing, prioriterer, registrerer, set i verk, samordnar og følgjer opp akuttmedisinske oppdrag fram til helseressursar er framme hjå pasienten og pasienten eventuelt er levert hjå legevakt eller sjukehus.


Varsling av ressursar som ambulanse, ambulansebåt, ambulansehelikopter og legevaktsentral med legevaktslegar er sentrale oppgåver. I dette ligg også styring av den samla ambulanseflåten. God flåtestyring er viktig for beredskapen. AMK vurderer løpende både korleis innkomande oppdrag kan løysast best, på same tid som sentralen tek omsyn til attverande beredskap i området.

Ved større eller spesielle hendningar varslar AMK beredskapsleiinga i føretaket i samsvar med beredskapsplanverket. Det er då også tett samarbeid med andre AMK-sentralar.

AMK-sentralen samhandlar vidare nært med dei tre legevaktcentralane i fylket. Desse er drifta av interkommunale løysingar, og er lokaliserete ved sjukehusa på Nordfjordeid, i Førde og i Lærdal.

6.4.2. Aktivitetstal

AMK har mange ulike oppgåver å ivareta, og det ligg utanfor formatet til denne rapporten å presentere AMK-aktivitetane i detalj. Tal telefonar til AMK Førde for kvar månad i 2017 (figur 6.20) kan illustrere telefontrafikken i sentralen:



Figur 6.20: Tal telefonar i AMK Førde gjennom 12 månader i 2017. Data frå AMK Førde.

6.4.3. Pågåande utvikling i høve AMK-funksjonar

Luftambulansekoordinering føregår i dag ved alle AMK-sentralar, men vil i framtida bli lagt til 1-2 av AMK-sentralane i regionen. Denne vil få nemninga LA AMK (luftambulanse AMK).

Med innføring av nytt felles datasystem i AMK-sentralene i Helse Vest, vil sentralane meir effektivt kunne assistere kvarandre ved til dømes stor pågang. Det pågår no eit forprosjekt i Helse Vest kring dette, ofte omtala som “virtuell AMK”.

7. Dagens prehospitale tenester i kommunane

Prosjektet har jf. mandatet for fase 1 (vedlegg 1) kartlagt status også for kommunane sin del av dei prehospitale tenestene. Vi har innhenta informasjon frå kommunar og legevakter via spørjeundersøking. I tillegg er det henta informasjon frå AMK-sentralen, ambulansetenesta og helsedirektoratet.

Fokus har vore på korleis primærhelsetenesta har organisert seg i høve legevakt på dagtid og vakttid, dessutan på om ein har fungerande akutthjelparordningar i kommunane. Ein har ikkje hatt høve til å gå nærmare inn på andre, viktige delar av dei kommunale tenestene, som til dømes pleie- og omsorgstenester. Dette kapittelet inneholder oversyn over den informasjonen som prosjektet har henta inn.

7.1. Krav til kommunane i lov og forskrift

Kommunane har ansvaret for alt av øyeblikkeleg hjelp-hendingar i eigen kommune, jf. helse- og omsorgslova §3.5 (4).

Kapittel 2 i akuttmedisinforskrifta (7) omhandlar kommunal legevaktordning:

§6 pålegg kommunane å tilby legevaktordning som sikrar befolkninga sitt behov for øyeblikkeleg hjelp. Lege skal vere tilgjengeleg for legevakt heile døgnet. Vaktlegen skal til kvar tid vere knytt opp mot kommunen sin legevaktcentral, og vere tilgjengeleg for kommunikasjon og varsling via nødnettradio (§12,13). Fleire kommunar kan samarbeide om legevaktordninga, og slik utgjere eit legevaktdistrikt. Fastlegar har ansvar for strakshjelp til eigne pasientar i legekontoret si opningstid. Legevaka skal vurdere, gje råd og rettleie ved øyeblikkeleg hjelp, diagnostisere og behandle akutte medisinske tilstandar ved legekonsultasjonar og sjukebesøk. Legevaka skal yte hjelp ved ulukker og andre akutte situasjonar, mellom anna straks rykkje ut når det er nødvendig (§6).

Kommunane skal syte for at legevaka er utstyrt slik at helsepersonell i vakt kan gjennomføre diagnostikk og setje i verk nødvendig medisinsk behandling og overvaking i akutte situasjonar (§9). Legevaka skal også vere organisert og utstyrt slik at helsepersonell i vakt straks kan rykkje ut.

Det er vidare i akuttmedisinforskrifta krav til kompetanse for helsepersonell i legevaktarbeid (§7,8), og alt helsepersonell skal ha gjennomført kurs i akuttmedisin og kurs innan vald og overgrep. Sjølvstendig arbeidande legevaktlegar skal vere spesialistar i allmennmedisin eller godkjende allmennlegar. Der er også krav til kursing (m.a. akuttmedisinsk kurs og kurs i vald- og overgrepshandtering). For legar

i vakt som ikkje fyller krava, pliktar kommunane å etablere bakvaksordningar som må kunne rykkje ut når det er nødvendig.

På same vis som forskrifta i 2015 gav overgangsordning for kompetansekrava i ambulansetenesta, har det også vore tre års overgangsordning for kompetansekrava for legar i legevakt.

7.2. Organisering av legevakt og legevakttelefonsentralar

I kontortida er det i alle kommunar slik at fastlegekontora syter for nødvendig helsehjelp. Vaktlege er tilgjengeleg på nødnetradio. På vakttid driv seks kommunar i fylket eiga legevaktordning (Solund, Vik, Luster, Flora, Bremanger og Gloppen). Dei øvrige 20 kommunane er del av interkommunale legevaktssamarbeid. Alle kommunane er med i samarbeid om legevaktssentralar, sjå tabell 7.1. og 7.2.

Tabell 7.1.: Kommunane i Sogn og Fjordane: Legevaktordningar på vakttid og plassering av legevaktssentralat.


Kommune	Kveld/natt/helg	LV-sentral
Gulen	Nordhordland legevakt(NHLV)	Knarvik
Solund	Solund LV	Førde
Hyllestad	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Høyanger	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Balestrand	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Askvoll	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Fjaler	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Gaular	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Jølster	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Førde	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Naustdal	Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	Førde
Flora	Flora LV	Førde
Bremanger	Bremanger LV	Førde
Gloppen	Gloppen LV	Førde
Vik	Vik LV	Lærdal
Leikanger	Leikanger og Sogndal IK LV	Lærdal

Sogndal	Leikanger og Sogndal IK LV	Lærdal
Aurland	Aurland, Lærdal og Årdal IK LV	Lærdal
Lærdal	Aurland, Lærdal og Årdal IK LV	Lærdal
Årdal	Aurland, Lærdal og Årdal IK LV	Lærdal
Luster	Luster LV	Lærdal
Selje	Nordfjord IK LV	Eid
Eid	Nordfjord IK LV	Eid
Hornindal	Nordfjord IK LV	Eid
Stryn	Nordfjord IK LV	Eid
Vågsøy	Nordfjord IKLV	Eid
Tal kommunar med eigne legevakter: 6		
Tal interkommunale legevakter: 5 (21 kommunar)		

Interkommunal legevakt (IK LV)	Tal	Kommunar
Aurland, Lærdal og Årdal IK LV	3	Aurland, Lærdal, Årdal
Leikanger og Sogndal IK LV	2	Leikanger, Sogndal
Nordfjord IK LV	5	Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Stryn
Nordhordland legevakt NHLV	(8)	Gulen + 7 andre kommunar i Nordhordland
Sunnfjord og Ytre Sogn IK LV	9	Hyllestad, Høyanger, Balestrand, Askvoll, Fjaler, Gauldal, Jølster, Førde, Naustdal

Tabell 7.2.: Interkommunale legevakter

LV-telefonsentralane er knytt til legevaktstasjonane i Nordfjord, Lærdal og Sunnfjord/Ytre Sogn, og ligg i eller tett ved sjukehusa i fylket. Her er ein dekka med lege og sjukepleiar(ar) som også dekkar telefonoperatørfunksjon og bemannar kommunale ØHD-senger (øyeblikkeleg hjelp døgnopphald). SYS-IKL i Førde har to legar på vakt utanom kontortid, øvrige legevakter har ein lege på vakt.



Figur 7.1.: Legevaktdistrikta i Sogn og Fjordane på vakttid. Raude prikker viser plassering av legevaktslegane (NB – for Bremanger anten vakt i Svelgen eller på Hauge, raud prikk i Vik manglar). Grøne trekantar viser telefoncentralar for legevakt.

Figur 7.1. viser legevaktområda i Sogn og Fjordane framstilt i eit kart. I Sogn og Fjordane som elles i landet, har kommunane i stor grad gått saman i interkommunale større legevaktsamarbeid.

7.2.1. Kvifor kommunane har oppretta større interkommunale legevakter

NOU 2015: 17 «Først og fremst» (9, side 111-112) refererer korleis argumentasjonen for og i mot interkommunale legevakter har vore i saksutgreiingar ulike stader i landet. Prosjektet refererer desse punktvis, då problemstillingane også har vore utfordrande for kommunane i Sogn og Fjordane:

- For: Omsynet til legane sin vaktbelastning og omsynet til rekruttering og stabilitet i fastlegetenetene. Viktigaste argument.
- For: Høg vikarbruk, mange utanlandske vikarlegar, høg del turnuslegar og få fastlegar gav auka risiko og gjorde tenesta meir sårbar.
- Mot: Redusert tilgang til legevaka for innbyggjarane i alle andre kommunar enn vertskommunen. Omtalt kompenserande tiltak ved at ambulanse og luftambulanse handterer dei mest akutte tilfella.
- For: Store kostnader til vikarlegar ved tidlegare ordningar (gjaldt nokre kommunar).

- Lite omtalt: Effektar på evna til utrykking og sjukebesøk.
- Lite omtalt: Omsyn til kvalitet og tryggleik.
- Lite omtalt: Samfunnsøkonomiske avvegingar.

For grundigare omtale av dei utfordringar primærhelsetenesta/kommunane har hatt/har, og korleis desse har medverka til at ein har oppretta større interkommunale legevakter, les utsnittet av NOU-en som er nemnd ovanfor.

7.3. Spørjeundersøking til kommunane

Prosjekt prehospital plan gjennomførte i januar 2018 ei spørjeundersøking for å kartleggje situasjonen i kommunane med omsyn til mellom anna legevakt. Tolv av 26 kommunar (Eid, Flora, Askvoll, Selje, Vågsøy, Balestrand, Leikanger, Bremanger, Solund, Hyllestad, Jølster, og Vik) svara, dvs. ein svarprosent på 33. Spørsmåla framgår av figur 7.2.

Pga. låg svarprosent og mange «veit ikkje» har ein ikkje gått vidare med analysar på desse, men valt å oppsummere slik:

7.3.1. Organisering av daglegevakt

Daglegevakt er på legekontora i kommunane. Kapasiteten er opplevd som god, slik at konsultasjonar sjeldan eller aldri må flyttast frå dag til kveld. Ein kommune skildrar likevel at heimebesøk må skje etter kl. 16 pga. tidsbruken. Kommunane svarar ulikt på om legevaktlege rykkjer ut på akuttoppdrag (raude responsar) på dagtid. I nokre kommunar er det alltid/nær alltid utrykking, andre stader rykkjer legen ut ved ein del av oppdraga. I fleirtalet av dei tolv kommunane registrerer dei ikkje når lege rykkjer ut (lege skriv berre i pasientjournalen), og kommunane veit difor ikkje om utrykking skjer og i tilfelle i kva grad.

Kommunane har som hovudregel at lege skal rykkje ut til sjukeheim, i staden for at sjukeheimspasientane skal bringast til legekontoret (med ambulanse eller drosje).

Spørjeundersøkinga:

1. Organisering av daglegevakt

- 1.1 Roterer dei ulike legekontora i kommunen på å ha daglegevakt (dersom fleire legekontor)?
- 1.2 Kor mange legar deltek i daglevaktsordninga? (inkludert turnuslegar)
- 1.3 Kor mange raude responsar har det vore på dagtid siste tre månader?
- 1.4 Kor mange av disse har daglevaktslegen rykka ut på?
- 1.5 Kor mange gule responsar har det vore på dagtid siste tre månader?
- 1.6 Vert daglevaktslegen varsla om gule responsar?
- 1.7 Kor mange gule responsar har daglevaktslegen eventuelt rykka ut på siste tre månader?
- 1.8 Kor mange gule responsar har daglevaktslegen registrerast raude og gule responsar på dagtid for legetenesta?
- 1.9 Kor mange gongar har ambulansen vore nytta til å transportere pasientar frå sjukeheimen til legekontoret?

2. Organisering av legevakt på kveld/helg/natt

- 2.1 Deltek kommunen i ein interkommunal legevakt?
- 2.2 Kor mange legar deltek i legevaktsordninga for legevaktsdistriktet?
- 2.3 Er talet ulikt på kveld og natt? Spesifiser i så tilfelle.
- 2.4 Kva type vakt er det på kveld? Spesifiser (tilstades på legevaksstasjon eller heimevakt)
- 2.5 Er det ein annan type vakt på natt enn på kveld? Spesifiser (tilstades på legevaksstasjon eller heimevakt)
- 2.6 Kor mange raude responsar har det vore på vakttid (16-08) siste tre månader?
- 2.7 Kor mange av disse har legevaktslegen rykka ut på?
- 2.8 Kor mange gule responsar har det vore på vakttid (16-08) siste tre måneder?
- 2.9 Vert legevaktslegen varsla om gule responsar?
- 2.10 Kor mange gule responsar har legevaktslegen eventuelt rykka ut på siste tre måneder?
- 2.11 Kva er lengste reiseavstand inn til legevaksstasjonen på kveldstid i distriket?
- 2.12 Har daglevakta på det jamne god nok kapasitet, eller må ein forskyve konsultasjonar til kveldsvakta?

3. Utstyr

- 3.1 Har legevaktsdistriktet ein eigen legevaktsbil (utstyrt og eigna til å rykke ut med)?
- 3.2 Er det nødvendig utrykkingsutstyr på legevaksstasjonen? (akuttsekk, utekle etc)

4. Andre kommunale helsetenester

- 4.1 Kven ser kommunen på som samhandlingspartar i den akuttmedisinske kjeda? Spesifiser
- 4.2 Har kommunen vurdert, utgreidd eller forsøkt ei ordning med akutthjelparar? Spesifiser
- 4.4 Kor er det utplassert hjartestartarar i kommunen?
- 4.5. Har kommunen oversikt over hjartestartarane og kven som kan kontaktast ved behov?
- 4.6. Har AMK oversikt over hjartestartarane og kven som kan kontaktast ved behov?
- 4.5 Kor er heimetene og sjukeheimar lokaliserte i kommunen?

5. Vegen vidare

- 5.1. Kva er, etter di/dykkar meining, dei viktigaste samhandlingsutfordringane i den prehospitalare kjeda i Sogn og Fj.?
- 5.2. Kva er, etter di/dykkar meining, styrkane i den prehospitalare kjeda i Sogn og Fjordane?
- 5.3. Har kommunen planar om endringar i høve daglevakta eller organiseringa av legevakt på kveld/natt/helg?
- 5.4. Er der andre synspunkt din/dykkar kommune ynskjer å formidle til prosjektet Prehospital plan i Helse Førde?

Figur 7.2: Spørsmåla i spørjeundersøkinga til kommunane i prosjekt prehospital plan, fase 1.

7.3.2. Organisering av legevakt på kveld/natt/helg

Nokre av kommunane driv eiga legevakt, dei øvrige er del av interkommunale legevakter. Som for daga, manglar fleirtalet oversikt over tal akuttoppdrag og utrykkingar ved legevaktslege, og ber difor prosjektet hente statistikk frå AMK-sentralen. I nokre kommunar rykkjer legevakta alltid ut ved akuttoppdrag. Andre oppgjev ein del samtidskonflikter for legevaktene, og at ein då ikkje rykkjer ut. Legevaktene bli no varsle ved gule responsar, men dette er for mange delar av fylket ei heilt ny rutine frå hausten 2017. Fram til no har ein varsle legevaktslege ved gule responsar berre ved nokre legevaktcentralar.

7.3.3. Utstyr

Legevakta i Flora, Førde (SYS IKL), Lærdal (ALÅ IKLV) og Luster har uniformert utrykkingskøyretøy. Eid legekontor har eigen, delvis uniformert legevaktbil (ikkje godkjent for utrykking med blållys). Det har også også Solund og Vik. Fleirtalet kommunar har ikkje eigen legevaktbil, og legane brukar då eigne bilar ved eventuell utrykking. Legekontora og legevaktene har akuttsekkar med hjartestartalarar, og i nokre kommunar har legane kvar sin. Ein har i varierande grad utstyr som jakker, hjelmar, hanskar og refleksvest.

7.3.4. Andre kommunale helsetenester

Alle kommunar (som har svart) oppgjev ambulanse, luftambulanse og AMK som viktige samarbeidspartnarar ved akutte hendingar. Nokre nemner også førstehjelparar og øvrige kommunale helsetenester som t.d. heimesjukepleien. Nokre har vurdert og eller utgreidd ordningar med akutthjelparar, men fleirtalet har ikkje sett på slike løysingar. I Leikanger har heimesjukepleien hjartestartar tilgjengeleg. I Askvoll, Selje og Hyllestad har ein akutthjelparordningar/hjartestartargrupper (frivillige, brannkorps med meir).

Nokre av kommunane har oversikt over utplasserte hjartestartalarar, andre ikkje.

7.3.5. Vegen vidare

Fleire kommunar framhevar trøngen for å behalde ambulansen i sitt kommunesenter:

«Ambulansepersonellet er dei einaste med akuttmedisinsk kompetanse som er i vakt her, og er ein føresetnad for legevaktssamarbeidet og fastlegedekninga i kommunen».

Fleire fortel om godt samarbeid med ambulansetenesta, god kompetanse i ambulansetenesta og også god helikopterdekkning.

Sentraliseringa av legevakt, og at ambulansen er blitt einaste og nærmeste ressurs, blir problematisert:

«Auka avstand til større sentraliserte legevakter gjev samtidigheitskonflikter for legevaktslegen, og difor er det over tid blitt vanleg at ambulanse rykker ut i staden for at lege vurderer andre tiltak først. Særleg for skrøpelege eldre er det tid til å tenke seg om. Blir mange unødvendige innleggningar når pasienten først er i ambulansen. Slike innleggningar med ambulanse reduserer beredskapen i distriktet mtp. alvorlege hendingar»

«Det er viktig å prioritere slik at det er beredskap for alvorlege hendingar. Er det mogeleg å redusere all køyringa på pasientar som kanskje kunne vore kontrollerte i kommunene eller vore på KAD seng eller via video hatt kontakt med legen?»

7.4. Legevakt - utrykking ved akuttoppdrag

Det er ikkje sett lov- eller forskriftskrav om kor ofte legevaktlege skal rykkje ut ved raudde responsar (akuttoppdrag), men akuttmedisinforskrifta seier at ein skal rykkje ut «umiddelbart når det er nødvendig» (§6), og vidare at legevakta skal vere «organisert og utstyrt slik at helsepersonell i vakt kan rykke ut umiddelbart» (§9). I Akuttutvalet sin rapport «Først og fremst (NOU 2015:17)» vert det tilrådd at lege er med i 75 prosent av raud respons.

Sidan kommunane manglar oversyn over utrykking ved legevakt, bad prosjektet AMK om å gå gjennom alle raudde responsar over fire månader i perioden frå start av oktober 2017 til og med januar 2018. Det var 971 raudde responsar i perioden. Desse er delt opp i kategoriane «dag» (324) og «kveld, natt, helg» (647), dessutan sett opp per kommune og etter organisering av legevakt. Sjå tabell 7.3.

Gjennomgangen viser at det er store skilnader mellom kommunane, og at det særleg gjeld på kveld, natt og helg. Informasjonen frå materialet i gjennomgangen er samla i tabellen under.

Utrykking per legevaktområde - inkludert prosent og delsummar	Område	Kommune	Utrykking samla				Utrykking kveld/natt/helg				Utrykking dag			
			Ja	Nei	Samla	%	Ja	Nei	Samla	%	Ja	Nei	Samla	%
Indre Sogn	Aurland	6	2	8	75 %	4	1	5	80 %	2	1	3	67 %	
	Lærdal	21	6	27	78 %	15	5	20	75 %	6	1	7	86 %	
	Årdal	27	25	52	52 %	8	24	32	25 %	19	1	20	95 %	
Indre Sogn Total		54	33	87	62 %	27	30	57	47 %	27	3	30	90 %	
Nordfjord	Eid	20	28	48	42 %	13	14	27	48 %	7	14	21	33 %	
	Hornindal	2	3	5	40 %	1	3	4	25 %	1	0	1	100 %	
	Selje	5	24	29	17 %	0	15	15	0 %	5	9	14	36 %	
	Stryn	17	36	53	32 %	2	33	35	6 %	15	3	18	83 %	
	Vågsøy	15	48	63	24 %	2	40	42	5 %	13	8	21	62 %	
Nordfjord Total		59	139	198	30 %	18	105	123	15 %	41	34	75	55 %	
SYS IKL	Askvoll	5	25	30	17 %	0	20	20	0 %	5	5	10	50 %	
	Balestrand	2	8	10	20 %	0	7	7	0 %	2	1	3	67 %	
	Fjaler	2	18	20	10 %	0	15	15	0 %	2	3	5	40 %	
	Forde	39	54	93	42 %	23	33	56	41 %	16	21	37	43 %	
	Gaular	7	23	30	23 %	2	16	18	11 %	5	7	12	42 %	
	Hyllestad	5	10	15	33 %	0	8	8	0 %	5	2	7	71 %	
	Høyanger	7	50	57	12 %	0	40	40	0 %	7	10	17	41 %	
	Jølster	8	11	19	42 %	5	10	15	33 %	3	1	4	75 %	
	Naustdal	10	8	18	56 %	6	7	13	46 %	4	1	5	80 %	
SYS IKL Total		85	207	292	29 %	36	156	192	19 %	49	51	100	49 %	
Eiga legevakt	Bremanger	37	5	42	88 %	25	3	28	89 %	12	2	14	86 %	
	Florø	120	29	149	81 %	97	13	110	88 %	23	16	39	59 %	
	Gloppe	50	5	55	91 %	35	3	38	92 %	15	2	17	88 %	
	Luster	20	3	23	87 %	15	1	16	94 %	5	2	7	71 %	
	Solund	3	2	5	60 %	1	1	2	50 %	2	1	3	67 %	
	Vik	22	5	27	81 %	17	1	18	94 %	5	4	9	56 %	
Eiga legevakt Total		252	49	301	84 %	190	22	212	90 %	62	27	89	70 %	
Leikanger og Sogndal IK LV	Leikanger	11	5	16	69 %	5	5	10	50 %	6	0	6	100 %	
	Sogndal	46	31	77	60 %	33	20	53	62 %	13	11	24	54 %	
Leikanger og Sogndal IK LV Total		57	36	93	61 %	38	25	63	60 %	19	11	30	63 %	
Samla		507	464	971	52 %	309	338	647	48 %	198	126	324	61 %	

Tabell 7.3: Utrykking ved legevakt i Sogn og Fjordane ved akuttoppdrag, periode 01.10.17-31.01.18. Data fra AMK Førde.

7.4.1 Utrykking på dagsid


Når det gjeld utrykking på dagsid skjedde det i mellom 33 og 100 prosent av tilfella i kommunane, og samla i 61 prosent av tilfella. Kommunane i dei store legevaktsamarbeida rykka, samla sett, sjeldnast ut, men med store variasjonar også der. Sjå tabell 7.3. for detaljar.

7.4.2. Utrykking på kveld, natt og helg

Dei største og mest systematiske variasjonane var på kveld, natt og helg. Særskilt går skiljelinja mellom dei kommunane som har eiga legevakt, og dei kommunane som ligg lengst unna Eid og Førde i dei to store legevaktsamarbeida. I ni av 25 kommunar (Selje, Stryn, Vågsøy, Askvoll, Balestrand, Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger) var det ingen, eller berre heilt unntaksvise, utrykkingar på raude responsar utanom ordinær arbeidstid i perioden. Desse ni kommunane er alle med i dei to største legevaktsamarbeida og hadde 200 av dei 647 raude responsane på kveld, natt og helg. Det vart gjennomført seks utrykkingar i det aktuelle tidsrommet, noko som utgjer tre prosent av tilfella.


Seks kommunar har eiga legevakt. Av dei skil Solund seg ut som klart minst. Kommunen hadde fem rauda responsar på dei fire månadene, mot 389 i dei fem andre, og berre to på kveld, natt og helg.

Bremanger, Flora, Gloppen, Luster og Vik ser ut til å ha om lag lik praksis med å rykkje ut på rauda responsar utanom dagtid; alle på rett over eller rett under 90 prosent. I desse kommunane rykkjer legevakta også oftare ut på rauda responsar når dei skjer på kveld, natt og helg. Motsett ser ein at ved for dei større legevaktsamarbeida føregår fleire utrykkingar ved lege på dagtid. Legen rykkjer då ut frå fastlegekontoret i eigen kommune.




Figur 7.3: Grafisk framstilling av data (i tabell 7.3) for utrykking/ikkje utrykking ved legevakt ved raud respons.

Når kommunane i figur 7.3. blir grupperte etter korleis dei er organiserte for legevakt på kveld, natt og helg, kjem omtalte skilnader tydeleg fram. Figur 7.4 viser kor ofte det skjer utrykking i prosent av rauda responsar på kveld, natt og helg ved dei ulike interkommunale legevaktene. Her er kommunane med sjølvstendige legevakter samla i hop i ei søyle:



Figur 7.4.: Utrykkingsgrad ved raud respons for dei ulike legevaktsområda. Data frå tabell 7.3.

Dersom resultata blir overført til kartet, ser vi at det i nokre område av fylket aldri eller svært sjeldan skjedde utrykkingar på kveld, natt og helg frå legevakta i løpet av dei fire månadene. Dei fire legevaksatsamarbeida er markerte:



Figur 7.5: Fordeling av uttrykking ved legevakt sett i høve avstand til legevaktstasjonen.
Forklaring på fargekodane til venstre i figuren. Data fra tabell 7.3.

7.4.3. Betraktingar omkring validitet

Prosjektet vurderer at datamengda (971 raudde responsar på fire månader) er stor nok til å teikne eit generelt bilet av situasjonen med omsyn til uttrykking ved legevakt, men for dei minste kommunane kan variasjon gjere resultatet usikkert. Tala inkluderer også situasjonar der pasient er på legevaka når akuttoppdrag blir meldt til AMK, men dette ser ikkje ut til å påverke hovudinntrykket.

7.5. Avstand til legevakt i Sogn og Fjordane

I NOU 2015: 17 «Først og fremst» føreslo utvalet å innføre eit nasjonalt krav om at 90 prosent av befolkninga i kvart legevaktdistrikt skal ha maksimalt 40 minutt reisetid til nærmeste legevaktstasjon, og at 95 prosent av befolkninga skal ha maksimalt 60 minutt reisetid.


Grunnlaget for tilrådinga er forsking som viser at bruk av legevakt går ned med aukande reisetid til legevaka, og at dette skjer i same grad for akutte tilfelle som ved lågare hastegrad.

Desse føringane er ikkje forskriftsfesta.

Prosjektet har ikkje sjølv gjort opp status i høve reisetid til legevakt for befolkninga i ulike kommunar i Sogn og Fjordane, men konstaterer at særleg SYS-IKL og Nordfjord legevakt dekkjer svært store område, sjå figur 7.5. Då blir reisetida lang for pasientar i utkantane, så vel som for legevaktslegen, når ein finn det nødvendig å rykkje ut.

Prosjektet viser til Helsedirektoratet sin interaktive nettportal for reisetid til akuttenester: <https://reisetid.helsedirektoratet.no/analyse/dashboards/e149e1fd-a109-4c6b-aad3-b9422282c0ee>. Her kan ein finne reisetida til legevakt, sjukehus og andre akuttenester.

Figur 7.6. nedanfor er henta frå nettportalen, og viser reisetid til legevakt for kommunane i Sogn og Fjordane. Dei to kommunane som får raudast fargekode for avstand til legevakt er Gulen og Balestrand:



Figur 7.6.: Bilete frå Helsedirektoratet sin nettportal for reisetid til akuttenester. Ved å følgje lenka ovanfor kan ein gå inn i portalen, trykke seg fram til der ein sjølv bur, sjå på ulike kommunar osb.. Namna på dei tre kommunane med lengst reisetid i Sogn og Fjordane er lagt til manuelt.

7.6. Førstehjelp, utplasserte hjartestartarar og akutthjelparordningar i Sogn og Fjordane

Både akuttutvalet si innstilling (NOU 2015:17 «Først og fremst») og internasjonal litteratur viser til tre hovudsatsingsområde for førstehjelpsinsats fram til første helseressurs er framme hjå pasienten:

- Befolkinga sin kunnskap, evne og vilje til å yte livreddande førstehjelp
- Ein effektiv, kvalifisert og brukartilpassa medisinsk nødmeldeteneste
- Akutthjelparar med utvida førstehjelpskompetanse

7.6.1. Nasjonal førstehjelpsdugnad: Saman reddar vi liv

Strategien til den nasjonale førstehjelpsdugnaden «Sammen redder vi liv» inneholder ei rekke tiltak som kvar for seg og saman skal bidra til å auke overlevinga ved akutt og livstruende sjukdom eller skade utanfor sjukehus. Mest av alt handlar strategien om å mobilisere publikum som akuttmedisinsk ressurs. Målet er at det skal vere ei kompetent og budd befolkning som skal vere kvalifisert og trygg på å slå alarm via

113 og gje førstehjelp ved livstruande sjukdom eller skade. Ei slik mobilisering kan bli mogeleg gjennom livslang førstehjelpsopplæring som startar i barnehagen, vidareførast i skule, i arbeidslivet og etter at ein går ut av arbeidslivet.


Opplæringa skal først og fremst gjere publikum i stand til kjenne att og handtere dei mest tidskritiske akuttmedisinske tilstandane:

- Hjartestans
- Hjarteinfarkt
- Hjerneslag
- Akutte skadar

7.6.2. Status for utplasserte hjartestartarar i Sogn og Fjordane

Fleire bedrifter/butikkar/bygg har også hjartestartarar som er registrerte i hjartestansregisteret. Desse er ikkje knytt til ei organisert varslingsgruppe med akutthjelparar.

Det er utplassert hjartestartarar i alle kommunar i Sogn og Fjordane, både på fastland og fleire øysamfunn. AMK Førde har oversikt over plassering og varslingsrutinar. Det er viktig å få oversikt over nyetableringar og sikre oversikt på oppdaterte ressurslister.



Figur 7.8: Oversikt hjartestartarar i Sogn og Fjordane. Henta frå 113.no.

7.6.3. Fagleg bakgrunn for akutthjelparordningar

Det er nytta ulike omgrep for etablerte grupper som kan gje førstehjelp før det profesjonelle helsevesenet kjem til. Formålet med akutthjelparordningar er å understøtte frivillige sin innsats som førstehjelparar ved å mobilisere personar med utvida førstehjelpskompetanse og enkelt behandlingsutstyr. Det er viktig å presisere at akutthjelparar er eit supplement og ikkje eit alternativ til den ordinære akuttmedisinske beredskapen.

Kunnskapsgrunnlaget for akutthjelparordninga er i stor grad knytt til hjartestans utanfor sjukehus. Kunnskapsoppsummeringar gjort av Helsedirektoratet (17) slår fast at det er godt dokumentert at bruk av akutthjelparar bidreg til auka overleving ved hjartestans utanfor sjukehus.

Auka førstehjelpskompetanse blant innsatspersonell frå mellom andre politi og brann- og redningstenesta er eit viktig bidrag til betra nasjonal helseberedskap for å handtere større hendingar, samt tryggleik for at dette innsatspersonellet er i stand til å yte livreddande førstehjelp i eigne etatar.

7.6.4. Føringar og avtalar i høve akutthjelparordningar

Akuttmedisinforskrifta (7) seier følgjande i §5: Avtale om bistand fra personer utanfor helse- og omsorgstjenesten (akutthjelper).

«Kommunene og de regionale helseforetakene kan, som del av sin akuttmedisinske beredskap, inngå avtale om bistand fra akutthjelpere. Slike akutthjelpere kan være medlemmer av frivillige organisasjoner eller kommunalt brannvesen. Slik bistand kan komme i tillegg til, eller i påvente av, at personell fra de øvrige akuttmedisinske tjenestene kan yte akuttmedisinsk hjelp. Personer som skal yte slik bistand må ha fått nødvendig opplæring».

I Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsbrev til dei regionale helseføretaka for 2018 (16) står det det:

«De regionale helseforetakene skal i samarbeid med Helsedirektoratet og kommunene etablere en ordning for opplæring og bruk av akutthjelpere. Det vises til akuttmedisinforskriften § 5».

I delavtalane mellom Helse Førde og kommunane om «Samarbeid om den akuttmedisinske kjeda» (vedlegg 7) heiter det i punkt 9.2.:

«Kommunen skal gjennomføre ei ROS-vurdering av behovet for lokal akutthjelparordning. Dette kan m.a. skje ut frå følgjande kriterium:

- Ressurssituasjonen i kommunen
- Avstandar (til sjukehus, legevakt, ambulanse)
- Sårbarheit i høve infrastruktur
- Folketettleik i kommunen/området».


7.6.5. Status for akutthjelparordningar i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er det i dag fleire etablerte akutthjelparordningar. Det er i bruk litt ulike omgrep, og gruppene har også litt ulikt kompetansenivå. Gruppene består av frivillige og/eller utdanna brannmannskap og helsepersonell. Dei fungerer som ei forlenging av helsetenesta, særleg i område med lang avstand til legevakt og ambulanse.

I Sogn og Fjordane er deltakarane i slike grupper anten utdanna gjennom prosjekta «Tidleg hjartestart», «Mens du venter på ambulansen», eller gjennom DHLR-kurs (hjarte-lunge-redning med hjartestartar) basert på Norsk førstehjelpsråd sitt kurskonsept. Gruppene er organiserte og kan varslast frå AMK når dei får melding om hjartestans.

7.6.6. Akutthjelparordninga i Luster kommune

Prosjektet vil særleg trekke fram Luster kommune som eksempel til etterfølging. Her har lokale ressurspersonar sett akutthjelparordninga i system med felles opplæring, utstyrssoppsett og varslingslister. På ei eiga facebookgruppe blir øvingar i dei ulike bygdelaga kunngjort, og medlemmene er også oppdaterte i høve hjartestartarane som er plasserte på sentrale stader.



Figur 7.9.: Hjartestartarar utplasserte i Luster kommune og responstid for akutthjelparordninga (grøne område: 0-5 minutt, gule område: 5-10 minutt og raude område: > 10-15 minutt). Kart utarbeidd av Multiconsult.

7.7. Oppsummering og tilrådingar

- Det er gode grunnar for kommunane å gå saman om interkommunale løysingar for legevakt. Dette har skjedd her i fylket så vel som elles i landet, og det har skjedd særleg utfrå omsynet til levelege vaktordningar for fastlegar i distrikta. Fleire av kommunane i Sogn og Fjordane har utfordringar i høve rekruttering/stabilisering av fastlegar.
- Kartlegging gjort i prosjektet viser at kommunane ikkje sjølv registererer data for eigne prehospitalare aktivitetar, og t.d. i høve utrykking ved legevakt har prosjektet difor hente data frå AMK Førde.

-Nokre legevaktsdistrikt i Sogn og Fjordane er blant dei største i landet, og dette gjev lang avstand til legevakta frå utkanten av distrikta. Gjeld særleg SYS-IKL og Nordfjord legevakt.

- Det er stor variasjon mellom kommunane og legevaksområda om korleis dei stettar forskriftskravet om utrykking ved legevakt når dette er vurdert nødvendig. På kveld, natt og helg hadde nokre legevaktområde i stor grad utrykking med lege, medan andre område ikkje hadde utrykkingar i det heile.
- Fleire kommunar har ikkje på plass utstyret som skal til for at legevakta skal kunne rykkje ut.
- Nokre kommunar har oversikt over hjartestartarar, og nokre har arbeidd med å etablere akutthjelparordningar. Ikkje alle kommunar har gjennomført vurderingar i høve akutthjelparordningar slik dei er skildra i delavtalane med helseføretaket.
- Vi har gode døme på velfungerande akutthjelparordningar i fylket. Prosjektet tilrår å etablere akutthjelparordningar i alle kommunar, men særleg der vegen til legevakt og sjukehus er lang.

8. Datainnhenting og analysar i prosjektet

8.1. Nasjonale kvalitetsindikatorar som gjeld prehospitalte tenester

På helsenorge.no publiser Helsedirektoratet tal for nasjonale kvalitetsindikatorar. For akuttmedisinske tenester finst fire kvalitetsindikatorar, sjå figur 8.1. Prosjektet vil her formidle status i høve desse kvalitetstala for Helse Førde og Sogn og Fjordane.



Figur 8.1.: Kvalitetsindikatorar for akuttmedisinske tenester slik dei er presenterte på helsenorge.no: <https://helsenorge.no/Kvalitetsindikatorer/akuttmedisinske-tjenester-utenfor-sykehus>

8.1.1. Tid frå 113 oppringning til ambulanse er på plassen (responstid)

Responstida er definert som tida det tek frå eit anrop til medisinsk nødtelefon 113 byrjar å ringe i AMK-sentralen, til første ambulanse er på hendingsstaden.

8.1.1.1. Fagleg bakgrunn

Tida det tek frå ei potensielt alvorleg hending (akutt sjukdom eller skade) skjer, til ein pasient har fått nødvendig helsehjelp er ofte avgjerande for å unngå død, tap av

leveår og funksjonsnivå eller liding. For fleire akutte tilstandar som hjartestans, hjerneslag, akutt hjarteinfarkt og alvorlege traume (t.d. trafikkulukker) er difor rask responstid med på å redde liv og betre pasientens sjanse til å halde funksjonsnivået sitt. For brå, uventa hjartestans utanfor sjukehus er det berekna at sannsynlegheita for overleving blir redusert med ti prosent per minutt fram til bruk av hjartestartar.

8.1.1.2. Lovkrav/forskriftskrav/føringar og vedtak som gjeld responstid

- 1) Lov om spesialisthelsetjenester § 6** pålegg Helse Førde å levele forsvarelege helsetenester. I dette omgrepet inngår at ein skal oppretthalde ei forsvarleg responstid til heile folkesetnaden. I forsvarelegkravet inngår også at alle tilsette held ein fagleg forsvareleg standard, at arbeidstilhøve og arbeidstid er slik at det er råd å utføre oppgåvene på forsvareleg vis samt at teknisk utstyr og infrastruktur held forsvareleg standard.
- 2) Akuttmedisinforskrifta:** Inneholder ikkje krav til responstid.
- 3) NOU 15:17 Først og fremst. Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus** (same tekst på helsenorge.no):
«Det er ikke etablert nasjonale krav til responstid for ambulansetjenesten, men Stortinget vedtok i 2000 følgende veiledende responstider for akuttoppdrag:
 - I byer og tettsteder skal ambulansen være fremme på hendelsesstedet innen 12 minutter i 90 prosent av de akutte hendelsene.
 - I grisgrendte strok skal ambulansen være fremme på hendelsesstedet innen 25 minutter i 90 prosent av de akutte hendelsene.»
- 4) Helse Vest sitt styrevedtak i sak 141/2016 «Ambulansedekning og responstider i Helse Vest»:**
 1. Helse Vest sin samla plan for prehospitale tenester frå 2008, bør reviderast i tråd med nasjonale føringar. Arbeidet bør starte så snart som råd i 2017.
 2. Helse Vest RHF vil arbeide systematisk for at tid frå 113-oppringning til ambulanse er på hendelsesstad skal vere nærmest mogeleg 12 minuttar (tettbygde strok) eller 25 minuttar (grisgrendte strok) i minst 90 prosent av oppdraga.»
- 5) Helse Førde sitt styrevedtak i sak 046/2017 «Prosess for det prehospitale området»:**

Punkt 4: «Styret ber om at administrerande direktør i utforminga av mandatet planlegg å utforme ein prehospital teneste som klarer å oppfylle den nasjonale målsetninga, som og Helse Vest har vedtatt, for responstider. Styret ønskjer at Helse Førde ser på responstider samla for foretaket» (Viser til punkt 2 i Helse Vest sitt styrevedtak i sak 141/16 «Ambulansedekning og responstider i Helse Vest»).

8.1.1.3. Nasjonal kvalitetsindikator: Prosentvis oppfylling av rettleiande responstid

På den nasjonale helseportalen helsenorge.no publiserer Helsedirektoratet kvalitetsindikatorar for prehospitale tenester, og ein av desse gjeld responstid.

Responstida blir målt frå medisinsk nødtelefon 113 tek til å ringe i AMK-sentralen til første ambulanse er på hendingssstaden.

Indikatoren viser:


- 1) Delen akutte hendingar der bilambulanse er framme innan 25 minutt for grisgrendte strok.
- 2) Delen akutte hendingar der bilambulanse er framme innan 12 minutt for tettbygde strok.
- 3) 90-prosentilane som seier at i 90 prosent av hendingane er bilambulanse framme innan dette talet minuttar.

Alle delar av Sogn og Fjordane kjem inn under definisjonen grisgrendt strok. Det er viktig å merke seg at indikatoren gjeld berre akuttoppdrag (raude responsar) med bilambulanse. Oppdrag som løysast med båtambulanse eller luftambulanse blir ikkje registrert, heller ikkje om legevaktlege eller akutthjelparar med hjartestartar kjem først fram.

8.1.1.4. Helse Førde sitt samla resultat for responstid i 2016

2016 er siste periode Helsedirektoratet har publisert data for.

I figur 8.2 og tabell 8.3 nedanfor ser ein resultatet for 2016 i Sogn og Fjordane samanlikna med andre fylke. I Sogn og Fjordane nådde ambulansenesta fram innan 25 minutt i 81 prosent av akuttoppdraga i 2016. Med dette resultatet ser ein at sju fylke ligg over Helse Førde på lista, tre ligg likt og sju fylke ligg under.



Figur 8.2: Del hendingar i grisegrendte strok i 2016 der ambulanse er framme innan 25 minutt ved akuttoppdrag. Perioden er heile 2016. Data henta frå helsenorge.no: https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=113_ambulanse_pa_hendelsessted

Om ein går inn på helsenorge.no og ser på ulike periodar, ser ein at prosentdelen svingar noko opp og ned. Til dømes ligg Helse Førde for siste tredjedel (tertial) av 2016 med ei måloppnåing på 83,3 prosent, som er noko betre enn for heile året samla. Også tal akuttoppdrag varierer noko frå tertial til tertial.

FYLKE	Andel hendelser i grisgrendt strok hvor ambulansen er fremme innen 25 minutter (%)	Antall akutte hendelser i grisgrendt strok hvor ambulansen er fremme innen 25 minutter	Totalt antall akutte hendelser i grisgrendt strok	90-prosentilet i grisgrendt strok (minutter)
Akershus	90	1706	1 887	26,0
Vestfold	87	1542	1 764	27,7
Østfold	87	1673	1 921	27,6
Møre og Romsdal	87	2924	3 369	27,8
Oppland	83	2233	2 700	30,8
Buskerud	83	2146	2 601	31
Aust-Agder	82	1830	2 221	30,3
Telemark	81	1714	2 116	31,6
Troms	81	975	1 207	30,8
Finnmark	81	1344	1 665	37,7
Sogn og Fjordane	81	1549	1 922	33,3
Nord-Trøndelag	80	1438	1 795	36,1
Hordaland	80	2840	3 572	31,4
Sør-Trøndelag	79	2498	3 158	32,8

Vest-Agder	79	1856	2 349	31,3
Nordland	79	2192	2 785	36,2
Hedmark	78	1150	1 484	34,6
Rogaland	69	1510	2 182	34,9
Oslo, fylke				


Tabell 8.1: Responstid i Sogn og Fjordane samanlikna med andre fylke i 2016. Tabellen inneholder totalt tal akuttoppdrag, delen akuttoppdrag der ambulanse kjem fram innan 25 minutt i prosent og absolutte tal samt 90-prosentilen (den tida tenesta brukte på å nå fram i 90 prosent av oppdraga). Oslo er tettbygd strok og kjem difor ikke opp med tal her. Henta frå helsenorge.no:

https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kid=113_ambulanse_pa_hendelsessted

Kvalitetsindikatoren viser også kor lang tid ambulansetenesta i Helse Førde brukar på å nå fram i 90 prosent av akuttoppdra, denne kallast 90-prosentilen. Sjå figur 83: Helsedirektoratet si vurdering av resultatet på landsbasis er som følgjer på helsenorge.no:

«I grisgrendt strøk var ambulansen fremme på hendelsesstedet innen 25 minutter i 82 prosent av hendelsene på landsbasis i 2016. I 2015 var andelen 83 prosent. 90-prosentilet viser at det i 90 prosent av hendelsene i 2016 var en ambulanse på hendelsesstedet før det hadde gått mer enn 31,7 minutter.

Det er noe variasjon mellom fylkene, men ingen av fylkene oppnådde i 2016 den veiledende responstiden om at ambulansen skal være fremme innen 12 minutter i 90 prosent av hendelsene i tettbygd strøk. Med unntak av Akershus var det heller ingen av fylkene som oppnådde veiledende responstiden om at ambulansen skal være fremme innen 25 minutter i 90 prosent av hendelsene i grisgrendt strøk».



Figur 8.3: 90-prosentil responstid: Tal minutt ambulansetenesta brukte på å nå fram i 90 prosent av akuttoppdraga i 2016. Sogn og Fjordane samanlikna med andre fylke. Henta frå helsenorge.no: https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=113_ambulanse_pa_hendelsessted

Nasjonal målsetjing er at ambulanse skal nå fram til 90 prosent innan 25 minutt ved akuttoppdrag med bilambulanse. I vårt fylke klarte vi 81 prosent samla for heile 2016. Tenesta hadde 1922 akuttoppdrag, og nådde fram til 1549 innan 25 minutt. For dei resterande 373 oppdraga brukte vi lengre tid. 90-prosentilen vår var 33,3 minutt, det vil seie at vi trengde 8,3 minutt meir enn 25 minutt på å nå fram i 90 prosent av oppdraga. Skilnaden mellom fylka er små. Fire fylke greidde å nå fram til 90 prosent innan 30 minutt, øvrige fylke ligg mellom 30 og 38 minutt. Frå år til år er det også noko variasjon i desse fylkesvise tala, men jamt over er dei ikkje store.

8.1.1.5 Responstid for ulike kommunar i Sogn og Fjordane i 2016

I avsnittet ovanfor har vi sett på responstid for dei ulike fylka samla, og i tabell 1 ser ein også tal akuttoppdrag løyst med bilambulanse i dei ulike fylka i 2016. Vidare vil vi sjå på tala for dei einskilde kommunane i fylket vårt. Mellom dei ulike kommunane i Sogn og Fjordane er det stor skilnad på kor mange akuttoppdrag ambulansetenesta har i året. Årsaka er først og fremst varierande folketal. Det er naturleg med fleire akuttoppdrag i kommunar med høgare folketal. Vidare har også aldersfordelinga i dei ulike kommunane noko å seie. Bruken av ambulanse aukar med alderen, og også mengda akuttoppdrag.


I tabell 8.2 nedanfor ser ein kor mange akuttoppdrag ambulansetenesta hadde i kvar kommune i 2016. Dei fem kommunane med flest akuttoppdrag var Flora (202), Førde (198), Vågsøy (124), Sogndal (116) og Eid (106). Dei fem kommunane med færrest akuttoppdrag var Leikanger (13), Hornindal (15), Balestrand (36), Solund (38) og Naustdal (38).

Tabell 8.2: Responstid. Tabellen viser for kvar kommune totalt tal akuttoppdrag, del oppdrag der ambulansen kom fram innan 25 minutt i absolutte tal og prosentvis samt 90-prosentilen. Data henta frå helsenorge.no: <https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=113> ambulanse pa hendelsessted

Kommunar	Andel hendingar kor ambulansen var framme innen 25 minutter (%)	Tal akutte hendingar kor ambulansen var fremme innan 25 minutt i 2016	Totalt antall akutte hendingar i kommunen i 2016	90-prosentilet i kommunen (i minutt)
Førde	96,3	191	198	14,3
Sogndal	94,5	110	116	18,7
Høyanger	92,3	78	85	23
Eid	91,8	97	106	22,1
Flora	91,4	185	202	23,7
Vågsøy	90,2	112	124	25,2
Lærdal	85,7	35	41	30,7
Årdal	85,5	76	89	30,6
Selje	85,4	48	56	27,8
Leikanger	80	10	13	27,7
Luster	80	40	50	27,8
Vik	79,4	34	43	32,1
Fjaler	78,4	37	47	35
Gloppe	76,4	55	72	39,6
Hornindal	72,7	11	15	31,8
Naustdal	69,2	26	38	36,1
Bremanger	67,9	56	82	41,9
Askvoll	67,6	37	55	47,5
Stryn	66	97	147	39
Gauld	59,6	47	79	40,7
Gulen	54,2	48	89	39,7
Jølster	48,6	37	76	36,6
Solund	40	15	38	63,7
Hyllestad	37	27	73	41,6
Aurland	35,7	28	78	43,7
Balestrand	33,3	12	36	39,2

Nedanfor ser vi at den prosentvise delen akuttoppdrag der ambulanse kjem fram innan 25 minutt, varierte mellom kommunane i 2016. For seks kommunar låg ein over målsetjinga på 90 prosent, for dei øvrige låg ein under. For fem kommunar låg ein under 50 prosent.


Det er viktig å vere merksam på at desse tala svingar ein del frå periode til periode og frå år til år. Grunnen er at tal akuttoppdrag er lågt i fleirtalet av kommunane i Sogn og Fjordane. Tilfeldig variasjon medfører at tala svingar opp og ned fordi ambulansetenesta nokre år får fleire og nokre år færre akuttoppdrag i dei mest avsidesliggende områda i kommunane.



Figur 8.4.: Responstid i dei ulike kommunane i Sogn og Fjordane, samla for 2016. Del akuttoppdrag i prosent der ambulanse kom fram innan 25 minutt. Data henta fra helsenorge.no:

https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=113_ambulanse_pa_hendelsessted

Figur 8.5 viser 90-prosentilen (kor lang tid det tek å nå 90 prosent) for dei ulike kommunane i 2016:



Figur 8.5: 90 prosentil. Søylene viser tal minutt ambulansetenesta brukte på å nå fram i 90 prosent av akuttoppdraga for kommunane i Sogn og Fjordane. Data henta fra helsenorge.no:

https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kid=113_ambulanse_pa_hendelsessted

I figur 8. 4 ser ein at tida ambulansetenesta brukte på å nå fram i 90 prosent av akuttoppdraga var lengst i Solund (63,7 minutt), Askvoll (47,5 minutt), Aurland (43,7 minutt) Bremanger (41,9 minutt), Hyllestad (41,6 minutt) og Gaular (40,7 minutt). Merk at for Solund gjeld indikatoren berre reine bilambulanseoppdrag, ikkje båtambulanseoppdrag.

8.1.1.6. Tal oppdrag i ulike kommunar der bilambulanse ikkje nådde fram innan rettleiande responstid i 2016

For å evaluere korleis ambulansetenesta i Helse Førde ligg an i høve den rettleiande responstida, har prosjektet også funne det viktig å telje opp dei akuttoppdraga der ambulansetenesta ikkje når fram innan 25 minutt, sjå tabell 8.3 nedanfor.

Kommunar	Tal akuttoppdrag i 2016 der ambulansen ikkje nådde fram innan 25 minutt	Andel av akuttoppdraga i 2016 der ambulansen ikkje nådde fram innan 25 minutt
Førde	7	4 %
Sogndal	6	5 %
Høyanger	7	8 %
Eid	9	8 %
Flora	17	9 %
Vågsøy	12	10 %
Lærdal	6	14 %
Årdal	13	15 %
Selje	8	15 %
Leikanger	3	20 %
Luster	10	20 %
Vik	9	21 %
Fjaler	10	22 %
Gloppe	17	24 %
Hornindal	4	27 %
Naustdal	12	31 %
Bremanger	26	32 %
Askvoll	18	32 %
Stryn	50	34 %
Gaular	32	40 %
Gulen	41	46 %
Jølster	39	51 %
Solund	23	60 %
Hyllestad	46	63 %
Aurland	50	64 %
Balestrand	24	67 %


Tabell 8.3: Fordeling av akuttoppdrag med bilambulanse der tenesta ikkje nådde fram innan 25 minutt.
Data frå helsenorge.no

I absolutte tal hadde Stryn (50), Aurland (50), Hyllestad (46), Gulen (41) og Jølster (39) flest akuttoppdrag der ambulanse ikkje nådde fram innan 25 minutt i 2016. I alle kommunane var der akuttoppdrag kor ambulansetenesta brukte meir enn 25 minutt på å nå fram.

8.1.1.7. Luftambulanse og redningshelikopter sin del av akuttoppdraga

Som tidlegare omtala kjem verken oppmøte av akutthjelparar, utrykkingar ved legevakt eller bruk av luftambulanse med i statistikken over responstid. Bruk av helikopter (bemannat med anestesilege) er ein viktig del av den preshopitale tenesta, og er brukt ved dei mest tidskritiske hendingane.

Helse Førde har eigen statistikk på kor mange akuttoppdrag som i vårt fylke blei løyst med bruk av helikopter (luftambulanse eller redningshelikopter) i staden for ambulanse (bil og båt) i 2016. Her handlar det då om primæroppdrag der ein rykkjer ut til pasienten heime eller ein annan stad utanfor sjukehus.



Figur 8.6: Samla tal på akutte primæroppdrag utført av luftambulanse og redningshelikopter i 2016 per kommune i Sogn og Fjordane. Tal fra luftambulansetenesta.

Samla tal på primæroppdrag utført av luftambulanse og redningshelikopter i 2016 i kommunar i Sogn og Fjordane var 428. Flest akuttoppdrag løyst med luftambulanse og redningshelikopter i 2016 hadde Flora (42), Vågsøy (36), Stryn (34), Bremanger (32) og Sogndal (26).

8.1.1.8 Oppsummering og tilråding i høve responstid

- Det er berre Akershus fylke som samla greier å nå den nasjonale målsetjinga om at ambulansetenestene skal rekke fram i 90 prosent av akuttoppdraga innan 25 minutt i grisgrendte strok. Alle dei andre fylka/føretaka greier måla i nokre kommunar, men ikkje alle. Sogn og Fjordane ligg midt i fatet i nasjonal samanheng.

- Samla måloppnåing på 81 prosent for akuttoppdrag der bilambulanse når fram innan 25 minutter er vurdert som forsvarleg.
- I vurderinga av at responstida er forsvarleg, har prosjektgruppa også lagt vekt på at luftambulanse og redningshelikopter årleg tek seg av mange av akuttoppdraga i vårt fylke, heile 428 oppdrag i 2016. (Bilambulansetenesta handterte 1922 oppdrag).
- Det er stor variasjon kommunane imellom når det gjeld delen akuttoppdrag der ein når fram innan 25 minutt med bilambulanse. I det vidare prosjektet må vi greie ut mogelege kompenserande tiltak for å sikre så god beredskap som råd i utkantkommunar. Ein må også vege nærliek til ambulansestasjonar (responstid) mot nødvendig mengdetrenings for ambulansepersonellet. Dette fordi det er låge volum av akuttoppdrag for fleirtalet av ambulansestasjonar og ambulansetilsette i Sogn og Fjordane.
- Den nasjonale målsetjinga har vore gjeldande i 18 år etter at den vart vedteke av Stortinget i 2000. Den er ikkje blitt lovfesta og heller ikkje teke inn i akuttforskrifta. Ein openberr grunn til at nær alle fylke slit med å nå dei rettleiande responstidene, er at dette vil vere svært kostbart/ressurskrevjande å makte. Og då må noko anna i spesialisthelsetenesta kuttast tilsvarande. Prosjektet diskuterer dette nærmere i økonomideelen av denne rapporten.
- Mengdetrenings: Ein annan grunn til at fleire føretak har sagt seg nøgde med å ligge lågare enn 90 prosent måloppnåing i høve responstider, er fagleg basert. Då handlar det særleg om mengdetreningen til ambulansepersonellet. Omsett i konkrete døme, ville det samla personellet i Leikanger fått 13, i Hornindal 15, i Balestrand 36 og i Naustdal 38 akuttoppdrag gjennom heile 2016 dersom desse kommunane hadde eigne stasjonar (sjå tabell 8.2). Også i kommunar med meir folk ville eigen ambulansestasjon innebere at personellet fekk svært få akuttoppdrag i året. Gaula hadde 79, Jølster 76, Aurland 78, Fjaler 47, Askvoll 55 og Hyllestad 76 akuttoppdrag i 2016 – det vil seie godt under to akuttoppdrag i veka til fordeling på personellet på stasjonen. Prosjektet finn at Helse Førde må ta omsyn både til at personellet treng trenings og til responstider ved utforming av framtidig struktur.

8.1.1.9 Mogelege kompenserande tiltak når responstida ikke er ideell

Prosjektgruppa ser at det vil vere krevjande for ambulansetenesta i Helse Førde å nå målet om å nå ut til 90 prosent av pasientane innan 25 minutt ved akuttoppdrag. Avgrensande faktorar er økonomi, tilgang på kompetent personell, men også faglege omsyn der særleg balansegangen mellom nærliek og mengdetrenings er omtalt ovanfor.

Dei viktigaste supplerande tiltaka for bilambulansetenesta er:

- Akutthjelparordningar
- Utrykking ved kommunal legevakt eller legevaktssatellittar
- Luftambulanse/redningshelikopter

8.1.2. Vellukka gjenoppliving etter hjartestans

Kvalitetsindikatoren viser andelen pasientar med brå, uventa hjartestans utanfor sjukehus, som fekk tilbake eigen hjarterytme i ambulansen. Vellukka gjenoppliving er ein mykje brukta kvalitetsindikator for prehospitale tenester. Utfallet på denne indikatoren avheng av innsatsen og samspelet mellom publikum og alle aktørane i den akuttmedisinske kjeda:

- Publikum har avgjerande betydning for vellukka gjenoppliving gjennom tidlig erkjening, rask varsling og tidleg start av hjarte-lunge-redning.
- AMK-sentralen får inn meldingar om medisinsk nød, varslar, sender ut og koordinerer ambulansar og andre ressursar og rettleier innringjar i HLR (hjarte-lungeredning) fram til ambulanse eller anna profesjonell hjelp kjem til. Ved hjartestans er det rutine at AMK-sentralen tilbyr rettleiing i hjarte-lunge-redning.
- Tidlig defibrillering med hjartestartar aukar sjansen for overleving. Dette skjer når ambulanse/helsepersonell kjem til eller når førstehjelparar nyttar lokalt plassert hjartestartar.

Data til kvalitetsindikatoren er levert frå Norsk hjartestansregister. Alle pasientar som blir ramma av brå, uventa hjartestans utanfor sjukehus i Norge, og der helsepersonell eller publikum startar ei behandling, skal inkluderast i registeret.

8.1.2.1. Hovudfunn nasjonalt

På landsbasis i første tertial 2017 (januar-april) blei 23,6 prosent av pasientane med brå uventa hjartestans utanfor sjukehus vellukka gjenoppliva. Dei ulike regionale helseføretaka hadde følgande resultat for vellukka gjenoppliving for første del av 2017:

Helse Midt-Norge: 25,2 prosent

Helse Nord: 25 prosent

Helse Vest: 23,3 prosent

Helse Sør-Øst 23 prosent

Tal hjartestans utanfor sjukehus har samla for landet lagt på 53-55 per 100 000 innbyggjarar per tertial i 2016-2017. Helsedirektoratet tek diverse atterhald når det gjeld ulik rapportering og tilfeldig variasjon, sjå eventuelt helsenorge.no for meir informasjon om dette. Resultata i høve hjartestans skal difor tolkast med varsemd.


8.1.2.2. Resultat for Helse Førde

Prosjektet har valt å sjå på indikatoren for 2016 og første tertial 2017. Dette er gjort fordi del hjartestans med vellukka gjenoppliving varierer for Helse Førde HF, men også for andre føretak som har lågare befolkningstal, sjå figur 8.7 og tabell 8.4. Resultatet for Helse Førde HF svingar frå periode til periode når det gjeld del vellukka gjenoppliving.

Tabell 8.4 : Helse Førde sine tal for prosentvis vellukka gjenoppliving prehospitalt. Tal frå helsenorge.no

Periode:	Prosentvis vellukka gjenoppliving:	Kommentar:
Jan.-april 2016	38.1 %	Nest høgast i landet
mai-aug. 2016	22.2 %	Under gjennomsnittet for landet
Sept.-des. 2016	50 %	Høgast i landet
jan.-april 2017	14 %	Lågast i landet

Andel vellykede gjenopplivninger etter hjertestans



Figur 8.7: Del vellukka gjenopplivingar etter hjertestans i 2016 og første tertial 2017, Helse Førde samanlikna med andre føretak. Data frå: https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=gjenoppliving_hjertestans. Her finn ein og tal innrapporterte hjertestans i føretaka for kvar periode.

8.1.2.3. Oppsummering og tilråding

I dei tilfella ein lukkast med gjenoppliving ved hjertestans prehospitalt, har tilstadeverande (pårørende eller publikum elles) alarmert 113 og i nær 100 prosent av tilfella starta hjarte-lungeredning før ambulanse kjem til. Dette er heilt avgjerande for resultatet.

Ein har i liten grad etablert akutthjelparordningar/hjertestartargrupper i kommunane i Sogn og Fjordane. Publikum startar likevel med hjarte-lungeredning, og i mange av kommunane utplasserte hjertestartarar på sentrale stader.

Helse Førde sitt resultat for vellukka gjenoppliving ved hjertestans prehospitalt varierer mykje. Dette blir først og fremst tilskrive tilfeldig variasjon. Ein finn ikkje haldepunkt for å tru at kvaliteten i ambulansetenesta varierer frå best i landet til dårligast i landet frå periode til periode.

Trening på hjertestanssituasjonar blir gjennomført systematisk i ambulansetenesta. Ein kan likevel ikkje utelukke noko variasjon i den faglege kvaliteten då personellet har ulik erfaring og i ulik grad får mengdetrening på hjertestanssituasjonar.

Prosjektgruppa finn at helseføretaket og kommunane har forbetringspotensiale når det gjeld vellukka gjenoppliving ved hjartestans prehospitalt. Det er om å gjere og ikkje berre sikre basal hjarte-lungeredning til ambulanse kjem, men også i flest mogeleg av tilfella å kunne gje rask defibrillering med hjartestartar. Mogelege forbetingstiltak:

- systematisk oppbygging av akutthjelparordningar i kommunane
- vidare utplassering av hjartestartarar (som AMK har oversikt over)
- helsepersonell i kommunane har hjartestartarar i bilane (til dømes pleie- og omsorgstenesta) og kan varslast av AMK-sentralen.

Ein tilrår at alle aktørar i Sogn og Fjordane aktivt går saman i arbeidet om «Sammen redder vi liv – en nasjonal dugnad for å redde liv ved hjartestans og andre akuttmedisinske tilstander». Denne planen blei publisert av Helsedirektoratet i 2017.

8.1.3. HLR starta før ambulansen kjem fram ved hjartestans

Brå, uventa hjartestans utanfor sjukehus er ein sjeldan, men kritisk alvorleg tilstand der hjarte-lungeredning (HLR) må startast raskast mogeleg for å redde liv. For kvart minutt som går utan HLR, aukar dødelegheta med 10 prosent (10,11). Pasientens sjanse til å overleve avheng av at nokon startar HLR (10,11,12) fram til akutthjelpar, ambulanse/luftambulanse eller kommunalt helsepersonell kjem til med hjartestartar.

Denne nasjonale kvalitetsindikatoren viser delen pasientar med brå, uventa hjartestans utanfor sjukehus der nokon har starta hjarte-lunge-redning (HLR) før ambulansen kjem til. Data er henta frå det nasjonale hjartestansregisteret.

8.1.3.1. Hovedfunn nasjonalt

På landsbasis i første tertial 2017 hadde nokon starta HLR før ambulansen kom til i 79,9 prosent av tilfella. Talet har på det meste vore oppe i 82-83 prosent.


8.1.3.2. Resultat for Sogn og Fjordane

Tala her er for heile 2016 og første tertial 2017. Ver merksam på at tilfeldig variasjon gjer at både tal hjartestans og også den delen der HLR er starta før ambulanse kjem til, svingar frå periode til periode. Vi framstiller tal i lag med resultata for dei andre fylka i Helse Vest.

I Sogn og Fjordane er hjartestans utanfor sjukehus om lag 50-60 tilfelle per år. Dette tilsvarer den nasjonale førekomensten på vel 50 tilfelle per 100.000 i året.

Tal prehospital hjartestans i 2016 kor HLR var starta før ambulansen kom fram var 37. I første tertial 2017 hadde tilstadeverande starta HLR i 16 tilfelle.

Kvalitetsindikatoren viser i kva prosentdel av tilfella HLR blir starta av nokon før ambulanse kjem fram, sjå figur 8.8:



Figur 8.8: Del hjartestanstilfelle der HLR er starta før ambulanse kjem. Helse Førde har blå linje. Data henta frå helsedirektoratet: [https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=HLR av tilstede](https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=HLR%20av%20tilstede)

I Sogn og Fjordane har delen der HLR er starta opp, variert mellom 63 og 89 prosent.

8.1.3.3. Prosjektet si oppsummering og tilrådingar:

- Andelen av hjartestanstilfella kor hjarte-lungeredning er starta opp før ambulanse kjem til, varierer, men talet svingar rundt 80 prosent. Dette er om lag som for resten av landet.
- Det er diverre ikkje realistisk at pasientar alltid straks kan få HLR ved brå, uventa hjartestans. Hjartestansen er ikkje alltid oppdaga, og den/dei tilstadeverande hjå pasienten vil heller ikkje alltid makte å slå alarm (ringe 113) og/eller starte hjarte-lungeredning. Det kan skuldast manglande kunnskap, eigne helseproblem, høg alder eller anna.
- Prosjektet finn likevel at forbetring er mogeleg i vårt fylke både når det gjeld rask alarmering og oppstart av HLR ved tilstadeverande, utplassering av hjartestartarar og etablering av akutthjelparordningar i kommunane.
- Prosjektet erkjenner at ambulansetenesta/luftambulansen ikkje åleine vil kunne betre overlevinga ved hjartestans. I Sogn og Fjordane (så vel som i landet elles) er det få som har ein ambulanse så nær at dei kan rekne med hjelp innan få minutt. Og uansett kor kort eller

- lang avstanden er til ambulansestasjonen, kan ambulansen vere på anna oppdrag hjartestans hender. Det er difor svært viktig at supplerande løysingar etablerast.
- Kommunane og Helse Førde bør saman arbeide systematisk for å betre resultata i høve hjartestans.

8.1.4. Tid til besvart anrop 113 i AMK-sentralen

Det er viktig med raskt svar på telefonar til det medisinske nødnummeret 113.

Denne kvalitetsindikatoren måler kor stor del av telefonane til det medisinske nødnummeret som får svar innan ti sekund. Akuttmedisinforskrifta stiller som krav at 90 prosent skal svarast innan ti sekund. I tillegg måler indikatoren kor stor del av dei svarte anropa som tok meir enn 20 sekund. Helsetilsynet har i ei tilsynssak uttalt at 113 alltid skal svare innan 20 sekund.


AMK-sentralane sitt system er bygd opp slik at t.d. AMK Bergen overtek anrop dersom linjene til AMK Førde er opptekne, og vice versa. Overføring av telefonar skjer ved 20 sekund.

8.1.4.1. Resultat nasjonalt og for AMK Førde

Dei siste resultata for kvalitetsindikatoren som er publisert på helsenorge.no, er frå siste del av 2015. På landsbasis blei den gong 83 prosent av anropa til det medisinske nødnummeret 113 besvart innan 10 sekund i 2015. AMK Førde greidde 85,4 prosent. Delen telefonar det blei svart på etter 20 sekund, var svært låg i 2015 med 0,8 prosent. Ein kan finne desse tala på [https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=Svartid hos 113](https://helsenorge.no/kvalitet-seksjon/Sider/Kvalitetsindikatorer-rapporter.aspx?kiid=Svartid%20hos%20113)

Sidan den gong er resultatet ytterlegare forbетra. Tal frå AMK-sentralen viser for 2017 at ein ligg tett på 100 prosent når det gjeld å svare 113-anrop innan ti sekund i AMK Førde.

Tal 113-anrop til AMK Førde var som følgjer i 2017, sjå figur 8.9:



Figur 8.9: Svartid 113-anrop i AMK Førde gjennom 2017. Data fra AMK Førde .

AMK Førde hadde gjennom 2017 berre to 113-anrop der innringjar måtte vente meir enn 20 sekund på svar, og difor blei ruta til AMK Bergen. Men ein fekk overført ein del 113-anrop motsett veg.


Prosjektet vurderer at AMK Førde har svært gode resultat.

8.2. Datainnhenting og analysar gjort i prosjektet

8.2.1. Responstid luftambulanse og redningshelikopter

NOU 2015: 17 «Først og fremst» sette ei nasjonal målsetjing for responstid for luftambulanse og redningshelikopter på < 45 minutt ved 90 prosent av dei akutte primæroppdragene. Kravet er ikkje forskriftsfesta.


Avstand frå helikopterbasane til dei ulike kommunane er sjølv sagt ein viktig faktor i sjansen for å nå fram innan 45 minutt. For luftambulansen i Førde og redningshelikopteret i Florø, har gjennomsnittleg responstid dei siste åra vore som dei komande figurane viser:



Figur 8.10: Snitt responstid per base per år (gjeld primære akuttoppdrag). Data frå luftambulansetenesta.

I 2017 hadde luftambulansen i Førde ei gjennomsnittleg responstid på 36 minutt, mens redningshelikopteret i Flørø hadde i gjennomsnitt 30 minutt.

Figur 8.11 viser i kva del av oppdraga luftambulanse/redningshelikopter når ut innan 45 minutt i dei ulike kommunane i Sogn og Fjordane. Tala viser at det er stor grad av måloppnåing på responstid <45 minutt. Nokre kommunar har ei måloppnåing på 100 prosent.



Figur 8.11: Grad av måloppnåing: responstid <45 min. Periode: 2017. Data frå luftambulansetenesta.

Prosjektet vurderer at luftambulansetenesta og redningshelikopteret har svært gode resultat.

8.2.2. Brukarundersøking

8.2.2.1 Metode

Gjennom ein periode på fire dagar vart det delt ut spørjeskjema til 132 pasientar, og/eller deira pårørande, i ambulansane til Helse Førde. Det kom inn 27 svar, som tilsvavar vel 20 prosent av målgruppa.

Den delen av skjemaet som skulle fyllast ut, og sendast inn i ein vedlagt frankert konvolutt, såg slik ut:

Alder:					
Bustadkommune:					
Reisetid til nærmeste sjukehus med bil:.....					
Reisetid til legevakt med bil (etter stengetid for ditt legekontor):.....					
Er du pårørande? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>					
	Ikkje i heile teke	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad
1 Opplevde du at du/de fekk rask nok hjelp?	<input type="checkbox"/>				
2 Opplevde du/de tilstrekkeleg informasjon (t.d. om kor ambulansen skulle køyre deg og kva undersøkingar og behandling som ble gjennomført)?	<input type="checkbox"/>				
3 Følte du deg godt ivareteke av ambulansepersonellet under transporten?	<input type="checkbox"/>				
4 Føler du deg trygg på at du vil få god hjelp av ambulansetenesta neste gong du treng det?	<input type="checkbox"/>				
5 Var fastlegen din eller legevaktsleggen involvert før ambulanse blei bestilt? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Veit ikkje <input type="checkbox"/>					
6 Kvar skulle du? (sjukehus, poliklinikk, legevakt, legekontor, sjukeheim, heim)					
7 Etter di eiga vurdering: Kunne annan sjuketransport vore aktuell for deg dersom eit slikt tilbod hadde vore tilgjengeleg (drosje, sjukehusbuss eller anna):					
8 Vil du gje tilbakemelding om noko anna til AMK-sentralen, legevakta eller ambulansetenesta? Du kan også bruke baksida av arket.					

Figur 8.12: Spørjeskjemaet.

8.2.2.2 Respondentane

Sjølv om det var relativt få som svarte på undersøkinga, var det rimeleg god fordeling når det gjeld avstandar i reisetid til legevakt (5 til 60 minutt), til sjukehus (5 til 180 minutt) og i tal bustadkommunar (13). Godt over halvparten skulle til sjukehus i Sogn og Fjordane (17), nokre skulle til legevakt eller legesenter (5), to til både legevakt og sjukehus, ein skulle til Haukeland og ein skulle heim.

Vel 80 prosent av dei som svarte er over 50 år, og 44 prosent er over 70 år. Ein tredjedel av dei er pårørande.

8.2.2.3 Funn

Tilbakemeldingane på opplevelingane var gjennomgåande gode. På dei fire spørsmåla der respondentane fekk fem svaralternativ (ikkje i det heile teke, i liten grad, i nokon grad, i stor grad og i svært stor grad) var det frå 22 til 27, av 27 som svarte i stor grad eller i svært stor grad.

Det var ein som meinte at hjelpa ikkje kom raskt nok. Elles var det spørsmålet om informasjon som fekk minst positiv skår:

Matrisespørsmål (1 – 4)						
Spørsmål	Ikkje i det heile teke	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad	Total antall svar
1. Opplevde du at du/de fekk rask nok hjelp?	1	0	1	9	15	26
2. Opplevde du/de tilstrekkeleg informasjon (t.d. om kor ambulansen skulle køyre deg og kva undersøkingar og behandling som ble gjennomført)?	0	2	3	9	13	27
3. Følte du deg godt ivareteke av ambulansepersonellet under transporten?	0	0	0	6	21	27
4. Føler du deg trygg på at du vil få god hjelp av ambulansetenesta neste gong du treng det?	0	0	1	5	21	27

Tabell 8.5: Fordeling av svar i spørjeundersøkinga

På spørsmål om fastlegen var involvert før ambulansen blei bestilt, svarte dei 27 slik:

Ja	1	62.96%	17
Nei	2	11.11%	3
Veit ikkje	3	25.93%	7

Tabell 8.6. Fordeling av svar i spørjeundersøkinga

Respondentane fekk også spørsmål om det kunne vore nytta eit anna transportmiddel enn ambulanse, viss det hadde vore tilgjengeleg då dei skulle transporterast. To av dei 27 meinte det hadde vore mogeleg, og ein av dei to peika på drosje som alternativ. Ingen av dei 25 andre meinte det kunne vore aktuelt ved deira transport.

Tolv av brukarane nytta høvet til å gje anna tilbakemelding til AMK, legevakta eller ambulansetenesta. Gjennomgåande er tilbakemeldingane svært positive. Det er nokre kritiske kommentarar til legevakt, og ein som meiner det er lite verdig å vere nøydd til å skifte ambulanse undervegs på transportar. Viktigheita av gode norskunnskapar blir også påpeika.

8.2.2.4 Svake og sterke sider

Tilbakemeldingane er for få til å dra bastante konklusjonar etter brukarundersøkinga. Prosjektet finn likevel at det er verdt å merke seg den sterke overvekta av positive tilbakemeldingar på sjølve opplevinga med ambulanseturen.

8.2.3 Medarbeidarane si vurdering av utfordringsbilete og framtidige prioriteringar

Dei ambulansetilsette sine innspel i prosjektet er ei viktig kjelde til informasjon, og prosjektet har gjennomført ei kartlegging for å innhente desse. I denne rapporten presenterer vi hovudpunktata. Metode og resultat av medarbeidarane sine innspel er også skildra nedanfor.

8.2.3.1 Metode for å hente inn informasjon

Prosjektet har gjennomført ei to-delt informasjonsinnsamling frå dei ambulansetilsette:

1. Ein nettbasert medarbeidarundersøking (anonym)
2. Dialogmøte med alle tre ambulansedistrikta

Den nettbaserte medarbeiderundersøkinga var ei spørjeundersøking med 50 spørsmål, der dei fleste spørsmål med svar som skulle rangerast på ein skala. Vidare, var spørjeundersøkinga delt inn i ulike kategoriar:

1. Fag
2. Administrasjon og HMS
3. Arbeidsmiljø
4. Yrkesstoltheit
5. Arbeidsplanar og arbeidstid


Totalt er det 257 ambulansetilsette i Helse Førde, av desse 155 fast tilsette. Om lag halvparten av dei fast tilsette svarte på undersøkinga, og stod for om lag 80 prosent av responsane samla sett. Samla svarprosent var på 37, medan svarprosent vekta for talet på fast tilsette var 46.

Dialogmøta vart gjennomførte som møte på tre timer i høvesvis Nordfjordeid, Førde og Sogndal. Ein del av møtedeltakarane som var i vaktberedskap på tilhøyrande ambulansestasjonar, deltok på video (Skype). Størstedelen av møtetida vart brukt på gruppeoppgåver som gjekk meir i djupna på ulike relevante utfordringar i Helse Førde HF.

8.2.3.2 Oppsummering

Oppsummeringa viser aggregerte data og analysar. Berre der det er stor skilnad på dei ulike ambulanseområda, er dette omtala meir detaljert.

I dei fleste spørsmål skulle dei ambulansetilsette rangere kor nøgde dei er med tilhøva i dag, ved å rangere dette på følgjande skala «Liten grad»; «Liten til delvis»; «Delvis»; «Delvis til stor» og i «Stor» grad nøgd. Figur 8.13 nedanfor viser oppsummert resultat frå undersøkinga med den høgaste svarprosenten innanfor kvar kategori.




Figur 8.13: Samla vurdering av kor nøgde ambulancenurse er innanfor dei ulike kategoriane frå spørjeundersøkinga.


Utfordringar og fokusområde

Det er semje om kva som er dei største utfordingane, og kva satsingsområde som bør prioriterast. Dette kom fram både i spørjeundersøkinga og i gruppearbeidet i dialogmøta med dei ambulansetilsette.


Spørjeundersøkinga viser at «manglande samarbeid mellom aktørar» og «uavklarte pasientforløp» er største utfordingane i den prehospitalenesta i Helse Førde HF dag (sjå figur 8.14). «Uavklarte pasientforløp» er i samsvar med resultat frå gruppeøving, der «pasientflyt» er fremja som største utfordinga saman med «kompetanseheving» og «turnus-/ vaktordning» (sjå figur 8.15). «Kompetanseheving» er også fremja som største satsingsområdet innan personalpolitikk dei ambulansetilsette meiner Helse Førde HF må prioritere dei komande åra (sjå figur 8.16), medan «arbeidstidsordningar» er fremja som det nest viktigaste satsingsområdet innan personalpolitikk. Når det gjeld satsingsområdet innan personalpolitikk som bør prioriterast dei komande åra, vil ei samanslåing av kategoriene «arbeidstidordningar», «løn» og «fysisk arbeidsmiljø» samla sett utgjere ein svarprosent på 42%, altså om lag på størrelse med «kompetanseheving».



Figur 8.14: Samla resultat frå spørjeundersøking: Kva dei tilsette i ambulansetenesta opplever som dei største utfordingane i pasienttilbodet.



Figur 8.15: Samla resultat frå spørsmål 1 i gruppearbeid i dialogmøte med ambulansetilsette: «Kva meiner du som medarbeidar i HFD er dei største utfordingane i den prehospitalenesta i Sogn og Fjordane?»




Figur8.16: Samla resultat frå spørjeundersøking: Kva for eit satsingsområde innan personalpolitikk dei ambulansetilsette meiner bør prioriterast for dei komande åra.

8.2.3.3.Resultat frå spørjeundersøkinga

Fag og fagutvikling


Trass i at dei tilsette i stor grad er nøgde med fag i dei prehospitalen tenestene i Helse Førde HF, viser resultata eit uttrykt ønskje om fokus på kompetanseutvikling. Dette kjem også fram i spørsmål som gjeld i kva grad dei tilsette ynskjer vidareutdanning; i heile fylket samla er det 57 prosent som seier dei i «stor grad» ynskjer dette. Det er likevel noko variasjon i dei ulike ambulansedistrikta når det gjeld dette. I distriktet som har eit sterkest ønskje om dette, svarte 70 prosent at dei i «stor grad» ønskjer dette. I dei andre distrikta svarte høvesvis 59 prosent og 46 prosent at dei dei i «stor grad» ønskjer vidareutdanning (sjå figur 8.17).



Figur8.17: I kva grad dei tilsette ønskjer vidareutdanning. Kvar linje representerer eit av dei tre ambulansedistrikta Nordfjord, Sogn eller Sunnfjord.


Administrasjon og HMS

Spørjeundersøkinga viser at dei tilsette er «delvis» nøgde med administrasjon og «delvis»/«delvis-stor» grad nøgde med HMS. Når det gjeld administrasjon opplever dei tilsette at ambulanseleiringa er «delvis» tilgjengeleg, og at tenesta «delvis» tek medarbeidarane på alvor i høve til debrief og oppfølging etter krevjande oppdrag. I høve sistnemnde er det variasjon på ambulansedistrikt i fylket, og i det eine distriket føler 53 prosent at dei får god oppfølging og debrief etter krevjande oppdrag, mot høvesvis 22 og 26 prosent i dei to andre ambulansedistrikta (sjå figur 8.17). Det eine distriket utmerkar seg her og 22 prosent meiner at debrief faktisk skjer i «liten grad». Dette er også understøtta av resultat frå gruppeøvinga, der «oppfølging etter spesielle hendingar på små stader der alle kjenner alle» vart fremja som ei utfordring i den prehospitale tenesta i dag.



Figur 8.17: I kva grad dei tilsette føler dei blir følgt opp etter krevjande oppdrag. Kvar linje representerer eitt av dei tre ambulansedistrikta Nordfjord, Sogn eller Sunnfjord.

Dei tilsette opplever vidare at tenesta i «delvis til stor grad» tek HMS på alvor. Igjen er det variasjonar på distrikt, og det eine distriket føler at tenesta i større grad tek HMS på alvor (53 prosent i «delvis-stor» grad), enn dei to andre (høvesvis 46 og 52 prosent tykkjer tenesta i «delvis» grad, sjå figur 8.18).




Figur 8.18: I kva grad dei tilsette føler dei blir følgt opp etter krevjande oppdrag. Kvar linje representerer eit av dei tre ambulansedistrikta Nordfjord, Sogn eller Sunnfjord.

Arbeidsmiljø

Når det gjeld arbeidsmiljø, viser spørjeundersøkinga at dei fleste tilsette er nøgde. 81 prosent seier dei ikkje har blitt utsett for mobbing dei siste månadene, men 15 prosent seier at dei «delvis» har vorte utsett for mobbing og tre prosent har delvis eller i stor grad vore utsett for mobbing. Tiltak er sett i verk knytt til dette viktige funnet i ambulansetenesta.


Over halvparten av dei tilsette føler dei bidreg til eit godt arbeidsmiljø. På spørsmål om fråværskultur er det ein andel på ni prosent som ikkje tykkjer denne er god, medan dei fleste tykkjer den er frå «delvis» til «stor» grad god.



Figur 8.19: I kva grad dei tilsette opplever å ha blitt utsett for mobbing dei siste seks månadene. Samla resultat for dei tre ambulansedistrikta.

Yrkesstoltheit

Når det gjeld yrkesstoltheit, viser svar frå spørjeundersøkinga at dei tilsette er svært yrkesstolte. Dette gjeld både tilhøyrigheit i yrket og personleg verdi.



Figur 1.20: Grad av yrkesstoltheit blant dei ambulansestilsette. Samla resultat for dei tre ambulansedistrikta.

8.2.3.4. Resultat frå gruppeøvingar

I gruppeøvinga vart dei tilsette delte inn i grupper på tre til fem personar. Følgjande problemstillingar vart diskutert i gruppene før det vart oppsummert i fellesskap. Spørsmåla dei tilsette svarte på var følgjande:


1. Helse Førde gjennomfører no eit forbettingsprogram. Kva meiner du som medarbeidar er dei største utfordringane i den prehospitalenesta i Sogn og Fjordane?
2. Kva meiner de som medarbeidrarar er dei viktigaste momenta som leiinga kan gjere for å bidra til ei positiv haldning blant medarbeidrarar til endringar som vil skje i åra framover.
3. Kva er dei viktigaste momenta for at dette skal bli ein samlande og vellukka prosess?
4. Kva er dei viktigaste tinga vi alt gjer i dag, og som vi bør gjere meir av?
5. Kva meiner de vi ev. skal gjere mindre av?
6. Kva meiner du er så viktig for ambulanseenesta å samle seg om at det kan/bør utgjere kjerna i et felles målbilete?

Alle svar frå gruppeøvinga vart dokumenterte og samla inn, og vidare vart likelydande svar samla under kategoriar. T.d. vart «*Bort med heimevakter*», «*Må ha tilstrekkeleg beredskap heile døgnet*», «*Passiv arbeidstid må bort*», «*Heimevakter*» og tilsvarande samla i kategorien «turnus / vaktordning».

Resultatet frå spørsmål 1 er vist i figur 2 innleiingsvis i dette kapittelet, der «pasientflyt», «kompetanseheving» og «turnus- / vaktordning» vart fremja som dei største utfordringane.

Kva leiinga bør fokusere på og kva som skal til for ein vellukka prosess


På spørsmål 2 og 3 i gruppeøvinga viser resultata at «informasjon» og «medarbeidarmedverknad» er det viktigaste. Informasjon er også fremja som eitt av dei viktigaste områda for at endringa i åra framover skal bli vellukka, saman med «samarbeid mellom aktørar».



Figur 8.20: (TV) Område leiinga bør fokusere på for å bidra til ei positiv haldning blant dei ambulansetilsette (spørsmål 2 i gruppearbeid), og (TH) dei viktigaste områda for ein vellukka prosess i dei komande åra (spørsmål 3 i gruppearbeid)

Kva blir gjort i dag som det også bør vere meir av


På spørsmål fire som omhandlar kva som er dei viktigaste tinga ein alt gjer i dag, og som ein bør gjere meir av, kjem igjen «kompetanseheving» som det klart viktigaste. «Fokus på trivsel og HMS» og «medarbeidarevaluering» framstår som nest viktigaste områda å halde fram med.



Figur 8.21: Kva dei ambulansetilsette meiner det bør vere meir av i dei prehospitalare tenestene i Helse Førde HF. Samla resultat frå gruppeøving.

Kva bør det vere mindre av

På spørsmål 5 som omhandlar kva ein bør gjere mindre av i dag, er dei i stor grad semje om at «dårleg logistikk og planlegging» og «store fagdagar» er område dei ambulansetilsette ikkje ønskjer skal vidareførast.



Figur8.22: Kva dei ambulansetilsette meiner det bør vere mindre av i dei prehospitalenestene i Helse Førde HF. Samla resultat frå gruppeøving.

8.2.4 Uønska hendingar i dei prehospitalenestene

8.2.4.1. Bakgrunn

Det skjer feil og uhell i dei prehospitalenestene som elles i helsetenesta. Vi brukar no samleomgrepet **uønska hendingar**. Uønska hendingar kan vere feil eller manglar som oppstår på medisinsk utstyr, kommunikasjonsutstyr eller bilar. Det kan også vere brot på rutinar. Nokre gongar er det alvorlege hendingar med pasientskade (feil diagnostikk og/eller behandling), eller hendingar som kunne medført pasientskade. Det førekjem også skader på dei tilsette.

Nokre uønska hendingar oppstår ved at ambulansetenesta får samhandlingsproblem med kommunaldelen av dei prehospitalenestene (til dømes legevaktene), eller motsett at kommunane får samhandlingsproblem med spesialisthelsetenesta (AMK eller ambulanse). Desse hendingane kallar vi **samhandlingsavvik**.

Helse Førde elektronisk system der hendingar blir meldte, og her behandler vi også sakene. Samhandlingsavvik som kommunane melder, legg vi også inn. Ut frå systemet kan vi så hente ut rapportar for å halde oversikt over kor mange og kva slags avvik som har vore.

Uønska hendingar omfattar:

- Hendingar som gjeld pasientar
- Hendingar som gjeld tilsette/HMS
- Hendingar som gjeld drift
- Hendingar knytt til informasjonstryggleik

8.2.4.2. Meldekultur

Det er diverre ikkje slik at dersom ein ambulansestasjon ikkje har meldt frå om uønska hendingar på eit år, så har absolutt alt gått utan problem av noko slag det året.

Mest avgjerande for tal meldingar er nemleg meldekulturen vår. I nokre delar av helsetenesta er meldekulturen god, og då legg både leiarar og tilsette vekt på å få meldt frå om uønska hendingar av både stort og smått. Målet med å melde frå om desse hendingar er å få gjort noko med det – anten ved å fjerne årsakene til problemet eller ved å setje inn tiltak som førebyggjer eller avgrensar sjansen for at ei tilsvarande uheldig hending skjer på nytt. Meldekulturen varierer både i ambulansetenesta og den øvrige spesialisthelsetenesta, og dei fleste er samde om at ein kan bli betre. Med høgt sannsyn har helsetenestene framleis uønska hendingar som ikkje blir melde.

8.2.4.3. Uønska hendingar

Dei siste åra har tal meldingar om uønska hendingar i ambulansetenesta vore følgande, sjå tabell 8.7:

	Avvikssaker i ambulansetenesta og AMK			
	2015	2016	2017	Totalt
Pasient	26	30	18	74
HMS	24	23	10	57
Drift	109	88	59	256
IKT	0	4	3	7
Forbettingsområder	48	30	69	147
Frekvente hendingar	1	0	3	4
Samhandlingssaker	18	30	14	62
Totalt	226	205	176	607

Tabell 8.7: Uønska hendingar i ambulansetenesta per år i åra 2015, 2016 og jan-okt. 2017. Tal henta frå Synergi.

I denne rapporten er det ikkje råd å gå i detalj om dei ulike uønska hendingane som har vore i ambulansetenesta, men vi vil likevel gje nokre døme:

Pasientrelaterte

Dette er uønska hendingar som har skada eller kunne ha skada pasientar. I denne gruppa med hendingar inngår til dømes:

- feil dosering av medikament
- ikkje lukkast å få lagt inn venekanyle
- feil ved diagnostikk, til dømes at personellet ikkje fekk til å ta eller sende EKG
- brukarfeil ved handtering av både eller anna utstyr
- feilvurderingar av alvorsgrad eller symptombilete
- forseinka ankomst til sjukehus for pasienten pga. ulike problem undervegs
- pasient utilstrekkeleg smertestilt under transport

Fleire av dei pasientrelaterte avvika kan knytast til ambulansetilsette sin kompetanse, mengdetrening osb. I nokre tilfelle har ein klare brukarfeil til dømes for ulikt utstyr.

I andre tilfelle har hendinga vore vanskeleg å handtere for personellet. Vi finn då ved gjennomgang at ein ikkje kunne vente at ambulansepersonellet skulle klare meir enn det dei faktisk gjorde. I slike tilfelle hadde det vore trøng for legevakten på staden.

I fleire tilfelle er den uønska hendinga både pasientrelatert og knytt til samhandling, til dømes når ambulansepersonellet ikkje får kontakt med legevakta og då heller ikkje får nødvendig ordinasjon på det eller dei medikamenta pasienten skulle fått.

HMS (helse, miljø, sikkerheit)

Dette er uønska hendingar som har eller kunne ha skada tilsette.

- Stikkskadar (venekanyler)
- Andre uhell under arbeid som medfører skade for tilsette

Drift

Uønska hendingar knytt til drifta, som til dømes

- Skade på bilar
- Problem med utstyr, teknisk svikt med meir

Samhandlingssaker

Samhandlingssaker gjeld problem i samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta (AMK-sentralen, ambulansar, luftambulanse og redningshelikopter) og kommunehelsetenesta (legekontor, legevakter, pleie- og omsorgstenestene). Desse blir melde både frå Helse Førde og frå kommunane. Ein har også saker som gjeld problem i samarbeidet mellom sjukehusavdelingane og ambulansetenesta. Nokre døme:

- Manglande informasjon frå fastlege eller legevaktslege om smitte eller anna vesentleg medisinske forhold ved bestilling av ambulansetransport.
- Brot på samarbeidsavtalen mellom Helse Førde og lege på vakt i kommunen, til dømes at legevakta ikkje svarer på telefon/akuttlinja.
- Feil ved bestilling av bil- og båtambulanse (namn, id, adresse, usikker eller manglande informasjon om leveringsstad).
- Legevaktlegar som ikkje vil rykkje ut (usemje om ansvar).
- AMK alarmerte ikkje ei hjartestartargruppe ved hjartestans ute i ein kommune.
- Ulike saker som går på manglande eller utilstrekkeleg dialog mellom ambulanse og legevaktlegar under pasienttransportar der dette inneber forseinking eller transport til feil stad (tilfelle med informasjonssvikt begge vegar).
- Manglande eller for sein avbestilling av ambulanse frå sjukehusavdelingar og sjukeheimar i tilfelle der transporten ikkje lenger er aktuell. Resultat er unødvendige turar og redusert beredskap i aktuelt område.
- Tilfelle der det «stoppar opp på sjukehuset», til dømes därleg pasientflyt ved mottak av pasient med mistenkt hjerneinfarkt.

8.2.5. Samanliknbare helseføretak

8.2.5.1 Metode, styrkar og svakheiter

Denne analysa er ei samanlikning mellom følgjande helseføretak:

- Helse Førde HF
- Sykehuset Telemark HF
- Helse Nord-Trøndelag HF
- Helgelandssykehuset HF
- Helse Fonna HF
- UNN HF

Helseføretaka har sjølv rapportert data som er analyserta. I tillegg er det supplert med tal frå SSB¹. Tala som er analysert er frå 2016. Bakgrunn for samanlikninga med ovannemnde helseføretak er at:

- Desse føretaka har oppdrag med lange avstandar
- Desse føretaka har innbyggjarar i såkalla «grisgrendte strok» (sjå forklaring nedanfor)
- Desse føretaka er samanliknbare i måten dei registrerer oppdrag i sine system (start- og sluttidspunkt for eit ambulanseoppdrag, varigheit for eit oppdrag, tal i km mv.)

Bakgrunnen for datainnhenting og analyse av ovanfornemnde føretak sine ambulansetenester, er at innbyggjarane i desse distrikta bur i det SSB klassifiserer som «grisgrendte strok», som er den kategorien alle kommunar i Sogn og Fjordane hamnar i. SSB skil på tettbygde og grisgrendte strok ved fylgjande definisjon: «*SSB definerer et tettsted som en hussamling der det bor minst 200 personer og avstanden mellom husene ikke overstiger 50 meter (...) En kommune klassifiseres som tettbygd dersom hele eller deler av kommunens areal tilhører et tettsted med mer enn 10 000 innbyggere. Det betyr at en kommune som inneholder, eller inngår i flere mindre tettsteder som til sammen er over 10 000 innbyggere, vil bli klassifisert som grisgrendt med denne*»².

¹https://www.ssb.no/statistikkbanken>SelectVarVal/Define.asp?MainTable=SpesHelseAmb&KortNavnWeb=spehelse&P_Language=0&checked=true

²<https://helsenorge.no/Kvalitetsindikatorer/akuttmedisinske-tjenester-utenfor-sykehus/fra-ringe-113-til-ambulanse-pa-hendelsessted>

Ein viktig skilnad på Helse Førde HF og dei øvrige føretaka som er analysert, er at alle kommunane i Sogn og Fjordane vert rekna som grisgrendte strok, medan dei andre føretaka og har kommunar som fell under tettbygde strok.


8.2.5.2. Nøkkeltal

	Helse Førde	Sykehuse t Telemark	Helse Nord-Trøndelag	Helgelands-sykehuset	Helse Fonna	UNN
Talet på stasjonar	17	12	14	14	10	31
Talet på døgnbilar	21	17	20	16	16	37
Talet på dagbilar	7	5	3	-	2	10
Årsverk samla	163	153	162	111	124	275
Innbyggjarar	107 999	169 546	135 069	79 000	180 138	191 487
Innbyggjarar per årsverk	665	1 112	832	528	1449	696
Innbyggjarar per ambulansebil	3857	7707	5873	4938	10 008	4074
Oppdrag per innbyggjar	0,15	0,15	0,13	0,18	0,13	0,15

Tabell 8.8.: Nøkkeltal for samanliknbare helseføretak (årsverk i tabellen er tal godkjende stillingsheimlar).
NB! Tala skil seg frå tala i ROS-analyse i kapittel 14 mellom anna fordi vikarar til ferie, kurs, permisjonar og sjukdom kjem utanom.

Bilar i drift	Total køyrelengde	Beredskapstimar	Oppdragstid
Helse Førde har fleire bilar i drift enn dei andre føretaka i samanlikninga (forutan UNN*): <ul style="list-style-type: none"> Telemark: 19% fleire Nord-Trl: 5% fleire Helgeland: 24% fleire Fonna: 24% fleire UNN: (76%) færre . <p>Helse Førde færre oppdrag enn alle utanom Helgelands-sykehuset</p>	Helse Førde har lengste årlege køyrelengde av alle dei samanlikna føretaka (forutan UNN*): <ul style="list-style-type: none"> Telemark: 8% lengre Nord-Trl: 9% lengre Helgeland: 54% lengre Fonna: 30% lengre UNN: 21% kortare 	Helse Førde har det høgaste talet på beredskapstimar (forutan UNN*) <ul style="list-style-type: none"> Telemark: 23% fleire Nord-Trl: 8% fleire Helgeland: 33% fleire Fonna: 30% fleire UNN: 62% færre 	Utnyttingsgrada per bil er om lag den same i Helse Førde som Helse Nord-Trøndelag (~22%).
			Denne er høgare enn Helgelandssykehuset (16%) og UNN (20%), og lågare enn dei andre ambulansedistrikta (~30% i Sykehuset Telemark og Helse Fonna).








Figur: 8.23. Oppsummering funn

Merk at UNN har 44 prosent fleire innbyggjarar i sitt beredskapsområde enn Helse Førde. Dette medfører ei anna dimensjonering av ambulansetenestene, og følgjeleg har UNN fleire bilar i drift, lengre total køyrelengde (som fylgje av fleire oppdrag) og fleire bereskapstimar. Når ein ser på prosentdelar av ressursbruk opp mot innbyggjartal, er likevel UNN råd å samanlikne med dei andre helseføretaka.

Totalt tal på oppdrag


Helse Førde har det nest lågaste talet på oppdrag i 2016 samanlikna med dei andre helseføretaka .



Figur 8.24: Totalt tal på oppdrag med ambulansebilar i samanliknbare helseføretak i 2016

Talet på oppdrag i forhold til ambulansebilar i drift


Ved å sjå på tal oppdrag i forhold til ambulansar i drift, får ein eit bilet av utnyttingsgrada til ressursane ved dei ulike føretaka. Sykehuset Telemark har flest oppdrag per ressurs per år (1513 oppdrag årleg), og dette gjev høgaste utnyttingsgrad. Helse Førde har færrest oppdrag per ressurs per år (762), men ikkje lågaste utnyttingsgrad, ettersom oppdraga i Helse Førde tek lengre tid enn i dei andre helseføretaka.



Figur 8.252: Talet på oppdrag (vist i dei blå søylene) i forhold til utnyttingsgrad på ambulanseressursane (raud linje) i samanliknbare helseføretak.

Utnyttingsgrad for ambulansebilar per år


Utnyttingsgrada er utrekna ved formelen: Timar på oppdrag for ambulansebilar gjennom året / (beredskapstimar per veke x 52 veker). Denne viser også kor stor del av tida bilane ikkje er på oppdrag. Sykehuset Telemark har høgaste utnyttingsgrad på 31 prosent, og Helgelandssykehuset har lågaste utnyttingsgrad på 16 prosent.



Figur 8.26: Utnyttingsgrad for ambulansebilar per år for samanliknbare føretak. Dei blå søylene viser «timar på oppdrag for ambulansebilar»/ «beredskapstimar» i løpet av året. Dei kvite søylene viser tida ambulansebilane ikkje er på oppdrag i løpet av året. Den raude linja viser potensiell maksimal utnytting.

Oppdragstimar per tilsett per år


Oppdragstimar per tilsett per år er utrekna ved formelen: Timar på oppdrag for ambulansebilar i løpet av året / årsverk per stasjon. Denne viser at Helse Førde har fleire oppdragstimar per tilsett per år enn Helse Nord-Trøndelag, sjølv om Helse Nord-Trøndelag har fleire oppdrag samla sett. Dette skuldast at kvart oppdrag tek lengre tid i Helse Førde HF (lengre køyreavstandar og fylgjeleg lengre oppdragstid). Merk at talet årsverk er likt i Helse Førde og Helse Nord-Trøndelag.



Figur 8.27: Oppdragstimar per tilsett per år for samanliknbare ambulansedistrikta. Den raude linja viser Helse Førde i forhold til dei andre samanliknbare ambulansedistrikta.

Lengde på gjennomsnittlege ambulanseoppdrag


Lengde på gjennomsnittlege ambulanseoppdrag er utrekna ved formelen: Køyerte km / Oppdrag med ambulansebilar. Denne viser at Helse Førde i snitt kører lengre dei andre føretaka på kvart oppdrag; 18 prosent lengre enn Helse Nord-Trøndelag; 34 prosent lengre enn UNN , 43 prosent lengre enn Sykehuset Telemark, 48 prosent lengre enn Helgelandssykehuset og 51 prosent lengre enn Helse Fonna.



Figur 8.29: Snitt køynde km per ambulanseoppdrag for samanliknbare føretak. Stipla linjer viser i prosent kor mykje lengre Helse Førde kører enn dei andre føretaka.

Ambulanseoppdrag per innbyggjar


Ambulanseoppdrag per innbyggjar er rekna ut ved formelen oppdrag med ambulansebilar / innbyggjarar i beredskapsområdet. Urekninga seier noko om forbruket av ambulansetenester i dei samanliknbare helseføretaka. Forbruket er likt i Helse Førde, Sykehuset Telemark og UNN. Helgelandssykehuset har eit høgare forbruk, og Helse Fonna lågare. Årsaka til at Helse Fonna har eit lågare forbruk enn dei andre helseføretaka, kan ha samanheng med at ein større del av innbyggjarane har kortare veg til sjukehus enn dei andre føretaka, og såleis kan det tenkjast at bruk av drosje i større grad blir nytta her.



Figur 8.30: Ambulanseoppdrag per innbyggjar i samanliknbare helseføretak.


Oppdragstid og beredskapstid

Beredskapstida er den tida ambulanseressursane er i beredskap, og oppdragstid er den tida ambulanseressursane er i virke innanfor dette tidsrommet. Dette er eit uttrykk for ressursbruk i dei samanliknbare ambulansedistrikta. Her ser vi at Helse Førde har lengre oppdragstid og beredskapstid enn Helse Nord-Trøndelag, Helgelandssykehuset og Helse Fonna; kortare oppdrags- og beredskapstid enn UNN, og kortare oppdragstid og lengre beredskapstid enn Sykehuset Telemark.



Figur 8.31: Samla oppdragstid og beredskapstid blant samanliknbare helseføretak i 2016.


Som vi såg av figuren over har UNN lengre beredskapstid og oppdragstid enn dei andre samanliknbare helseføretaka. Dette skuldast at UNN har mange innbyggjarar i sitt beredskapsområde, og har fylgjeleg dimensjonert ambulansetenestene i høve dette. Om ein vidare ser på andel oppdragstid av beredskapstimar, får ein eit betre samanlikningsgrunnlag for å seie noko om ambulanseressursbruken i helseføretaka. Denne samanlikninga viser at Sykehuset Telemark og Helse Fonna har ein større del oppdragstimar enn dei andre føretaka. Vidare har Helse Førde den same delen oppdragstimar som Helse Nord-Trøndelag, og ein høgare del oppdragstimar enn Helgelandssykehuset og UNN.



Figur 8.32: Andel oppdragstimar av beredskapstimar for samanliknbare helseføretak.

Innbyggjarar per ambulanseårsverk


Innbyggjarar per ambulanseårsverk viser at Helse Førde har lågaste innbyggjartalet for kvart ambulanseårsverk i forhold til dei andre samanliknbare helseføretaka. Dette tyder at Helse Førde har ein høgare bemanningsfaktor enn dei andre føretaka, sett i forhold til folketal (høgare beredskap gjev høgare lønskostnad per innbyggjar).



Figur 8.33: Innbyggjarar per ambulanseårsverk i samanliknbare ambulansedistrikt.

Innbyggjarar per ambulansebil

Innbyggjarar per ambulansebil viser at Helse Førde har det lågaste innbyggjartalet per ambulanseårsverk/ambulansebil i forhold til dei andre. Igjen er dette eit uttrykk for ein høgare ambulanseressurs-faktor enn dei andre føretaka.



Figur 8.34: Innbyggjarar per ambulansebil i samanliknbare helseføretak. Søylene viser snitt innbyggjartal per ambulansebil, den raude linja viser i prosent kor mange fleire innbyggjarar per tilsette i dei andre føretaka.

Innbyggjarar i tettbygde strok

Når vi ser på innbyggjarar per ambulanseårsverk og per ambulansebil, kjem det tydeleg fram at Helse Fonna har mange fleire innbyggjarar per årsverk /ambulansebil enn dei andre helseføretaka, og såleis kan vere meir effektive. Årsaka til dette er at Helse Fonna sine innbyggjarar i større grad bur i tettbygde strok (sjå tabell nedanfor), og at dei såleis har «stordriftsfordelar» av å ha meir av folkesetnaden i sentrale og tettbygde strok, gjerne nær behandlingsinstitusjonar. Dei føretaka som er kjenneteikna av stor del med spreidd busetnad, slik som Helse Førde, vil ha det krevjande og komplekst med å sikre eit nært og robust tilbod. Av tabellen nedanfor ser vi at busetnaden i Sogn og Fjordane er mest å samanlikne med Helse Nord-Trøndelag og delvis Helgelandssykehuset.

Fylke	Andel busetnad i tettbygd strok
Sogn og Fjordane (Helse Førde)	61,1
Nord-Trøndelag (Helse Nord-Trøndelag, Helgelandssykehuset)	60,7
Nordland (Helgelandssykehuset)	70,7
Hordaland (Helse Fonna)	83,4
Rogaland (Helse Fonna)	87,8
Troms (UNN)	70,6
Telemark (Sykehuset Telemark)	77,2

Tabell8.8.: Busetnad i tettbygde strok. Kjelde: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/beftett>.

8.2.5.3.Ressursbruk samanlikna med andre føretak

Helse Førde har den høgaste bemanningsfaktoren og tal ambulanseressursar per innbyggjar samanlikna med dei andre helseføretaka. Dette skuldast ein meir utfordrande busetnad i Sogn og Fjordane med større delar av busetnaden i grisgrendte strok. Helse Førde har òg fleire oppdragstimar per tilsett enn tre av dei andre føretaka (Helse Nord-Trøndelag, Helgelandssykehuset og UNN), noko som avspeglar færre, men lengre ambulanseoppdrag. Årsaka til at Sykehuset Telemark (absolutte tal) og Helse Fonna har fleire oppdragstimar per tilsett, er ei større befolkning i området. Det betyr at dei gjerne har ein meir tilpassa beredskap til ein føreseieleg aktivitet, der mange av oppdraga er korte og gjerne nær sjukehus. Då vil ein kunne tilpasse aktivitet og beredskap i større grad enn i Helse Førde.

Når det gjeld beredskapstimar, er det berre UNN som har fleire beredskapstimar enn Helse Førde. Dette skuldast dimensjoneringa av ambulanseberedskapen i UNN som er større, men òg har eit høgare innbyggjartal enn i Helse Førde.

8.2.5.4.Responstider for samanliknbare helseføretak – oppsummering

Tabell 8.9: Responstider for samanliknbare ambulansedistrikt (tal fra Helsenorge)

UNN har den lågaste 90 percentilen per føretak på 29,5 min	Helse Nord-Trøndelag har den høgaste 90 percentilen for samanliknbare føretak på 33,6 min	Ingen av føretaka har ein 90 percentil som oppfyller målsetjinga på <= 25 min
---	--	--

Nøkkeltal	Helse Førde	Helse Nord-Trøndelag	Sykehuset Telemark	Helse Fonna	Helglands-sykehuset	UNN
90-prosentilet i grisgrendt strok (for fylket)	31,70	33,60	32,20	33,00	33,30	29,50
Andel hendelser i grisgrendt strok hvor ambulansen er fremme innen 25 minutter	80,6	81,1	81	79,5	78,7	80,8
Antall akutte hendelser i grisgrendt strok hvor ambulansen er fremme innen 25 minutter	1 549	1 328	1 443	1 266	196	670
Totalt antall akutte hendelser i grisgrendt strok	2 047	1 945	1 882	1 959	288	815

Førde kommune (Helse Førde) har den lågaste 90 percentilen for kommunar på 14,3 min	Bjarkøy kommune (UNN) har den høgaste 90 percentilen for kommunar på 71,9 min	Ingen av føretaka har ein 90 percentil som oppfyller målsetjinga på <= 25 min
--	---	--

	Helse Førde		Helse Nord-Trøndelag		Sykehuset Telemark		Helse Fonna		Helglands-sykehuset		UNN	
Kommune med lågast 90 percentil	14,30	Førde	18,10	Namsos	20,50	Nome	27,00	Bømlo	19,20	Sømna	20,00	Skjervøy
Kommune med nest lågast 90 percentil	18,70	Sogndal	21,30	Levanger	22,20	Sauherad	31,50	Vindafjord	22,40	Vega	20,00	Berg
Kommune med tredj lågast 90 percentil	22,10	Eid	23,50	Leka	23,10	Notodden	31,60	Fitjar	32,10	Nesna	22,80	Bardu

8.2.5.4. Hovudfunn og vurderingar

Helse Førde brukar samla sett meir personalressursar i ambulansetenesta (målt i årsverk og i høve folkemengd) enn dei samanliknbare føretaka.

Vidare har Helse Førde ein mindre del av busetnaden i tettbygde strok, noko som gjer organisering og dimensjonering av ambulansetenestene både meir utfordrande og ressurskrevjande enn for dei helseføretaka som når mange fleire innbyggjarar over korte avstandar. I særleg grad har Helse Fonna og Telemark ein større del av busetnaden i tettbygde strok.

8.2.6. Spørjeundersøking i befolkninga om legevakt og ambulansetenesta

8.2.6.1 Metode


I perioden 4. til 10. januar vart 502 innbyggjarar i Sogn og Fjordane stilte spørsmål over telefon om legevaktstillingar og ambulansetenesta i Sogn og Fjordane. Undersøkinga vart utført av Respons Analyse på vegner av prosjekt prehospitale tenester i Helse Førde.

8.2.6.2 Funn

Opplevd tryggleik knytt til legevakt

Eitt av spørsmåla handla om intervjuobjektet ville føle seg trygg på å få hjelp av legevakttenesta ved akutt sjukdom eller skade. 77 prosent svarte at dei i svært stor grad eller ganske stor grad kjende seg trygge på å få hjelp av legevaktstenesta.

Respondentane vart også spurde om kor langt frå legevakt eller sjukehus dei budde. Gjennomgåande følte dei som budde lenger enn 30 minutt vekke seg mindre trygge. Slik var utsлага knytt til spørsmål om tryggleik for å få nødvendig hjelp frå legevaktstenesta:




Figur 8.35: Opplevd tryggleik og avstand frå legevakt. Data frå spørjeundersøkjing ved Respons.

75 prosent av dei spurde kjenner mindre godt, eller kjenner ikkje til, at legevaktlegen har plikt til å rykkje ut når det er nødvendig (ved akutt sjukdom eller skade):

Kjenner til svært godt	6 %
Kjenner til ganske godt	14 %
Kjenner til mindre godt	22 %
Kjenner ikke til	53 %
Ikke sikker	5 %

Tabell 8.10. Kjennskap til legevakta si utrykkingsplikt. Data frå spørjeundersøkjing ved Respons. Tal spurde 502.

Dei vart også spurde om dei ville akseptere lengre ventetid på ambulanse dersom dei visste at legevaktleggen samtidig var på veg i eigen legevaktbil. 41 prosent kunne akseptere det, medan 24 prosent i liten grad vil akseptere det. Også her var det klare skilnader knytt til kor langt frå legevakt eller legekontor dei budde:




Figur 8.36: Synspunkt på ventetid med eller utan legevakt med i utrykkinga. Data frå spørjeundersøkjing ved Respons.

Opplevd tryggleik knytt til ambulansetenesta

Dei 502 fekk også spørsmål om dei kjende seg trygge på å få nødvendig hjelp av ambulansetenesta, i fall dei skulle trenge akutt transport til sjukehus. Tilbakemeldingane var om lag dei same som på tilsvarende spørsmål knytt til legevakttenesta, 80 svarte svært stor eller ganske stor grad.

Også her er det ulikskapar knytt til avstand, i dette spørsmålet til nærmeste sjukehus:



Figur 8.37: Opplevd tryggleik og avstand til sjukehus. Data frå spørjeundersøkjing ved Respons.

Respondentane fekk også spørsmål om dei meinte kvaliteten ville bli betre med aukande tal utrykkingsoppdrag for den enkelte ambulansearbeidar. 67 prosent var samde i det, medan berre fem prosent meinte at det i liten grad var tilfelle. Dei over 60 var meir skeptiske enn dei yngre.

Opplevd tryggleik knytt til akutthjelpar

Intervjuobjekta fekk også spørsmål om dei ville føle seg trygge på å få medisinsk førstehjelp av ein såkalla akutthjelpar, i påvente av legevaktlege og ambulanse ved akutt sjukdom.

I svært stor grad	16 %
I ganske stor grad	37 %
Verken stor eller liten grad	19 %
I ganske liten grad	10 %
I svært liten grad	5 %
Ikke sikker	12 %

Tabell 8.11. Opplevd tryggleik knytt til akutthjelparar. Data frå spørjeundersøkjing ved Respons. Tal spurde 502.

Også her er det signifikante skilnader knytt til reiselengde til legevakt. 34 prosent av dei med lengre avstand enn ein halv time reisetid svarar at dei i liten grad er trygge.

Opplevd tryggleik knytt til kvite bilar


Fleire helseføretak nyttar såkalla «kvite bilar» til transportar. Det er ein enkelt utstyrt sjuketransportbil med ein helsearbeidar som sjåfør. Undersøkinga viser at omgrepene er svært lite kjent. Berre seks prosent av dei 502 svara ja på at dei kjende til kva «kvite bilar» var for noko.

Då dei vart gjort kjende med omgrepet, og fekk spørsmål om dei ville føle det trygt å bli frakta til sjukehuset med ein slik bil i staden for vanleg ambulanse, ved mindre alvorleg sjukdom eller skade svarte dei slik:

I svært stor grad	18 %
I ganske stor grad	39 %
Verken stor eller liten grad	21 %
I ganske liten grad	10 %
I svært liten grad	5 %
Ikke sikker	7 %

Tabell 8.12: Opplevd tryggleik ved transport med «kvit bil» ved mindre alvorleg sjukdom/skade. Data fra spørjeundersøking ved Respons. Tal spurde 502.

Bakgrunnstala viser at dei med lengst reisetid til legevakt eller legekontor var minst skeptiske til denne ordninga:



Figur 8.38. Opplevd tryggleik ved transport i «kvit bil» sett opp mot reisetid til legekontor/legevakt.

Oppfatning av betydinga av øving for ambulansepersonell

I kva grad meiner du at kvaliteten på ambulansetenesta blir betre med aukande tal utrykkingsoppdrag som den einskilde ambulansemedarbeidar er med på?	
I svært stor grad	27 %
I ganske stor grad	40 %
Verken stor eller liten grad	16 %
I ganske liten grad	4 %
I svært liten grad	1 %
Ikkje sikker	11 %

Tabell 8.13: Oppfatning av øving og erfaring si betydning for kvalitet i ambulansetenesta. Data fra spørjeundersøkjing ved Respons. Tal spurde 502.

I alt 67 prosent av dei spurde meiner i stor grad at kvaliteten på ambulansetenesta blir betre med aukande tal utrykkingsoppdrag. Berre fem prosent meiner dette i liten grad er tilfelle. Haldninga er stort sett lik i alle grupper av befolkninga.

8.2.6.3 Oppsummering

Dei spurde føler seg gjennomgåande trygge på å få hjelp av ambulansetenesta og legevakta ved akutt sjukdom eller skade, men dei som bur lengst frå legevakt eller sjukehus føler seg mindre trygge.

Det er liten kunnskap om at legevaktslegen har plikt til å rykkje ut ved akutt skade eller sjukdom.

41 prosent vil akseptere å vente lenger på ambulansen viss dei visste at legevaktslegen også var på veg.

67 prosent var samde i at fleire utrykkingsoppdrag for den enkelte ambulansearbeidar vil auke kvaliteten på tenesta

Mange vil akseptere bruk av «kvite bilar».


8.2.7. Demografiske utviklingstrekk

Demografi er definert som befolkningslære, og handlar om å skildre befolkninga og utviklingstrekka for denne. Den demografiske utviklinga påverkar trøngen for helsetenester inne på sjukehusa, men også prehospitalt (legevaktstenester og ambulanse). Her spelar storleiken av folkesetnaden inn, men også alderssamansetjinga. Ei større folkemenge treng naturleg nok meir helsetenester enn ei mindre, og ei eldre befolkning treng også meir helsetenester enn ei yngre – dette fordi førekomensten av mange sjukdommar aukar med alderen.

Prosjektet har i dette avsnittet nytta data frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

8.2.7.1. Utvikling i folketal samla og per kommune dei siste tiåra

Utviklinga i folketalet i Sogn og Fjordane i perioden 2007-2018 viser at innbyggjartalet har auka frå 106 194 i 2007 til 110 230 i 2018. Dette tilsvavar ein samla auke på 3,8 prosent (i snitt ein auke på 0,31 prosent årleg).




Figur 8.39: Utvikling av samla folketal i Sogn og Fjordane i perioden 2007-2018 i absolutte tal og prosent auke frå førre år.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Absolusette tal	106 194	106 259	106 457	107 080	107 742	108 201	108 700	108 965	109 170	109 530	110 266	110 230
Prosent årleg	0,06 %	0,19 %	0,59 %	0,62 %	0,43 %	0,46 %	0,24 %	0,19 %	0,33 %	0,67 %	-0,03 %	
Prosent samla	0,1 %	0,2 %	0,8 %	1,5 %	1,9 %	2,4 %	2,6 %	2,8 %	3,1 %	3,8 %	3,8 %	

Tabell 8.14: Utvikling av samla folketal i Sogn og Fjordane i perioden 2007-2018 i absolutte tal, prosent auke frå førrre år og prosent auke samla.

Når vi ser på utviklinga av eldre i same perioden (2007-2018), aukar folkemengda i alderen 67-79 år ein del frå 2012-2018. For denne aldersgruppa tilsvrar veksten 31 prosent frå 2007-2018, og dette utmerkar seg frå auken i folkemengda elles som er på 3,8 prosent.




Figur 8.40: Utvikling av eldre i Sogn og Fjordane i perioden 2007-2018.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Absolutte tal	15 908	15 895	15 903	16 009	16 198	16 502	16 779	17 226	17 702	18 127	18 480	18 905
Prosent årleg		-0,1 %	0,1 %	0,7 %	1,2 %	1,9 %	1,7 %	2,7 %	2,8 %	2,4 %	1,9 %	2,3 %
Prosent samla		-0,1 %	0,0 %	0,6 %	1,8 %	3,7 %	5,5 %	8,3 %	11,3 %	13,9 %	16,2 %	18,8 %
67-79 år	9 794	9 831	9 800	9 915	10 069	10 368	10 672	11 128	11 665	12 119	12 426	12 802
Prosent årleg		0,4 %	-0,3 %	1,2 %	1,6 %	3,0 %	2,9 %	4,3 %	4,8 %	3,9 %	2,5 %	3,0 %
Prosent samla		0 %	0 %	1 %	3 %	6 %	9 %	14 %	19 %	24 %	27 %	31 %

Tabell 8.15: Utvikling av eldre i Sogn og Fjordane i perioden 2007-2018 i absolutte tal, prosent auke frå førre år og prosent auke samla.

Ei samanlikning av fylka på Vestlandet viser vekst i samla folketal frå 1 212 854 i 2007 til 1 373 151 i 2018. Dette tilsvarar 13,2 prosent (ein snitt-auke på 1,14 prosent årleg). Det er følgjeleg ein større auke på Vestlandet samla enn i Sogn og Fjordane isolert sett.



Figur 8.41: Utvikling av samla folketal i fylka på Vestlandet i perioden 2007-2018 i absolutte tal.

Tabellen nedanfor viser at Rogaland har den største samla veksten i perioden 2007-2018 på 17 prosent, medan Sogn og Fjordane har den lågaste samla veksten på 3,8 prosent.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Absolutte tal	1 212 854	1 228 392	1 245 439	1 263 464	1 281 973	1 298 514	1 318 398	1 335 366	1 350 548	1 361 492	1 368 527	1 373 151
Prosent ørleg		1,28 %	1,39 %	1,45 %	1,46 %	1,29 %	1,53 %	1,29 %	1,14 %	0,81 %	0,52 %	0,34 %
Prosent samla		1,3 %	2,7 %	4,2 %	5,7 %	7,1 %	8,7 %	10,1 %	11,4 %	12,3 %	12,8 %	13,2 %
% Rog. ørleg		2,0 %	1,9 %	1,8 %	1,9 %	1,6 %	2,0 %	1,7 %	1,5 %	0,8 %	0,4 %	0,3 %
% Rog. samla		2,0 %	4,0 %	5,8 %	7,8 %	9,5 %	11,8 %	13,6 %	15,3 %	16,2 %	16,7 %	17,0 %
% Hord. ørleg		1,3 %	1,5 %	1,6 %	1,5 %	1,3 %	1,5 %	1,4 %	1,2 %	1,0 %	0,7 %	0,5 %
% Hord. sAMLA		1,3 %	2,8 %	4,5 %	6,0 %	7,4 %	9,1 %	10,6 %	12,0 %	13,1 %	13,8 %	14,4 %
% s&F ørleg		0,1 %	0,2 %	0,6 %	0,6 %	0,4 %	0,5 %	0,2 %	0,2 %	0,3 %	0,7 %	0,0 %
% S&F SAMLA		0,1 %	0,2 %	0,8 %	1,5 %	1,9 %	2,4 %	2,6 %	2,8 %	3,1 %	3,8 %	3,8 %
% m&R ørleg		0,6 %	0,8 %	1,0 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %	0,4 %	0,2 %
% M&R SAMLA		0,6 %	1,4 %	2,4 %	3,5 %	4,6 %	5,7 %	6,6 %	7,5 %	8,1 %	8,5 %	8,7 %

Tabell 8.16: Utvikling av folketal på Vestlandet i perioden 2007-2018 i absolutte tal, prosent auke fra førre år og prosent auke samla.

8.2.7.2. Framskrivingar


Det er knytt uvisse til folketalsframskrivingar, og difor har SSB utarbeidd tre ulike scenario kalla hovudalternativet, låg nasjonal vekst og høg nasjonal vekst. Hovudalternativet viser korleis utviklinga blir når vi legg til grunn middels utvikling i både fruktbarheit, levealder, innanlandske flyttingar og innvandring. Det inneber at:

- fruktbarheit er den same som dagens nivå med rundt 1,7 barn per kvinne
- levealderen aukar med rundt sju år for menn og fem år for kvinner frem mot 2060
- det innanlandske flyttemønstret vi har sett dei siste ti åra, held fram
- nettoinnvandringa på sikt blir mellom 25 000 og 30 000.

I scenarioet låg nasjonal vekst er det lagt til grunn lågare fruktbarheit, innanlandske flyttingar og innvandring og medium levealder. I scenarioet høg nasjonal vekst er det lagt til grunn høgare fruktbarheit, innanlandske flyttingar og innvandring og medium levealder.

For fylket samla viser tal frå SSB (hovudalternativet) at samla folketal i 2040 mest sannsynleg vil vere 118 200. Dette tilsvarar ein auke på 8 prosent frå dagens folketal. Scenarioet for lågare vekst vil medføre ein nedgang frå dagens folkemengde på 109 530 til 108 100 (-1 prosent). Scenarioet for høgare vekst vil medføre vekst frå dagens innbyggjartal

til 131 800 (+20 prosent). For meir informasjon om dette, sjå
<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram/aar/2016-06-21>




Figur 8. 42: Tre scenario for folketalsframskriving i Sogn og Fjordane samla i 2040 (Kjelde: <https://www.ssb.no>).

Kommune	2016 Registrert	Hovedalternativet (MMMM)	Lav nasjonal vekst LLML	Høy nasjonal vekst HHMH
1401 Flora	11 923	13 300	12 100	15 000
1411 Gulen	2 370	2 600	2 400	2 900
1412 Solund	785	700	600	800
1413 Hyllestad	1 395	1 200	1 100	1 300
1416 Høyanger	4 161	4 100	3 700	4 500
1417 Vik	2 689	2 400	2 200	2 700
1418 Balestrand	1 294	1 200	1 100	1 400
1419 Leikanger	2 298	2 500	2 200	2 700
1420 Sogndal	7 839	10 600	9 700	11 800
1421 Aurland	1 764	1 900	1 700	2 100
1422 Lærdal	2 172	2 100	1 900	2 300
1424 Årdal	5 359	5 000	4 600	5 600
1426 Luster	5 093	5 500	5 100	6 200
1428 Askvoll	3 023	2 700	2 500	3 000
1429 Fjaler	2 830	3 200	2 900	3 500
1430 Gauldalen	2 942	3 300	3 000	3 700
1431 Jølster	3 020	3 200	2 900	3 500
1432 Førde	12 900	15 500	14 200	17 200
1433 Naustdal	2 840	3 000	2 800	3 400
1438 Bremanger	3 846	3 600	3 300	4 000
1439 Vågsøy	6 046	6 100	5 600	6 800
1441 Selje	2 774	2 600	2 400	2 900
1443 Eid	6 015	6 500	5 900	7 200
1444 Hornindal	1 200	1 200	1 100	1 400
1445 Gloppen	5 784	6 100	5 600	6 800
1449 Stryn	7 168	8 100	7 500	9 100

Tabell 8.17: Tre scenario for folketalsframskriving per kommune i Sogn og Fjordane i 2040 (Kjelde: <https://www.ssb.no>).

Dersom utviklinga blir som skissert i hovudalternativet, vil vi gradvis få ein auke i folketal som samla for fylket kan sjå ut som i figur 8.43:



Figur 8.43: Folketalsframskriving per kommune i Sogn og Fjordane i 2040 (Hovudalternativet (MMMM))
(Kjelde: <https://www.ssb.no>).

8.2.7 4. Oppsummering og tilrådingar demografi:

- Den demografiske utviklinga i Sogn og Fjordane har vore prega av eit aukande tal eldre, fråflytting i utkantane.
- Folkeveksten er svak samanlikna med landsgjennomsnittet.
- Det pågår ei intern sentralisering i fylket.
- SSB forventar fortsatt folketalsvekst i byane og dei større tettstadane.
- I utforminga av framtidas prehospitalare tenester må Helse Førde ta omsyn til at folkeveksten i nokre område kan medføre behov for auka ressursar.
- Ein må sjå på løysingar for å oppretthalde ein forsvarleg prehospital beredskap i områder der folketalet er lite og ambulanseoppdraga dermed sjeldne. Dette bør gjerast i samarbeid med kommunane.

9. Dei prehospitalte tenestene som del av Helse Førde

I dette kapittelet vil vi skildre samspelet mellom ambulansetenesta og dei andre delane av spesialisthelsetenesta. Grensesnittet (overgangen) mellom ambulansetenesta og ulike sjukehusavdelingar (akuttmottak, andre avdelingar og poliklinikkar) inneber eigne utfordringar. Dette gjeld både når pasientar kjem inn til sjukehus, og når dei skal ut att. Det same gjeld når ambulansetenesta transporterer pasientar til og frå ulike kommunale helsetenester (fastlegekontor, legevakt mm.). Denne samhandlinga er omtala i kapittel 10.

Det har over år vore stor nasjonal merksemelding kring «overgangane» og dei utfordringane den samla helsetenesta har når pasientar blir overførte frå «eitt helsevesen til eit anna» (t.d. frå kommunal sjukeheim til sjukehus). Dette gjeld mellom anna overføring av viktig medisinsk informasjon og riktig medikamentliste, men også å sikre rett type transport til rett tid for kvar einskild pasient osb. Det fell utanfor mandatet i dette prosjektet å gå djupt inn i all overgangsproblematikk, og vi har heller ikkje hatt tid/ressursar til det. Vi har likevel sett på og diskutert nokre punkt som direkte knyter seg til ambulansetenesta. Dette for å sjå på kor tenestene kan bli betre for pasientane og/eller meir effektiv bruk av ambulanseressursane.

9.1. Pasientovergangar mellom prehospital og hospital teneste

Det er ønskjeleg at ambulansepersonell som hovudregel får levert pasienten raskt frå seg anten dei kjem til eit sjukehus, fastlegekontor eller legevakt. Når pasienten er levert, kan ambulansepersonellet setje seg i bilen, melde seg til AMK som klare for nytt oppdrag og køyre ut att til sitt eige ambulanseområde der dei er ein viktig del av beredskapen.


Diverre er det ofte ikkje slik. I mange tilfelle går ambulansepersonell med pasienten rundt om i sjukehus, både til røntgen og polikliniske konsultasjonar. Det er også venting på avklaringar, særleg der det kan bli aktuelt å ta med seg pasienten heim att, vidare frå legevakt til sjukehus eller frå eitt sjukehus til eit anna.

Mange legevaktlegar manglar hjelpepersonell på legekontoret når dei har vakt, og ambulansepersonellet får då også hyppig spørsmål om å kunne bistå legen ved å vere tilstades. Også i akuttmottaket ved Førde sjukehus er det tidvis svært travelt, og då kan det ta tid før sjukepleiar kan overta pasienten.

Relativt ofte blir pasientar også henta av ambulanse utan at ein lege har vurdert kor pasienten skal køyrrast. Då kan ein ende med ulike omvegar og kontrameldingar før ein når fram til endeleg behandlingsstad.

9.1.1. Tidsbruk ved levering av pasientar

Prosjektet har sett på tidsbruk ved levering av pasientar til innlegging eller poliklinikkar ved dei tre sjukehusa i fylket, men også ved levering av pasientar til dei større legevaktene. Sjå figur 9.1:



Figur 9.1.: Gjennomsnittleg tidsbruk for ambulansar ved levering av pasient til nokre ulike behandlingsstader. Tid på y-aksen er i minutt, og på x-aksen er dei ulike månadene i 2017. Data er registrert av ambulansepersonellet.

Figuren viser at gjennomsnittleg tidsbruk (total tid innomhus før ambulansen er ute att på vegen og klar for nytt oppdrag) varierer mykje. Sogndal legekontor (hausten 2017) og Nordfjord legevakt (heile 2017) skil seg ut ved at ambulansane der brukar lengre tid før dei kjem seg ut att. For Nordfjord legevakt ligg gjennomsnittet gjennom året på cirka 40 minutt, mens ein ved til dømes SYS-IKL og dei tre sjukehusa ligg på omkring 30 minutt.

Nokre av årsakene til at det tek tid å levere pasientar, er summarisk nemnd i innleiinga til dette avsnittet. I stor grad handlar det truleg om at ambulansetenesta her i fylket må dekke behov som dei andre delane av helsetenesta ikkje har ressursar til sjølv, nemleg å sjå til pasientar som ventar samt å bistå legevaktlegar. Dei tilsette i ambulansetenesta opplever at mykje tid går med til å vente på avklaringar, og prosjektet har merka seg frå medarbeidarundersøkinga (kap.8) at utilstrekkeleg samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta er blant dei største utfordringane.

Ein har ikkje i denne fasen av prosjektet sett på om det til dømes er vanleg at ambulansepersonellet tek matpause direkte etter at pasientar er levert. Ein har heller ikkje differensiert mellom kor ambulansane kjem frå. Det betyr lite for beredskapen i eige område om til dømes Lærdalsambulansen ventar ein halv time ekstra på ei avklaring ved Lærdal legekontor. Denne ambulansen er i sitt eige område uansett. Det betyr meir om Selje- eller Vågsøyambulansen blir verande lenge ved Nordfjord legevakt på Eid, då dette svekkar beredskapen i Ytre Nordfjord. Til sist har ein ikkje analysert funna med omsyn til om ulike legevakter har eige hjelpepersonell eller ei.

Referansegruppa i prosjekt Prehospital plan har i fase 1 av prosjektet sett på våre data og samanlikna desse med eigne data frå mellom anna Helse Bergen, Helse Vest og Oslo universitetssjukehus. Her ligg innomhustidene vesentleg lågare enn hos oss, og frå Oslo har vi motteke melding om at levering av pasient og klargjering av bilen (supplere utstyr, reinhald med meir) ikkje skal ta meir enn 10 til maks 20 minutt. Referansegruppa var klar på at her er forbettingspotensiale.

9.2. Grensesnittet mellom Pasientreiser og ambulansetenesta

I 2017 utførte Pasientreiser i Helse Førde 101 639 tilrettelagde transportar til og frå primær- og spesialisthelsetenesta. Dette utgjorde meir enn 3,3 millionar kilometer. I tillegg organiserte pasientreiseavdelinga 463 flyreiser i fjar. Helse Førde sine kostnader knytt til desse reisene var om lag 85 millionar kroner.

9.2.1. Offentleg transport, drosje eller ambulanse?

Ambulansar skal nyttast til oppdrag der pasienten treng utgreiing, overvaking eller behandling undervegs, og dei fleste ser føre seg dei typiske ambulanseoppdraga som akuttoppdrag eller andre hasteoppdrag (raude og gule turar). Ambulansane har også mange grøne turar (utan hastegrad), men der pasienten treng behandling og observasjon. Ambulanse blir også nytta til transport for liggjande pasientar (med behov for båre) der anna mogelegheit (til dømes helseekspress) ikkje føreligg. Ambulansane blir tinga i AMK.

Sitjande og oppegåande pasientar som ikkje treng overvaking og/eller behandling på turen, skal normalt ha anna transport enn ambulanse til og frå behandlingsstadane. Pasientane kører dels privat bil eller dei nyttar offentleg transport eller får drosje. Pasientreiser organiserer desse transportane.

I praksis er Pasientreisers grensesnitt mot ambulansetenesta vanskeleg å definere presist. For det første er det vanskeleg å vurdere kva behov pasienten har. Det skjer difor relativt

ofte at ambulansar transporterer pasientar som kunne vore handtert av Pasientreiser (til dømes med drosje). Særleg skjer dette når fastlegar/legevaktslegar ikkje har sett pasienten, eller vore involverte i saka på telefon før ambulansen blir sendt ut frå AMK. Erfaringa har også vore at ambulansetenesta kunne unngått mange transportoppdrag dersom lege hadde hatt kontakt med pasienten på telefon eller vurderte pasienten ved gul respons. Dette gjeld både på dagtid og på kveld/natt/helg.

Dette stemmer overeins med at nokre av pasientane som deltok i brukarundersøkinga i ambulansetenesta i desember 2017 (kap.8) kryssa på at dei kunne nytta anna transport. Det passar også med data innhenta i prosjektet som viser at vi i Sogn og Fjordane brukar meir ambulanse per 100 000 innbyggjarar enn mange andre stader (sjå kap. 8).


Det er svært viktig at pasientar som treng/skal ha ambulanse, faktisk får det. Det hender at Pasientreiser får melding frå drosjesjåførar om at pasienten det var bestilt drosje til, viste seg å ha behov for båre/liggjande transport. Det hender også at pasienten medisinsk sett er eller har blitt dårlegare enn det drosjetinga tilsa, og då må ambulanse etterbestillast.

Ved tidlegare gjennomgangar har Helse Førde funne at 30 prosent av alle ambulanseoppdrag anten er polikliniske oppdrag eller overflyttingsoppdrag. Majoriteten er stabile pasientar som ikkje treng den kompetansen som akuttmedisinforskrifta definerer. I denne mengda av transportar finst eit handlingsrom dersom Helse Førde vil sjå på mindre ressurskrevjande pasienttransportar enn å bruke ambulansar.

9.2.2. Kostnader ved bruk av ambulanse versus drosje eller offentleg transport

Helseføretaka betaler pasienttransporten i Norge, og kostnadene til transport utgjer ein stor post i Helse Førde sine budsjett og rekneskap. Ikkje alle er klar over at kostnader til pasienttransport tærer på det same budsjettet som sjukehusa skal drive kjerneverksemd som utgreiing, overvaking og behandling for.

Pasientreiser driv eit utstrekkt informasjonsarbeid ut mot både primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. I informasjonsmøte legg ein mykje vekt på regelverk, men val av rett transport og at unødig bruk av ambulanse fører til redusert beredskap er også alltid tema. Ein peikar på at det kostar føretaket fleire gongar så mykje om ambulanse blir valt framfor drosje. Pasientreiser utarbeider også informasjonsmateriell til behandlarar, sjå figur 9.2. nedanfor.



Figur 9.2: Plakat frå Pasientreiser, nytt til internt informasjonsarbeid i Helse Førde. Her framgår kostnader ved bruk av ulike typar transport. Dette dømet gjeld transport frå Årdalstangen til Førde.

9.2.3. Helseekspress eller kvite bilar

Ambulansetenesta i Helse Førde har i gjennomsnitt fem turar ut av eller inn i fylket kvar dag. Pasientreiser Helse Førde organiserer om lag 1500 transportar ut av eller inn i fylket årleg, i tillegg kjem Helse Bergen sine om lag 400 transportar ut og inn av fylket (då er transportar til og frå Gulen trekt ut). Sjølv om mange av desse turane skal og må vere på ambulansenivå, finn Pasientreiser at det truleg er mogeleg å finne synergiar mellom dei ulike tenestene ved t.d. å sjå på felles transport av ulike pasientgrupper der ein nyttar bilar som handterer både sitjande og liggjande pasientar.

Om vi ser til Helse Fonna, så har dei ein helseekspress som går dagleg mellom Haugesund og Bergen. Dette er ein buss der bakre del har tre båreplassar og to liggestolar. Denne delen av bussen er bemanna med intensivsjukepleiar. I fremre delen av bussen får andre pasientar som skal mellom eller til sjukehusa, plass. I tidlegare prosjekt har Helse Førde konkludert med at det ikkje er pasientgrunnlag for ei tilsvarende løysing. Ei samkjøring mellom tenestene i mindre skala kan likevel vurderast.


Fleire føretak har siste åra teke i bruk såkalla «kvite bilar». Desse bilane transporterer liggjande pasientar som ikkje har behov for overvaking eller behandling. Føremona med desse bilane er at dei ikkje treng å vere bemanna av helsepersonell eller vere utstyrt som ambulanse då dei berre køyrer førehandsbestilte turar med stabile pasientar. Dei fleste turane går berre med sjåfør som personell og nyttar berehjelp på hente- og leveringsstad.

Det er fleire måtar å organisere slike transportar på, men Pasientreiser har ansvar for desse transportane i dei andre føretaka. I Helse Bergen er det tilsette i Pasientreiser som rullerer på å bemanne «den kvite bilen», og det har vist seg å vere ei populær oppgåve blant dei tilsette. I Nordlandssykehuset har dei kvite bilane vorte organisert på lik linje med vanlege drosjer. Transporten vert lyst ut på anbod med ein nøyaktig kravspesifikasjon til materiellet. Behandlar nyttar også Pasientreiser sin nasjonale rekvireringsmodul for å bestille turane med dei kvite bilane. Behandlar legg inn rekvisisjon som vanleg, men merkjer at pasienten har eit spesielt behov til transporten ved å hake av for STB (SjukeTransportBil).

Erfaring frå dei føretaka Pasientreiser har vore i kontakt med og som har ein form for liggjande transport, er at dette har avlasta ambulansetenesta monaleg.

9.3. Organisering

Den prehospitalie verksemda med ambulanseteneste (bil og båt), luftambulanse, redningshelikopter og AMK Førde er organisert i Avdeling for akuttmedisin (AAM) som ligg i kirurgisk klinikk. Pasientreiser organiserer all anna pasienttransport. Denne avdelinga er organisert i HR-avdelinga i stab og støtte.



Figur 9.3.: Dagens organisering av ambulansetenesta og Pasientreiser i Helse Førde.

Med organisatorisk plassering i ulike klinikkar er der per i dag ikkje etablert faste møtepunkt mellom ambulansetenesta/AMK og Pasientreiser i Helse Førde, trass i at begge avdelingar driv med pasienttransport og at ein som omtala over ser at fleire transportar som i dag går med ambulanse, kunne vore løyst med til dømes drosje.

Fleire andre føretak har valt å knytte Pasientreiser organisatorisk til dei prehospitalte nestene, dette nettopp for å legge til rette for god samordning. Ein finn fleire ulike variantar. Nokre føretak har også samla dei prehospitalte transporttenestene (ambulansetenesta og Pasientreiser) i lag med andre serviceavdelingar som laboratorium og røntgenavdeling. Det høyrer med at sjølv om desse tenestene fleire stader er organiserte i lag, er graden av samarbeid likevel ulik.

9.4. Oppsummering og tilrådingar

- Prosjektgruppa ser mange grunnar til at levering av pasientar gjennomsnittleg tek lengre tid i vårt fylke enn til dømes i større byar. Referansegruppa meiner at tidsbruken er for lang, og at det her er funne eit klart forbettingspunkt.
- Det bør prioriterast å arbeide med samhandlinga mellom fastlegar/legevakter og ambulansetenesta. Legane ute bør vere tett på aktiviteten i ambulansetenesta, slik at medisinske vurderingar så ofte som råd ligg til grunn når ambulanse blir bestilt.
- Helse Førde bør vurdere å samordne ambulansetenesta/AMK og Pasientreiser betre enn i dag, for å få nytta ressursane best mogeleg til pasientane sitt beste og for å redusere kostnader.
- Unødige ambulansetransportar er dyrt, gjev ikkje helsegvinst for pasientane og reduserer beredskapen. Prosjektet bør i fase 2 arbeide vidare med å redusere unødig bruk. Men prosjektet presiserer at pasientar som treng ambulansetransport skal ha ambulansetransport også i framtida.
- Prosjektgruppa er einig i at fastlege/legevakt bør involverast ved gule responsar (ikkje berre ved dei raude akuttoppdraga). Tidlegare har det ikkje vore systematikk i dette i vårt fylke, men denne rutinen vart endra hausten 2017 slik at dette no er på plass.

10. Prehospital samhandling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta

10.1. Krav og føringar i høve samhandling

Akuttmedisinforskrifta omtalar samhandling og samarbeid mellom verksemder som yter akuttmedisinske tenester. I § 4 heiter det:

«Virksomheter som yter akuttmedisinske tjenester skal sikre at personellet som utfører tjenestene får nødvendig opplæring og trening i å utføre egne arbeidsoppgaver og trening i samhandling og samarbeid mellom alle leddene i den akuttmedisinske kjeden».

Helse- og omsorgstjenesteloven § 6.1 stiller krav om samarbeidavtalar mellom kommunar og regionale eller lokale helseforetak. § 6.2 stiller krav om avtalene sitt innhald. Eitt av punkta er at avtalane skal omfatte omforeinte beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda.

I merknadene til akuttmedisinforskrifta § 4 står det at *«samarbeidsavtalene må bygge på en samlet gjennomgang av den akuttmedisinske beredskapen i helseforetakene og kommunenes ansvarsområder. Lokalisering og dimensjonering av legevaktstjeneste og ambulansestasjoner må sikre befolkningen et helhetlig og forsvarlig akuttilbud. Samarbeidsavtalene må derfor konkretiseres slik at de kan fungere som et felles planleggingsverktøy. Det innebærer også at det må være nødvendig dialog mellom helseforetak og kommuner om eventuelle endringer i tilbuddet».*

Videre står det at *«det skal sikres at det gjennomføres regelmessige øvelser i samarbeid og samhandling med øvrige akuttmedisinske tjenester og øvrige nødetater».*

10.2. Delavtalar om samarbeid

Helse Førde og kommunane har ein gjeldande delavtale om samarbeid om den akuttmedisinske kjeda (sjå vedlegg 7). Denne er omtala ulike stader i denne rapporten, og inngår i gap-analysen i kapittel 11.

Helse Førde og kommunane har også ei gjeldande delavtale om samarbeid om beredskap: <https://samhandling-sfj.no/wp-content/uploads/2016/10/Delavtale-om-samarbeid-om-beredskap.pdf>. Status i høve elementa i denne avtalen blir omtala i avsnitt 10.3.

10.3. Beredskapsarbeid, status i Sogn og Fjordane

Delavtalen skal sikre samordning av beredskapsplanar og andre tiltak for effektivisere og optimalisere helseberedskapen ved hendingar som trugar liv, helse og som krev ekstraordinær innsats. Dette gjeld meir omfattande og krevjande situasjonar enn dei helsetenesta møter i det daglege, t.d. på grunn av omfanget, typen skadar eller sjukdom, trøngen for ressursar eller forholda elles.

Kommunane og Helse Førde har avtalefesta felles beredskapsøvingar, der to og to kommunar øver saman, i alt fire kommunar per år. Gjennomføring av øvingar ligg etter tidsplanen, og Helse Førde har ansvar for å koordinere dette. Dette er øvingar som kan omfatte både taktisk, operativ og strategisk nivå i kommune og helseføretak. Viktige element er å øve kommunikasjon mellom dei ulike aktørane og klargjering av ansvarsområde. Det er også interessant å øve større verksemder og skular i same øvingane.

Dersom øvinga skal ha nyttieffekt, krev det grunnleggande kunnskap hjå alle aktørar. Dette må øvast etatsvis. Planverket må vere kjent og omforeint, kommunikasjonslinjer og varslingvegar må vere innovde. Operatørane ved legevaktsentralane og legevaktlegane må vere kjende med kommunen sitt planverk og eige ansvar.

Helse Førde og kommunane skal jamleg gjennomføre testing av utstyr for å sikre at kommunikasjonsteknisk system for varsling fungerer som føresett. Helse Førde skal ein gong i veka gjennomføre varslingstest på helseradionettet/nødnett til vakthavande lege i kommunane. Dette har siste månadene stoppa opp etter ønskje frå legevakthald, men er tenkt starta opp att og skal vere ein klar gevinst av nødnettinnføringa.

Operativt er det viktig at legevaktteneste og ambulanse øver grunnleggjande, evt. også saman med andre nødetater. Dette er ulikt handtert i kommunane. Det kan vere nyttig at kommunane og helseføretaket tek i bruk kommune-BEST konseptet (Bedre Systematisk Trening i akuttmedisin) og at også legevaktlegar får nødvendig PLIVO trening (Pågåande LIVstruande VOLD) til liks med brannvern, ambulanse og politi. Tilsvarande gjeld beredskap for og innsats ved ulukker med farleg gods (CBRNE-hendingar: Ulukker med Kjemikalie -Biologiske-Radioaktive-Nuclære eller Eksplasive stoff).

Kommunane har ansvar for å yte psykososial omsorg og støtte til enkeltpersonar, familiar eller lokalsamfunn og oppfølging ved kriser, ulykker og katastrofer. Ved særskilde situasjonar vil spesialisthelsetenesta kunne hjelpe til og vert då samordna av beredskapsleiinga i kommune og helseføretak.

10.4. Kva seier forskninga om betydninga av legevakt

Prosjektgruppa har ved fleire høve diskutert grensegangen mellom kommunalt ansvar og spesialisthelsetenesta sitt ansvar innan prehospitalie helsetenestene. Og ved den akuttmedisinske konferansen som prosjektet arrangerte i januar 2018, vart dette temaet diskutert.

I vårt fylke er det variasjon i høve kva grad legevaktlegen er involvert i akuttmedisinske oppdrag, jfr. funna når det gjeld utrykking ved akuttoppdrag omtalt i kapittel 7. Nokre stader samhandlar ambulansen tett med vakthavande lege ved akuttoppdrag som i fleirtalet av tilfella rykkjer ut, mens andre stader er ambulansepersonellet i all hovudsak åleine om å handtere pasientane prehospitalt.

Ved den akuttmedisinske konferansen fikk prosjektgruppa og konferansedeltakarane presentert fleire ulike studiar. Nokre av dei refererer vi summarisk her:

- Austevoll-studien (13) viste at dersom lege vurderte pasientane, så vart hastegraden endra i meir enn halvparten av tilfella. I 43 prosent av tilfella vart hastegraden redusert, mens den vart oppgradert i 11 prosent av tilfella.
- Fleire studier har peika på at mange ambulansearbeidarar opplever å mangle støtte frå lege (14,15) når dei er ute på vurderingsoppdrag.

I NOU 2015:17 «Først og fremst» blir legen si viktige rolle i akuttmedisinske situasjonar diskutert (9, side 114).

10.5. Samhandling i kvardagen - styrkar og utfordringar

Mykje praktisk samhandling fungerer godt mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Men mykje kan også bli betre. I medarbeidarundersøkinga (kapittel 8) vurderer dei ambulansetilsette at manglande samordning mellom nivåa er ei utfordring i dei prehospitalie tenestene. I avsnittet om uønska hendingar (kapittel 8) er også nokre samhandlingsavvik presentert.

Prosjektet har diskutert fleire konkrete hendingar, då med fokus på korleis betre samhandling kunne løyst oppdrag meir til beste for pasienten og med mindre ressursbruk for helsetenesta samla. Sjå vedlegg 8 «Pasientforløp nytta i diskusjonar i prosjektet».

10.6. Oppsummering og vurdering

- Sjølv om mykje fungerer greitt og helsetenestene er forsvarlege, så har kommunane og spesialisthelsetenesta fleire utfordringar å ta tak i når det gjeld samhandlinga seg imellom. Prosjektgruppa ser rom for forbetring på fleire punkt.
- Prosjektgruppa finn at piloten som Helsedirektoratet no lyser ut for utprøving av nye løysingar for legevakt, er svært interessant i så måte (sjå kapittel 11).
- Godt samarbeid mellom nivåa er nødvendig for at helsetenestene skal ha god kvalitet og for at tenestene skal få nytta ressursane så effektivt som råd.

11. Nye mogelegheiter og gode idéar

Prosjektgruppa har vore oppteken av å sjå til ulike delar av landet for å lære om korleis andre har tilnærma seg utfordringane som vi finn i Sogn og Fjordane. I dette kapittelet presenterer vi nokre av desse idéane summarisk:

11.1 Ny akuttbil løftar helsetilboden på Røros



På Røros er det eit samarbeidsprosjekt mellom Helsedirektoratet, St. Olavs Hospital og Røros kommune. Dette er eit nasjonalt pilotprosjekt med fokus på å vidareutvikle samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Sentralt i prosjektet står ein ny akuttbil. Bilen har både medisinsk utstyr og nyutvikla velferdsteknologi, mellom anna ein robot-lege som kan vere med inn til pasienten. Gjennom roboten kan pasienten og ambulansepersonell ha tovegskommunikasjon med lege på legevakta som kan gjere medisinskfaglege vurderingar.

Fem faste tilsette bemannar akuttbilen på dagtid. Desse er tilsette i St. Olavs Hospital og prosjektet er finansiert av Helsedirektoratet. Bilen bistår Røros legesenter og heimetenestene på dagtid og er tilgjengeleg for legevakta på kveld og natt.

11.2 Kvite ambulansar/bilar



Kvite ambulansar kan handtere transportoppdrag der det er lågare kompetansekrav til personellet enn ved ambulanseoppdrag. Portørar og sjukepleiarar bidreg som sjåførar og hjelpepersonell. Bakgrunnen for pilotar er akuttmedisinforskrifta der ambulansetenesta er definert som ein ressurs der pasienten har behov for akuttmedisinsk behandling eller overvakning. Med differensiering mellom gule og kvite bilar på

kvar sine oppdrag, er det råd å bemanne med andre enn ambulansepersonell for reine transportar.

Dei tradisjonelle gule ambulansane blir då i større grad skåna for reine transportoppdrag og dette betrar beredskapen i områda. Ei differensiering av tenesta med enklare bilar og lågare krav til personellet gjev også reduserte kostnader per bil.

Det finst ulike variantar av transportløysingar rundt om i landet. Nokre av dei er også skildra i avsnittet om Pasientreiser i kapittel 9. I Helse Førde går diskusjonen på om vi har grunnlaget for å prøve ut slike ordningar.



– Fantastisk følelse da vi skjønte at hjertet hans slo igjen!

Mandag 3. mars 2014 stoppet hjertet til Martin Haugen (33) helt plutselig. Heldigvis satt han på jobben på brannstasjonen i Skien. Og heldigvis hadde kollegene hans nylig vært på kurset «Mens du venter på ambulansen». De reddet livet hans.

11.3 Akutthjelparar i Skien

«Mens du ventar på ambulansen» er eit prosjekt der stiftinga Norsk Luftambulanse bidrar til å byggje opp lokale akutteam rundt om i landet som kan ta hand om hardt skadde og alvorleg sjuke pasientar fram til medisinsk personell kjem fram.

I hovudsak er det brannmannskap som har vore gjennom desse kursa, men nokre stader også helsepersonell.

Heimesjukepleietenestene i kommunane kan også vere ei aktuell gruppe for slike kurs.

Ved utgangen av 2015 var det oppretta lokale akutteam i 120 kommunar med omtrent 1 500 mannskap.

Prosjektet vil trekke fram gode døme på akutthjelparordningar også her i fylket, sjå kapittel 7.

11.4 Drosjekutt ved Sykehuset Innlandet HF



Sykehuset Innlandet har spart over 20 millionar kroner i 2017 på at færre pasientar reiser åleine i drosje, eller eventuelt reiser kollektivt. Dei sparte midlane blir fordelt på dei ulike divisjonane og går direkte til styrka pasientarbeid, mellom anna ambulansetenesta.

11. 5 Bakvakt i legevaksordninga for Kvam kommune



Kvam herad inngår i Hardanger og Voss legevaktdistrikt. Distriktet har tre legevaktstasjonar og tre legevaktcentralar med felles legevaktsjef:

- Vaksdal, Voss, Ulvik, Eidfjord og Granvin soknar til Voss IKL.
 - Kvam har eigen stasjon og sentral på kveldstid, men soknar til Voss IKL på natt.
- Odda, Ullensvang og Jondal soknar til Odda IKL.

Avstanden frå Voss til Kvam er så lang at legevakta ikkje har høve til å rykkje ut innan dei tilrådde 45 minutta (NOU: Først og fremst). Kvam har difor ein eigen sovande lege på vakt kvar natt som berre blir varsle ved raude alarmar i heradet. Øvrige førespurnader på natt blir styrt til Voss.

11.6. Nye mogelegheiter innan bemanning i ambulansetenesta

Det blir vist til kapittel 5 i denne rapporten. Ambulansetenesta har fleire prøveprosjekt gåande, og formålet med desse er å spare kostnader til overtid og ekstravakter:

- «Standby crew» for å dekke akutt sjukefråvær
- Vikarpool/bemanningscenter for ambulanse for å dekke meir langvarig fråvær
- Fleksibel bruk av personale (AMK-personale deltek som nr. 2 på dagambulanse i Førde).

11.7. Mogeleg legevaktpilot i Sogn og Fjordane

Korleis legevaktene organiserast og drivast, har stor betydning for både oppdragsmengd og køyrelengde for ambulansetenesta. Kommunane i Sogn og Fjordane vurderer no om ein skal levere søknad til Helsedirektoratet om å få gjennomføre ein utlyst pilot i høve legevakt.



Informasjon om piloten: <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/pilotprosjekt-pa-legevaktfeltet#søke-om-tilskudd>

12. Økonomi

12.1. Innleiing

Då Helse Førde overtok ambulansetenesta i Sogn og Fjordane i 2005, var den basert på andre arbeidstidsordningar, kompetansekrav, krav til utstyr og stasjonstilhøve enn i dag. Fleire tilsette, mindre heimevakt, høgare kompetanse og betre bilar og utstyr gjer at ambulansetenesta i dag er på eit heilt anna nivå enn for 13 år sidan. Denne utviklinga har ført til betre kvalitet på tenesta, men også at kostnadene i ambulansetenesta har vaksse prosentvis markant meir enn i resten av Helse Førde.

12.2. Tenesta i dag

Dei prehospitalen tenestene er sett saman av ambulansetenesta, luftambulanse og AMK. Redningshelikopteret er ein ressurs som vert nytta i ein viss utstrekning.

Ambulansetenesta har 18 stasjonar, 21 døgnbilar, sju dagbilar og tre ambulansebåtar. Budsjettet for ambulansetenesta er på 159 millionar kroner. Av det går 131 millionar til personal, 17,6 millionar til båtoperatørar, 5,2 millionar til drivstoff og vedlikehald av bilar og om lag 3,0 millionar til husleige. Kostnadene til stasjonar som er eigde og drivne av Helse Førde er ikkje med i reknestykket. Det er vanskeleg å rekne nøyaktig på kva det utgjer, men overslag tilseier ein sum mellom 2,6 og vel fire millionar kroner.

Tenesta har i dag pålegg om å utbetre til saman sju av stasjonane på grunn av stasjonsmessige bygningstilhøve. Det er vanskeleg å stipulere den årlege meirkostnaden til dette, men det kan ligge ein stad mellom tre og fire millionar kroner.

Bemanning av legeressursar på luftambulansen kostar om lag ni millionar kroner og blir dekka av eiga eining i AAM. Tilsvarande bemanning på redningshelikopteret kostar om lag 8 millionar kroner og blir dekka av ei eiga løvning.

Prosjektperioden for fase 1 var hausten 2017 og våren 2018. Alle kostnader i dette kapittelet er oppgjeve i 2017-kroner, og er utan pensjonskostnader. Årsaka er at tala skulle vere samanliknbare.

12.3. Tilnærming til fastsettjing av økonomisk ramme

Ein viktig del av fase 1 i prosjekt for prehospitalte tenester er å avklare rammer; avklare kva neste fase skal styre etter når detaljerte modellar skal utarbeidast.

Den økonomiske ramma til Helse Førde vert fordelt ut til klinikkane og vidare ut i organisasjonen. Det blir teke nye vurderingar av fordelinga kvart år, for eksempel i lys av økonomiske endringar klinikkane i liten grad kan påverke sjølve, utfordringar og avvik av ulike slag. Endringar i tenestetilbod kan medføre større utslag for enkeltområde, men i stor grad er det mindre svingingar.

Dei økonomiske rammene til dei prehospitalte tenestene i Helse Førde er tildelte gjennom budsjettet for 2018. Auke i ramme dei seinare år, har i stor grad vore knytt til avvikling av heimevakt og utbetring av stasjonar.

Nokre vurderingspunkt når det gjeld storleiken på økonomisk ramme for ambulansetenesta kan vere:

1. Inntektsmodellen: I den regionale inntektsmodellen får Helse Førde pengar til å drive prehospitalte tenester. Det beste estimatet for storleiken på denne summen til ambulansetenesta ligg 18 millionar kroner under budsjettet for 2018.
2. Signal gitt i budsjettprosess: I arbeidet med langtidsbudsjett for 2019-2023 er det signalisert eit budsjettståande for ambulansetenesta som ligg kring fem millionar kroner under årets budsjett frå 2019 og ut resten av budsjettperioden. I tillegg har klinikken fått innsparingar som ikkje er fordelte. Eit anna signal til tenesta er at prosjektprosessen må avklare det framtidige nivået på ramma.
3. Gjeldande årsbudsjett: Alle delar av Helse Førde har til kvar tid ei økonomisk ramme tildelt i budsjettprosessen og vedteke i budsjett. Dei vedtekne budsjetta baserer seg på grundige vurderingar av ulike og samansette forhold.
4. Innfriing av fastsette prinsipp: Det er mogeleg å nedfelle nokre prinsipp som tenesta skal dimensjoneraast innanfor. Dei mest diskuterte områda i prosjektarbeidet har vore avvikling av heimevakt, og ein gitt prosentvis innfriing av den rettleiande responstida.
5. Halde seg til at ramma ikkje kan låsast: Helse Førde må til ei kvar tid prioritere midlane på ein best mogeleg måte for å innfri krav fastsette i lover, forskrifter, styringsdokument med meir for den totale verksemnda.

Alle nasjonale signal tilseier at det blir mindre ressursar i framtida. Forordet til den nye verksemssstrategien for Helse Vest, Helse2035, er tydeleg på dette:

Ressurstilgangen vil bli strammare i åra som kjem. På same tid vil vi sjå ein vekst i behov og behandlingsmoglegheiter. Vi må derfor balansere behov og moglegheiter opp mot tilgjengelege ressursar på beste måte, og sikre berekraft for dei tenestene vi skal levere i dag, i morgen og fram mot 2035. Det vil krevje prioriteringar.

Helse Førde har ressursar til å løyse alle oppgåvene. Budsjettarbeidet for 2018 var prega av stramme rammer. Også i komande langtidsbudsjettperiode er det lagt opp til måtehald for å kunne gjennomføre naudsynte investeringar og utvikling.

12.4. Kostnadsdrivande faktorar framover

For å kunne gje vurderingar av framtidig økonomisk ramme, har prosjektet sett på kva kostnadsdrivande faktorar som kan gje utslag i åra som kjem. Dei viktigaste er:

- Innfriing av rettleiande responstid på 25 minutt i akutte hendingar i 90 prosent av tilfella
- Avvikling av heimevakt
- Utbetring av stasjonar
- Auka kompetansekrav
- Krav til meir utstyr i ambulansane
- Ytterlegare sentralisering av legevakter og/eller sjukehustilbod
- Endra demografi og sjukdomsbilete

Prosjektet har ikkje vurdert i detalj kva utslag dei ulike drivarane kan få, men basert seg på tidlegare og nye utrekningar og kunnskap om tenesta. Vurderinga er at innfriing av den retningsgjevande responstida vil gje størst utslag. Responstida er ikkje fastsett i lov eller forskrift, men får tidvis stor merksemd.

Tenesta har bevega seg gradvis i retning av avvikling av heimevakt og utbetring av stasjonar dei siste åra. Ei full innfriing av krav og ønskjemål på desse områda vil føre til ytterlegare kostnadsvekst, men ikkje i same grad som ved å innfri responstider. Det same, men i endå mindre grad, gjeld nye kompetansekrav som kjem om nokre år, og krav til meir utstyr i bilane.

Ei ytterlegare sentralisering av sjukehus- og/eller legevaktfunksjonar vil føre til fleire og lengre transportoppdrag for tenesta og kan også medføre endringar ved akutte hendingar. Prosjektet er ikkje kjent med planar for større endringar i denne kategorien.

Helsetenesta bur seg på at det blir fleire eldre med samansett sjukdomsbilete. Den demografiske utviklinga vil også påverke ambulansetenesta.

12.5. Særskilt om rettleiande responstid

Det er ikkje nasjonale krav til responstid for ambulansetenesta, men Stortinget vedtok i 2000 rettleiande responstider for akuttoppdrag. Det visast til kapittel 8 for full omtale. Her konstaterer vi kort at Helse Førde ligg på landsgjennomsnittet, og berre eitt fylke oppnår 90 prosent (Akershus).

12.5.1. Mogelegheit for å nå 90 prosent – SINTEF-rapporten

I 2002 utarbeidde SINTEF ein rapport som skulle synleggjere økonomiske konsekvensar av responstidskrav. Sogn og Fjordane vart framheva som eit fylke som illustrerte noko av dilemmaet ved å innføre slike krav. Det ville krevje 32 bilar i akuttberedskap, der kvar av fylket sine 26 kommunar måtte ha eigen ambulanse. Sjølv med distribusjon i alle kommunar, og under føresetnad av at tenesta var basert på kasernevakt, ville likevel berre 88 prosent av folkesetnaden få ambulanse innanfor dei tilrådde responstidene, føresett at ledig bil er tilgjengeleg.

Helse Førde har både i denne prosjektperioden, og i 2016, grovrekna på kva strukturen SINTEF kalkulerte med ville koste. Begge gongane har vi kome fram til årleg kostnad på om lag 225 MNOK, mot dagens 159 MNOK. Det er i så fall ein vekst på om lag 40 prosent i høve til årets budsjett. I tillegg til dette må det investerast i ti nye ambulansebilar, og sikrast ambulansestasjonar i tråd med dagens krav for ambulansestasjonar.

Det heftar uvisse rundt tala, men det er uansett klart at det blir svært dyrt å bevege seg opp mot målsetjinga om responstid under eller lik 25 minutt i 90 prosent av akuttoppdraga.

12.5.2. Styresignal om tilnærming til responstider

Både styret i Helse Vest og styret i Helse Førde har siste halvanna året hatt saker der responstidene har vore tema. Styret i Helse Vest vedtok følgjande punkt i styresak 141/16:

Helse Vest RHF vil arbeide systematisk for at tid frå 113-oppringning til ambulanse er på hendelsesstad skal vere nærmest mogeleg 12 minuttar (tettbygde strok) eller 25 minuttar (grisgrendte strok) i minst 90 prosent av oppdraga.

Styret i Helse Førde vedtok følgjande punkt våren 2017:

Styret ber om at administrerande direktør i utforminga av mandatet planlegg å utforme ein prehospital teneste som klarer å oppfylle den nasjonale målsetninga, som og Helse Vest har vedtatt, for responstider. Styret ønskjer at Helse Førde ser på responstider samla for foretaket.

Viser til punkt 2 i Helse Vest sitt styrevedtak i sak 141/16 «Ambulansedekning og responstider i Helse Vest».

Samla sett betyr dei to styrevedtaka, slik prosjektet vurderer det, at Helse Førde skal arbeide for å kome tettast mogeleg den retningsgjevande responstida i 90 prosent av tilfella samla for foretaket. Men at det ikkje er noko absolutt krav.

12.6. Avvikling av heimevakt

Ambulansetenesta har rekna på kva det vil koste å avvikle heimevakt. Med dagens struktur vil det koste om lag ni millionar kroner ekstra.

Tabellen inkluderer administrasjonen og syner utslag for årsverk pr stasjon:

Stasjon	2018			Modell - avvikling av heimevakt		
	Årsverk	Døgn	Dag	Årsverk	Døgn	Dag
Administrasjon	10			10		
Nordfjord	40	5	3	46	5	3
Vågsøy	14	2	1	17	2	1
Eid	10	1	1	11	1	1
Stryn	10	1	1	11	1	1
Gloppe	6	1		7	1	
Sunnfjord	45,5	6	1	48,5	6	1
Flora / Svelgen	21	3		21	3	
Ytre Bremanger	4	1		7	1	
Førde/Solund	20,5	2	1	20,5	2	1
Ytre Sogn og Sunnfjord	29	4	1	31	4	1
Fjaler	14	2	0	14	2	
Lavik	5	1		7	1	
Høyanger	10	1	1	10	1	1
Sogn	45	6	2	49	6	2
Vik	7	1	0	7	1	
Sogndal	14	2	0	14	2	
Luster	9	1	1	10	1	1
Lærdal	15	2	1	18	2	1
Årdal	0	0	0	0	0	
Samla tal	159,5	21	7	174,5	21	7
Med årsplan	196,8			214,4		

Figur 12.1 Årsverksendringar ved avvikling av heimevakt.

12.7. Kostnadsreduserande faktorar framover

Prosjektet har også vurdert kva element som kan redusere kostnadene/avlaste tenesta. Tema som har vore vurdert er:

- Revurdere bruk av kompetanse og utstyr på enkle transportoppdrag (kvite bilar)
- Sikre at ambulanse berre blir rekvisert til nødvendige oppdrag, og redusere unødig bruk
- Samarbeid om ressursar helseføretak/primærhelseteneste
- Avklare ansvarsforhold ambulanseteneste/primærhelseteneste
- Endre strukturen for ambulansestasjonane
- Redusere beredskap i lågaktivitetsperiodar
- Ta i bruk kostnadsreduserande teknologi

Det er krevjande å legge om drifta i ei godt etablert teneste med ein fungerande struktur. Prosjektet meiner at desse vurderingane må prioriterast inn i neste fase.


12.8. Nokre økonomiske storleikar

I samband med økonomivurderinga er det sett på nokre storleikar som referansepunkt for ei vurdering av ramme, jamfør figuren til høgre.

Tala tek utgangspunkt i ambulansetenesta.

Fleire av dei er overslag:

- 1 – Det Helse Førde får til tenesta i inntektsmodellen (overslag)
- 2 – Resultat for 2017
- 3 - Ramme signalisert i LTB 2019-2023
- 4 - Endleg budsjett 2018
- 5 - Modell med avvikla heimevakt (overslag)
- 6 – Modell for oppnåing av 25 minutt responstid i 88 prosent av akutte tilfelle (overslag)



Figur 12.2 Referansepunkt for vurdering av ramme.

Det heftar uvisse til stolpe 1, 5 og 6, og aller størst til den siste av dei.

Den reelle avstanden frå stolpe 1 til stolpane 2, 3 og 4 kan vere større enn figuren viser. I budsjett og resultat for ambulansetenesta er ikkje kostnader knytt til drift av stasjonsbygningar eigde av Helse Førde med. Det same er heller ikkje ambulansetenesta sin del av felleskostnader (som administrasjon og støttefunksjonar) i føretaket.

12.9. Inntektsmodellen

I 2013 vart inntektsmodellen revidert for å finne gode kriterium for fordeling av midlar til prehospitale tenester. Gruppa, med deltakarar frå alle føretaka i Helse Vest, vart samde om ein modell som femna om både pasientreiser og ambulansetenesta. Totalt fekk Helse Førde 26 millionar kroner meir enn før.

Matematikken i modellen går på at ein ressursbehovsindeks (sett saman av ein behovsindeks og ein kostnadsindeks) vert gonga med befolkningssdelen til føretaket, og dermed gjev føretaket sin del av summen som er sett av til prehospitale tenester i regionen.

Prosjektgruppa peikar på kompleksiteten bak dette:

De praktiske utfordringene når man skal utforme en modell for fordeling av inntekter er: a) å identifisere hvilke forhold som vil påvirke befolkningens behov for tjenester, b) å identifisere hvilke forhold som vil påvirke helseforetakenes kostnader ved å levere tjenestene og, c) å bestemme hvilken vekt man skal legge på hvert forhold.

12.10. Prioritering mellom det hospitale og det prehospitale

I ei vurdering av kor stor ramme det prehospitale skal ha, må det også inngå ei vurdering opp mot det hospitale. Veksten på prehospitale tenester har vore større enn for det hospitale. Det synest rett ut frå nivået tenestene var på ved overtaking i 2005.

Men vidare ekspansjon på det prehospitale området, utover den generelle inntektsveksten, vil måtte gå på kostnad av det hospitale. Ovanfor er det peika på innfriing av to særskilte punkt. Innfriing av rettleiande responstider kan gje ein auke på om lag 65 millionar kroner, og innfriing av heimevakt kan gje ein vekst på om lag ni millionar kroner.

Det er ikkje mogeleg å peike direkte på kva konsekvensar kutt i same storleik ville gje for hospital drift, men ein kan slå fast at alle kutt er særskilte.

Endringar for å redusere kostnadene, anten det er på det prehospitale eller på det hospitale området er krevjande, noko også budsjettprosessen for 2018 synte. Og prosjektet kan ikkje tilrå å flytte midlar frå det hospitale til det prehospitale området.

12.11. Mogelege scenario

Prosjektet har arbeidd med å framstille nokre mogelege scenario med utgangspunkt i ulike kostnadsstorleikar. Utgangspunktet er dagens budsjett, og det er i tillegg sett på ein dyrare og tre rimelegare variantar. På eit grovt og overordna nivå er det forsøkt å peike på konsekvensar innanfor viktige område. Prosjektet har valt scenario med like store spenn (ni millionar kroner).

Dei fem scenarioa ser difor slik ut:

159 millionar kroner – dagens modell med dagens budsjett

168 millionar kroner – dagens modell med avvikling heimevakt

150 millionar kroner – reduksjon frå i dag og avvikling heimevakt

150 millionar kroner – reduksjon frå i dag og framleis heimevakt

141 millionar kroner – i samsvar med inntektsmodellen og avvikling heimevakt

I alle scenarioa vart det lagt til grunn at tenesta jobbar omtrent som i dag. Det vil seie at det for eksempel ikkje er lagt til grunn ein mogeleg kostnadsreduserande faktor som bruk av «kvite bilar». Det er heller ikkje lagt til grunn andre kostnadsdrivande faktorar, som for eksempel nye stasjonar for å lukke avvik av Arbeidstilsynet. Dei fem scenarioa vart lagt til grunn i ROS-analysen i kap. 13.

12.12. Oppsummering og vurdering

Ambulanstenesta brukar noko meir midlar enn det inntektsmodellen tilfører Helse Førde på det prehospitalte området. Avvikling av heimevakt og utbetring av stasjonar vil forsterke biletet. Ei innfriing av responstidsmålsetjinga vil bety ein svært sterk vekst i kostnadene, vurdert til om lag 65 millionar kroner.

Det er ikkje å vente at helsetenestene samla sett får meir midlar i framtida. Mange fagfelt treng også større ressursar intrahospitalt. I 2018 har t.d. føretaket auka budsjettet for nye dyre medikament (kreftbehandling med meir) med om lag 30 mill., og ein ventar vidare kostnadsvekst her.

Betre oppnåing når det gjeld responstider, og endring av vaktordningar må gå i takt med kostnadsreduserande tiltak. Noko anna ville innebere omfordelingar og nedskjeringar på hospital drift.

Ambulanstenesta har fått tildelt ei ramme på 154 millionar kroner årleg i langtidsbudsjettet for 2019 til 2023, og må også leggje til grunn at dei skal ta sin del av generelle innsparingar. Det, inntektsmodellen, og at prosjektprosessen må avklare framtidig ramme, er styringssignal som må ligge til grunn for fase 2 av prosjektet.

13. Samla vurdering av status for dei prehospitale tenestene

13.1 Gapanalyse

Den prehospitale tenesta blir regulert, som den øvrige helsetenesta, av ei omfattande mengd lover og forskrifter (Jf. kapittel 4). Dertil regulerer delavtalane mellom helseføretaka og kommunane spesifikke forhold partane imellom. I tillegg må partane forholde seg til ulike nasjonale tilrådingar og faglege føringar.

Prosjektgruppa har identifisert det gruppa meiner er dei viktigaste paragrafane, avtalane og føringane som regulerer tenesta som utgangspunkt for ein gap-analyse. Desse er det referert til utover i rapporten. Gap-analysa seier altså noko om korleis status er i dag for dei ulike punkta. Dersom ein på nokre punkt finn å ikkje vere der som ein bør vere, så blir det altså påvist eit gap (= forbetringspotensiale).

Lov- og forskriftskrav er oppfatta til å vege tyngst og er markert raudt i figuren nedanfor. Dinest kjem avtalerettslege forhold, markert oransje, og tilrådde føringar (markert grønt). Prosjektet har analysert ansvarsområde for både spesialisthelsetenesta og kommunane.

Nummer	Oppgåve	Heimel	Kommune	Helseføretak
1	Etablere og drifta legevaktsentral	Helse- og om sorgstenestelova § 3.2 pkt 3, Akuttm edisinforskriften §12	x	
2	Etablere og drifta legevaktstasjon	Helse- og om sorgstenestelova § 3.2 pkt 4, Akuttm edisinforskriften § 6	x	
3	Etablere og drifta AMK	Spes.helsetenestelova § 2-1a Akuttm edisinforskriften § 14, §15		x
4	Drite ambulansetenesten; akuttm edisinsk utrykning og sykrettransport	Spes.helsetenestelova § 2-1a, Akuttm edisinforskriften §10		x
5	Sørge for transport av helsespersonell frem til de pasienter som sjølv ikkje kan komme til felles behandlingssted	Helse- og om sorgstenestelova § 5-1, Akuttm edisinforskriften §6c	x	
6	Samordning av sjukrettransport til sjøs med transport av helsespersonell til sjøs	Forskrift om ambulansebåttenesten §1	x	x
7	Yte hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, blant annet rykke ut umiddelbart når det er nødvendig	Akuttm edisinforskriften §6c	x	
8	Plikt til å motta pasienter som trenger øyeblikkelig hjelp (med mindre institusjonen vet at nødvendig hjelp vil bli ytet av andre som etter forholdene er nærmere til å yte den i tide)	Spes.helsetenestelova § 3-1		x
9	Plikt til å sørge for rett kompetanse i ambulansetenesten	Akuttm edisinforskriften §11		x
10	Plikt til å sørge for rett kompetanse i legevaktsstenesten	Akuttm edisinforskriften §7	x	
11	Sikre arbeidstidsordninger som ikkje utsetter arbeidstakeme for uheldige fysiske eller psykiske belastninger	AML §10-2	x	x
12	Føljeteneste med jordmor for gravide/fødande	Akuttm edisinforskriften §10		x
13	Felles øvelser / samtrening av helsespersonell i den akuttmedisinske kjeden	Akuttm edisinforskriften §6	x	x
14	Akutthjel til gravide og fødande	Delavtale punkt 5.5	x	
15	Utredning av lokal akutthjelpar-ordning	Delavtale punkt 9.2	x	
16	Veil. responstid for ambulansen ved akutte hendelser i grisgrenzte strøk: 90% innen 25 min	St.meld. nr. 43 (1999–2000) Om akuttmedisinsk beredskap, styrevedtak Helse RHF		x
17	Veil. responstid ved utrykning frå legevakt: 95% innen 45 min	NOU 2015: 17 Først og fremst	x	
18	Veilende avstand: 90 pst. av befolkningen i hvert legevaktdistrikt skal ha maksimalt 40 minutters reisetid til nærmeste legevaktstasjon	NOU 2015: 17 Først og fremst	x	

	Lov- og forskriftskrav
	Avtaler
	Føringer og anbefalinger

Figur 13.1 Opplisting av krav og føringar i gap-analysa.

13.1.1. Lov og forskriftskrav

For **punkta 1-6, 8 og 12** er det prosjektgruppa si oppfatning at tenestene gjennomgåande fungerer godt. Ved ein gjennomgang av avviksmeldingar i perioden 2015 – 2017 (sjå kapittel 8) er det ikkje haldepunkt for systematiske feil eller manglar i dei 607 registrerte sakene. I forhold til talet på ambulanseoppdrag er dette få saker. Prosjektgruppa understreker at det er viktig å ha fokus på meldekulturen i føretaket også framover slik at arbeidet med kontinuerlig forbetring av tenestene kan halde fram.

For **punkt 7**, som omhandlar kommunane si plikt til å yte hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar, blant anna rykkje ut straks det er nødvendig, viser vår gjennomgang at det er store variasjonar i fylket. Ein gjennomgang i perioden oktober 2017 – januar 2018 viser at det for om lag ein tredjedel av kommunane i Sogn og Fjordane i praksis ikkje vert rykt ut til frå den kommunale legevakta; sjå kap. 7.

Trenden er også eintydig at deltaking i interkommunalt legevaktssamarbeid er negativt sett i høve til tal utrykkingar frå legevaktenesta. Det er dei kommunane som ligg lengst vekk frå den interkommunale legevaktstasjonen som sjeldnast rykkjer ut, men også sentralt i dei større legevaktsområda er utrykkingsprosenten vesentleg lågare enn i dei kommunane som driv eiga legevakt.

Med omsyn til **punkt 9 og 10** i gap-analysa møter både helseføretaka og kommunane skjerpa kompetansekrav i åra som kjem. Helse- og omsorgsdepartementet vil (slik prosjektet har fått det formidla) forlenga overgangsordningane knytt til akuttmedisinforskrifta fram til 2021. Dette gjeld kompetansekrav til kommunale legevaktlegar. For kompetansekrava for ambulansetenesta blir også overgangsordninga forlenga til 2022. Like fullt vil kompetansekrava til begge partar gjere det ytterlegere krevjande å oppretthalde ein desentralisert struktur for både legevaktstenesta og ambulansetenesta i åra etter dette.

Med omsyn til **punkt 11** har Helse Førde HF eit gap i høve brot på arbeidsmiljølova. Særleg gjeld dette dei ambulansestasjonane som i dag er organisert med heimevakt. I praksis medfører heimevaktssordninga brot på AML då kvar utrykking inneber planlagd overtid. Heimevaktssordning inneber ikkje brot på akuttmedisinforskrifta då det er unntak for å kunne nytte heimevakt ved stasjonar med låg aktivitet.

For **punkt 13** kan prosjektgruppa ikkje sjå at det systematisk foregår samtrening mellom ambulansetenesta og den kommunale legevaktstenesta i fylket. Prosjektgruppa oppfattar at dette er eit særsviktig område å prioritere i tida som kjem, ref. aktuelle paragraf i akuttmedisinforskrifta samt §6e i forskrift om leiring og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.

13.1.2.. Delavtaler

Prosjektgruppa har grunn til å tru at **punkt 14 og 15** knytt til delavtalar med kommunane på mange punkt fungerer godt, jf. gjennomgangen av avviksmeldingar i perioden 2015 -2017 knytt til samhandling. Like fullt svarde berre eit fåtal av tolv kommuner i fylket at dei har utgreidd akutthjelparordningar.

13.1.3 Nasjonale føringar

Punkt 16 i gap-analysen er ei fagleg føring som normalt sett får mykje merksemd i media. Helse Førde HF konstaterer også at styret i Helse Vest RHF i 2017 bad føretaka i regionen om å arbeide systematisk for å kome så nær opp til dette målet som mogeleg.

For perioden 2016 nådde ambulansetenesta i Helse Førde HF fram innan 25 minutt i 81 prosent av dei raude responsane heile fylket under eitt. Førde er den kommunen som har høgast del turar med responstid under 25 minutt (96,3 prosent) mens Balestrand har den lågaste delen (33,3 prosent).

Ein nærmare gjennomgang av responstider er gjort i kapittel 8.

Like fullt er det verd å merke seg at **punkt 17** tilsvarande rår til responstider for den kommunale legevaktstenesta. Med ein så låg utrykkingsgrad som kjem fram i kapittel 7, har imidlertid prosjektgruppa ikkje sett nærmare på dette.

Kva gjeld reisetid til legevaktstasjon på kveld, natt og helg (**punkt 18**) legg prosjektgruppa til grunn at fleire kommunar har lengre reiseveg til legevakta enn 40 minutt for publikum, og nokre vesentleg lengre.

13.1.4. Samla vurdering

Det er prosjektgruppa sitt syn at dei prehospitalte tenestene i Sogn og Fjordane i stor grad etterlever dei krav som er sett til tenestene. Like fullt er det nokre klare forbetningsområde:

Lover og forskrifter:

- Etablering av interkommunale legevakter ser ut til å redusere utrykking frå legevaktstasjonen monaleg, samanlikna med dei kommunane som driv eiga legevakt.

Dette gjeld også i sentralt plasserte kommunar og vertskommunane. Dei perifere kommunane i slike samarbeid har i praksis ikkje tilbod om utrykking frå legevakta. Det er vanskeleg for prosjektgruppa å sjå at denne variasjonen kan forklarast ut frå ulike medisinske behov for pasientane i dei ulike kommunane. Einskilde kommunar har gitt uttrykk for at det er mindre nødvendig å rykkje ut der ambulansen kjem først fram, men det er prosjektgruppa sitt syn at det er alvorsgraden av sjukdom eller skade som definerer kor naudsynt det er med akutt legehjelp.

- Heimvaktordninga til Helse Førde HF førar til systematiske brot på AML.
- Rutinar for samtrening mellom Helse Førde HF og kommunane kan bli betre.

Avtalar:

- Berre nokre av kommunane har greidd ut ei ordning med akutthjelparar.

Nasjonale faglege føringar:

- Samla sett i fylket er responstida til ambulansetenesta akseptabel, men det er kommunar i fylket der tenesta har lang responstid og der supplerande løysingar bør etablerast i samarbeid med kommunane.
- Responstid for legevaktutrykking kan klart betrast all den tid utrykkingsgraden er så låg som den er.
- I fleire kommunar i fylket har pasientar lenger reiseveg enn 40 minutt til legevaktstasjon.

Oppsummert meiner prosjektgruppa å kunne påvise at både Helse Førde HF og kommunane har utfordringar med åleine å kunne etterleve krava sett i lov og forskrifter, avtalar og nasjonale føringar. Prosjektgruppa trur derfor løysinga på dette må bli enda tettare samarbeid i den prehospitalen tenesta mellom helseføretaket og kommunane. Prosjektgruppa finn arbeidet mot ein eventuell søknad for legevaktpilot spennande. Målsetjinga bør då i tilfelle vere å betre nokre av dei svake punkta tenesta samla sett har i dag, særleg sett frå ståstadens til innbyggjarane i ytterkantane av dei store legevaktområda. Dette er område med lang reiseveg til legevakt og som har ein låg utrykkingsfrekvens frå legevaktstenesta. I nokre tilfelle fell desse områda også saman med område der ambulansen har problem med å nå fram innan tilrådd responstid.

14. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved ulike økonomiske scenarier for ambulansetenesta

14.1. ROS-analyse

Prosjektgruppa har teke utgangspunkt i fem ulike økonomiske scenario for dei prehospitale tenestene i Helse Førde HF, sjå kapittel 12 om økonomi.

Dei fem scenaria har følgjande rammer:

1. 141 mill: Inntektsmodellen frå Helse Vest RHF og avvikla heimevakt
2. 150 mill: Avvikling heimevakt
3. 150 mill: Heimevakt som i dag
4. 159 mill: Svarande til budsjett 2018
5. 168 mill: Svarande til dagens drift samt avvikling av heimevakt

Prosjektgruppa har vidare vurdert fem ulike risikoområde for kvart av dei ulike økonomiske scenarioa. Også andre risikoområde var vurdert å ta med, til dømes påverknad på samhandling med kommunar. Pga. trøngen for å avgrense, valde ein likevel å halde seg til desse fem risikoområda. Modellen ein har nytta for analysen framgår av figur 14.1:




Fig. 14.1: Modell for ROS-analysen.

For å konkretisere ulike forhold ved dei ulike økonomiske scenarioa arbeidde først ei mindre gruppe med å illustrere kva dei ulike økonomiske storleikane vil seie kvantitativt for tenesta; sjå figur 14.2:

	159 millionar (budsjett 2018)	168 millionar (avvikling heimevakt)	150 millionar (med heimevakt)	150 millionar (avvikling heimevakt)	141 millionar (avvikling heimevakt og inntektsmodell)
Stasjonar	17	17	15	14	14
Døgnbilar	21	21	18	17	16
Dagbilar	7	7	9	8	5
Årsverk	197	214	180	180	165
Volum pr. tilsett	●	●	●	●	●
Responstid	●	●	●	●	●
Beredskap	●	●	●	●	●
Samtidskonflikter	●	●	●	●	●
AML-forhold	●	●	●	●	●

Fig. 14.2: Førebuande ROS-analyse gjennomført av nokre prosjektgruppemedlemmer. Forklaring i teksten.

Gruppa tok føre seg dei fem scenarioa, og ut i frå budsjett prøvde dei å stipulere kva det ville bety for tal stasjonar, døgnbilar, dagbilar og årsverk. Etterpå vart det sett på kva dei ulike scenarioa ville ha å seie for dei fem ulike risikoområda. Med utgangspunkt i dagens tilbod (budsjett 2018) vil ein sterke grønfarge indikere ein positiv trend, medan ein sterke orange/rød farge vil indikere negativ trend. Tanken bak fargene i kulene er som følgjer:

Volum per tilsett fortel kor mange turar og oppdrag kvar einskild tilsett får høve til å delta på. Gruppa ser det som positivt at dei tilsette får øving gjennom mange oppdrag, og ikkje brukar for mykje av tida på å vere i beredskap. Difor har modellane med færrest tilsette grønast farge.

Responstida er vurdert som forsvarleg i dag. Den vil bli betre med fleire tilsette og bilar og därlegare i modellane med færrest tilsette. Avvikling av heimevakt vil også influere positivt på responstid, då personalet kan rykkje raskare ut.

Beredskapen er vurdert som god i dag. Den vil bli svekka med færre tilsette og færre bilar.

Samtidskonfliktar er det få av med dagens organisering og ressursbruk. Det vil bli fleire av desse situasjonane med færre bilar og tilsette.

AML-tilhøva vil bli betre med avvikling av heimevakt, som er eit grunnlag for AML-brot.

Det er viktig å påpeike at vurderingane ovanfor ikkje er absolutte. Mest av alt syner dei i kva retning ulike faktorar vil bli påverka ved dei ulike økonomiske scenarioa. Vurderingane er baserte på skjønn, og kan ikkje tolkast slik at raudt er uakzeptabelt eller at heilgrønt er perfekt.


Etter at den mindre gruppa hadde gjort sine vurderingar, så gjorde den samla prosjektgruppa ei vurdering av risikoområda ut frå følgande faktorar, sjå tabell 14.1:

Risikoområde	Vurderingsgrunnlag
Fagleg kvalitet	<ul style="list-style-type: none"> Tilstrekkeleg aktivitet og volum til at ambulansepersonell på kvar lokasjon sikrast vedlikehald og utvikling av praktiske ferdigheiter og vurderingskompetanse Responstid i tråd med nasjonale og regionale anbefalingar Samtidskonflikter/beredskap Mortalitet (dødelegheit)
Pasienttilfredsheit	<ul style="list-style-type: none"> Rett hjelp til rett tid Kjennskap til sjukehistorie Føreseielegheit
Medarbeidarkvalitet	<ul style="list-style-type: none"> Rekrutteringsevne (attraktivt familjø, arbeidsmiljø, bomiljø, nærliek til samfunnsfunksjonar) Medarbeidertilfredsheit
Lovkrav	<ul style="list-style-type: none"> Etterleving av AML Korrekt kompetanse i ambulansen
Økonomisk berekraft	<ul style="list-style-type: none"> Medfører kutt i pasienttilbod i kliniske avdelingar på sjukehusa Oppseiing av tilsette Naudsynte inversteringar

Tabell 14.1: Risikoområde i prosjektgruppa si ROS-analyse


Prosjektgruppa si vurdering av dei ulike faktorane kjem fram av dei tilhørande figurane under. Dersom alle kulene (merka frå 1-5) hadde hamna i den øvste høgre boksen så hadde risikoen med modellen vore vurdert som svært høg. Motsett hadde den blitt vurdert som svært låg, viss alle kulene hadde hamna i den nedste venstre boksen:

159 millionar (budsjett 2018):




I den breitt samansette prosjektgruppa si vurdering av dagens modell hamna dei fleste faktorane i den midtre firkanten. Risikoen vart vurdert som størst på området «Manglende økonomisk berekraft» og minst på «Pasienttilfredsheita vert uakseptabel».

168 millionar (avvikling heimevakt):




Den dyraste modellen, som betyr avvikling av heimevakt med dagens struktur, vart vurdert som lite risikofull på alle punkt utanom økonomi. Faktorane 1-4 flytta seg alle nedover og til venstre i høve til dagens modell. Manglende økonomisk berekraft flytta seg litt oppover mot firkanten til høgre. Dette er den einaste modellen der hovudvekta av faktorane ikkje er samla i den midtre firkanten.

150 millionar (heimevakt som i dag):




Denne modellen betyr færre bilar, stasjonar og tilsette, og heimevakt som i dag. I høve til dagens organisering vert den vurdert som meir risikofull på alle område utanom økonomi. Det er faktorane medarbeidarkvalitet og lovbrott som skårar därlegast i modellen. Alle faktorane er i hovudsak plassert innanfor den midtre firkanten i figuren.

150 millionar (avvikling av heimevakt):



Denne modellen gjev endå færre stasjonar og bilar, men altså tilsette på stasjonane til ei kvar tid når dei ikkje er ute på oppdrag. I høve førre modell, og dagens modell, flyttar risikoen for at «Medarbeidarkvaliteten fell til eit kritisk nivå» seg markant nedover og til venstre. Derimot så har prosjektgruppa vurdert at faren for «Uakseptabel fagleg kvalitet på ambulanstenesta» aukar noko.

141 millionar (avvikling av heimevakt + inntektsmodell):



Denne modellen betyr endå færre bilar, stasjonar og tilsette og gjev dårlegast skår av alle scenarioa på fagleg kvalitet og pasienttilfredsheit. Det er likevel ingen av faktorane som er vurdert til å vere i den øvste høgre firkanten. Det er også den modellen som, naturleg nok, gjev best skår på økonomisk berekraft.

14.2 Oppsummering

Gjennomføring av GAP-analyse og risikovurdering har vore eit nyttig arbeid for prosjektgruppa. Det er likevel ikkje slik at konklusjonane er så tydelege og omforeint at ein kan sette to strekar under svaret. Som for informasjon og synspunkt i resten av rapporten, må dette vere med som eit av fleire grunnlag i den vidare detaljeringa av tenestene i fase 2.

Oppsummert vurderer prosjektgruppa det som mest risikabelt å gå til ytterkantane av dei fem modellane. Økonomisk sett er prosjektgruppa tydeleg på at ei vidare auke av dagens budsjett for tenesta til 168 millionar ikkje kan sjåast som berekraftig. Til dømes fordi det kan gje negative ringverknader innomhus på sjukehusa. Det vert vurdert som risikabelt for kvalitet og pasienttilfredsheit dersom scenarioet på 141 millionar i årleg budsjett vert lagt til grunn. Det risikomessige akseptable ser (ut frå prosjektgruppa sin analyse) difor ut til å ligge ein stad mellom modellane på 150 og 159 millioner, med dei føresetnader som vart lagt inn i dei før risikovurderinga.

Det er viktig å merke seg at scenarioa som vart laga er baserte på dagens måte å drive ambulanstenesta på. Dersom etablering av til dømes «kvite bilar» (sjå kapittel 11) fører til at fleire transportar kan gjerast på ein rimelegare måte, så kan tenesta i alle fall teoretisk, skape meir og betre beredskap for pengane. Arbeidet med å finne og hente ut slik vinstar må blir ein viktig del av neste fase i prosjektet.

15. Vegen vidare

Fase 1 av prosjekt prehospitale tenester har vore ein viktig kartleggingsfase. Fleire sider av tenesta og kontaktpunkta både mot kommunane og det hospitale er utgreidde. Fase 1 har også vore viktig for å etablere ein samarbeidsplattform mellom Helse Førde, kommunane og fastlegane i det vidare arbeidet.

Då prosjektet si innleiande fase vart planlagt våren 2017, var tanken at fase 2 skulle vere ei detaljering av modellar for dei prehospitale tenestene. Det vil i praksis bety ei utgreiing av struktur med tal bilar og stasjonar, men også samarbeidsformer og arbeidsmåtar. Det er prosjektgruppa si oppfatning at arbeidet i fase 1 gjev eit grunnlag for å gå vidare med fase 2 som tenkt.

Prosjektet har lagt stor vekt på samarbeidet med kommunane i fase 1, jamfør delmål 2 for prosjektet:

Sikre ei god plattform for open og tillitsfull dialog med kommunane i fylket slik at Helse Førde HF og kommunane kan einast om primære ansvarsområde i den akuttmedisinske kjeda.

Kommunane i Sogn og Fjordane vurderer no å søkje om å få gjennomføre ein nasjonal legevaktpilot i fylket. Dersom ei gruppe av dei, eller alle, skulle bli utpeika som pilot, så er det naturleg og nødvendig å koordinere arbeidet i ein fase 2 med legevaktpiloten. Som rapporten viser, er det sterke samanhengar mellom kommunane sine legevakter og dei prehospitale tenestene i Helse Førde. Samhandlinga mellom dei to nivåa må ha ein sentral plass i det vidare arbeidet.

Kommunane må leie arbeidet med ein eventuell legevaktpilot, og Helse Førde må leie arbeidet med å utforme sine prehospitale tenester. I begge arbeida er det naturleg at høvesvis kommunane og Helse Førde er tungt involvert. Korleis dette kan samordnast må diskuterast når kommunane har fått svar på ein eventuell søknad. Det vil truleg skje i løpet av sommaren. Helse Førde vil kunne starte ein fase 2 hausten 2018.

Uavhengig av diskusjonane omkring ein eventuell legeaktspilot i fylket, så har det utkrystallisert seg ein del tema som prosjektgruppa rår til blir teke med til vidare arbeid i fase 2. Nær alle tema påverkar eller blir påverka av dei økonomiske rammetilhøva som seinare vil bli avgjort for tenesta. Nokre tema er med på lista fordi dei representerer rom for kostnadsreduksjon. Desse kan då skaffe vidare rom for andre prioriterte tiltak og utvikling.

Nokre hovudgrupper av tema er gjevne att i tabellen nedanfor.

Tabellen må ikkje oppfattast som ei uttømmande liste. Også i høyringsrunden kan her kome innspel på tema som ein finn det viktig å ta med i fase 2-mandatet.

Tema til vidare arbeid i fase 2		
Tema	Utfyllande kommentarar	Omtalt i prosjektrapport
Mogelegheiter i høve bemanning	<ul style="list-style-type: none"> - Optimalisering av arbeidstidsplanlegging (t.d. kalenderplanlegging) - Vurdere framtidige vaktordningar - Evaluere vikarpool i ambulansetenesta - Evaluere standby-crew i ambulansetenesta - Evaluere bruk av AMK-personale på dagbil 	5/11/12
Framtidig behov for og struktur for ambulansetenester	<p>Modellering av framtidig ambulansestruktur samla og områdevise:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lokalisering stasjonar - Dimensjonering tenesta - Simulering responstid m.m. <p>Sjå ambulansetenestene opp mot dei kommunale prehospitalenestene</p>	6/7/10/12
Faglegheit og utvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere standardar for fagleg nivå no og framover 	5
Sjå på mogelegheiter for felles styringsdata for prehospitalenestene (helseføretaket og kommunane)	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikle kvalitetsindikatorar? - Vurdere felles og tettare kvalitetsoppfølging 	7
Organisering av ambulansetenesta	<ul style="list-style-type: none"> - Utgreie ny organisering av ambulansetenesta og Pasientreiser for betre samhandling - Vurdere organisering 	9, 6,5,

	internt i ambulansetenesta (område, leiing, fagutvikling med meir)	
Akutthjelparordningar	I lag med kommunane	7/11
Sjå på mogelegheit for meir differensierte løysingar for transportoppdrag	<ul style="list-style-type: none"> - Utgreie om grunnlag for kvite bilar og eventuelt arbeide fram forslag til løysing - Utgreie om grunnlag for helseekspress 	9/12
Nye arbeidsmåtar	<ul style="list-style-type: none"> - Bruk av telemedisin/teknologi mellom ambulanse og legevakter, ambulanse og sjukehus 	12
Samhandling	<ul style="list-style-type: none"> - Utgreie tidsbruk for ambulansar på sjukehus og legevakt, sjå på mogelegheit for endring - Utgreier mogelegheit for betre felles rutinar 	9

Liste over vedlegg:

1. Mandat for prosjekt Prehospital plan, fase 1
2. Interessentanalyse frå mandatarbeidet
3. Revidert ROS-analyse frå 26.11.17
4. Veileder for arbeidet med utviklingsplaner
<https://helse-midt.no/Documents/2016/Veileder%20utviklingsplaner%20end.pdf>
5. Revisjonstabell for kvalitetssikring av utviklingsplanar
6. Program akuttmedisinsk konferanse 09.01.18
7. Delavtale mellom HFD og kommunane «Samarbeid om den akuttmedisinske kjeda»
<https://samhandling-sfj.no/wp-content/uploads/2016/10/Delavtale-om-den-akuttmedisinske-kjeda.pdf>
8. Døme på pasientforløp nytta i diskusjonar i prosjektet
9. Statusrapport stasjonstilhøve til Arbeidstilsynet per 12.03.18

Referanseliste:

1) Styresak 065/2016;

<https://helse-forde.no/Documents/Sak%20065-2016%20-%20Modell%20for%20bil%20og%20b%C3%A5tambulansetilbodet%20i%20omr%C3%A5de%20s%C3%B8r.pdf>

2) Styresak 046/2017;

<https://helse-forde.no/Documents/Sak%20046-2017%20Prosess%20for%20det%20prehospital%C3%A5re%20omr%C3%A5det.pdf>

3) Styresak 068/2017;

<https://helse-forde.no/Documents/Sak%20068-2017%20Mandat%20for%20prosjekt%20prehospital%C3%A5re%20tenester.pdf>

4) Helse- og omsorgstenestelova;

<https://lovdata.no/lov/2011-06-24-30>

5) Spesialisthelsetenestelova;

<https://lovdata.no/lov/1999-07-02-61>

6) Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta;

<https://lovdata.no/forskrift/2016-10-28-1250>

7) Akuttmedisinforskriften;

<https://lovdata.no/forskrift/2015-03-20-231>

8) St.melding 43 (1999-2000) «Om akuttmedisinsk beredskap»;

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-43-1999-2000-/id193493/>

9) NOU (2015) «Først og fremst»

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-17/id2465765/>

10) Field JM et.al.: 2010 American Heart Association
on Guidelines for Cardiopulmonary Resuscitation and Emergency Cardiovascular Care.
Circulation. 2010;122(18 Suppl 3):S640

11) Norsk resuscitasjonsråd: Norske retningslinjer for hjarte-lungeredning.
<http://nrr.org/index.php/no/retningslinjer/norske-retningslinjer-2015>

12) Kellum MJ et.al.: Cardiocerebral resuscitation improves neurologically intact survival of patients with out-of-hospital cardiac arrest. Ann Emerg Med. 2008;52(3):244.

13) Rørtveit, Meland og Hunskår (2013): Changes of triage by GPs during the course of prehospital emergency situations in a Norwegian rural community. Scand. Journal of Trauma, Resuscitation and Emergency Medicine 2013, 21:89

14) Momyr, Kindt: Akuttmedisinske hendelser utenfor sykehus (2011). Hovedoppgave i medisin. Trondheim, NTNU.

15) Hjortdahl, Zakariassen et. al.(2014): The role of general practitioners in the prehospital setting, as experienced by emergency medicine technicians: a qualitative study. Scandinavian Journal of Trauma, Resuscitation and Emergency Medicine.

16) Helse- og omsorgsdepartementet: Oppdragsdokument 2018

<https://www.regjeringen.no/contentassets/bd8a11644b744dec8a8dc452794000e4/oppdragdokument-2018-helse-vest-rhf.pdf>

17) Helsedirektoratet: Sammen redder vi liv – strategidokument:

<https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/sammen-redder-vi-liv-strategidokument>